



Solund kommune

Innkalling

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Nord Solund Bygdetun
Dato:	02.10.2025
Tid:	Kl. 09:30

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til kommunestyre møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Solund kommune

25.09.2025

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
039/25	Godkjenning av møteprotokoll	
040/25	Skriv og melding	
041/25	Alternativt tiltak, vegtrase, Klubben	
042/25	Tertailrapport nr. 2. 2025	
043/25	Budsjettendringar 2. tertial 2025	
044/25	Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2024/2025	
046/25	Vedtak - Retningslinjer kulturmidlar	
047/25	Høyring – Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune	
048/25	Høyring - Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune	
049/25	Vedtak temaplan for klima, energi og naturmangfald	
050/25	Vidare arbeid med nytt kommunehus	
051/25	Prosjektgruppe Hamnesentrum – avklaring mandat	
052/25	Ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet – val av lokasjon	
053/25	Veglys Skoterokkvegen	
054/25	Fritak politiske verv	
055/25	Suppleringsval til kontrollutvalet 2023 - 2027	
056/25	Suppleringsval til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027	

Det vert også fylgjande orienteringar:

Status i Solund Næringsbygg AS v/ Styreleiar Øyvind Kråkås

Status utbetringar Solundheimen v/ Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt

Synfaring på Hersvik kai



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 25/820
JournalpostID: 25/3040
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 25.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
039/25	Kommunestyre	02.10.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saka:

29.07.2025 Møteprotokoll - Kommunestyre - 12.06.2025



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Grendahuset
Dato: 12.06.2025
Tid: Kl. 10:00 - 13:00
Saksnr.: 025/25 – 039/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Kenneth Sæbø	H
Øystein Olai Espeland	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Sara Tunestveit	SP
Øyvind Losnegard	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	Randi Cecilie Odéen	AP
Sigve Lerpold	AP		
Anita Lien Einen	H	Even Bjørøy	H
Per Daniel Losnegård	SP	Manuela Gjata	SP

Ugild	Sak	Varamedlem	Merknad
Gunn Åmdal Mongstad	038/25	,	
Øyvind Losnegard	038/25	,	

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad
John Sigfred under sak 038/25

Møteinncalling:	Innkalling datert 6. juni 2025
Kunngjering:	Heimeside

Frå administrasjonen møte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen Leiar for Oppvekst og kultur Øystein Bolset Strand Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer Rådgjevar Nikolai Stølsvik (til og med sak 033/25)
Permisjon frå møte:	Representanten Manuel Gjata møtt 11.00
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Kenneth Sæbø og Sara Tunestveit vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Ordførar Gunn Åmdal Mongstad orienterte dialog med Vestland fylkeskommune vedrørende framlegg om å erstatte ferjeanløp til Losna med båtrote. Saka har vore handsama i Fylkesutvalet og er førebels ikkje endeleg avgjort. Årsaka til framlegget er behov for ny kai til ein kostnad på om lag 60 mill.
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
025/25	Godkjenning av møteprotokoll
026/25	Skriv og melding
027/25	Årsmelding 2024
028/25	Årsrekneskap 2024
029/25	Tertialrapport nr. 1. 2025
030/25	Oppmodning om tilbaketrekking av søknad til post 60, Kystverket
031/25	Alternativ vegtrasè - Klubben Bustadfelt
032/25	Rehabilitering / Etterisolering av Solundheimen
033/25	Budsjettendringar 1. tertial 2025
034/25	Økonomiplan 2025 - 2028
035/25	Drøftingssak Bygdevekst handlingsplan 2025
036/25	Endring av namn Solund barne- og ungdomsskule
037/25	Fullmakt til å signere avtalar om Utvær fyrstasjon
038/25	Oppløysing av Solund bustadstifting
039/25	Generalforsamling i Solund Næringsbygg AS

Underskrifter:

025/25: Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 025/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 3. mars 2025 vert godkjent.

026/25: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Framlegg om tillegg frå SP /v John Sigfred Hugøy

Skriv 2 Innkalling til årsmøte i Solund Næringsbygg AS vert satt på saklista med saksnummer 039/25

Votering:

Framlegget om tillegg frå SP vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med vedteke tillegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 026/25 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Skriv 2 Innkalling til årsmøte i Solund Næringsbygg AS vert satt på saklista med saksnummer 039/25

027/25: Årsmelding 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2024 til vitende.

Handsaming i Administrasjonsutval 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 005/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2024 til vitende.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 035/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2024 til vitende.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 027/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2024 til vitende.

028/25: Årsrekneskap 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2024 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 24.028.693,- i overføring til investering, 26.961.053,- i bruk av disposisjonsfond og 4.798.112,- i avsetnad til disposisjonsfond er forskriftsmessig er strøket.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at 2.176.409 i bruk av lån, 24.027.960,- i overføring frå drift og 599.593, i bruk av ubunde investeringsfond. forskriftsmessig er strøket.

Handsaming i Administrasjonsutval 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 004/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2024 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 24.028.693,- i overføring til investering, 26.961.053,- i bruk av disposisjonsfond og 4.798.112,- i avsetnad til disposisjonsfond er forskriftsmessig er strøket.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at 2.176.409 i bruk av lån, 24.027.960,- i overføring frå drift og 599.593, i bruk av ubunde investeringsfond. forskriftsmessig er strøket.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 034/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2024 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 24.028.693,- i overføring til investering, 26.961.053,- i bruk av disposisjonsfond og 4.798.112,- i avsetnad til disposisjonsfond er forskriftsmessig er strøket.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at 2.176.409 i bruk av lån, 24.027.960,- i overføring frå drift og 599.593, i bruk av ubunde investeringsfond. forskriftsmessig er strøket.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 028/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2024 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 24.028.693,- i overføring til investering, 26.961.053,- i bruk av disposisjonsfond og 4.798.112,- i avsetnad til disposisjonsfond er forskriftsmessig er strøket.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at 2.176.409 i bruk av lån, 24.027.960,- i overføring frå drift og 599.593, i bruk av ubunde investeringsfond. forskriftsmessig er strøket.

029/25: Tertialrapport nr. 1. 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2025 for Solund kommune til vitende.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 036/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2025 for Solund kommune til vitende.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 029/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2025 for Solund kommune til vitende.

030/25: Oppmodning om tilbaketrekking av søknad til post 60, Kystverket

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen trekk sin søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreia og ny søknad klar i 2026.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Representanten Andreas Færøy Gåsvær bad formannskapet vurdere om han er ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Formannskapet fann representanten Andreas Færøy Gåsvær ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte under saka.

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre syner til K-sak 016/25 og trekker søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreidd og ny søknad klar i 2026.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 037/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre syner til K-sak 016/25 og trekker søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreidd og ny søknad klar i 2026.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 030/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre syner til K-sak 016/25 og trekker søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreidd og ny søknad klar i 2026.

031/25: Alternativ vegtrasè - Klubben Bustadfelt**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Solund kommunestyre ber administrasjonen avslutte arbeidet med alternativ 3, og ber kommunedirektøren utgreie originalt alternativ 1 der det vert jobba vidare med eksisterande vegtrase og ei betre løysing for avkøyring til gbnr 26/146.

Spørsmål knytt til plan og bygningsloven må utgreiast nærare og kommunedirektøren kjem tilbake med sak til kommunestyret 3. tertial 2025.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:*Votering:*

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 038/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre ber administrasjonen avslutte arbeidet med alternativ 3, og ber kommunedirektøren utgreie originalt alternativ 1 der det vert jobba vidare med eksisterande vegtrase og ei betre løysing for avkøyring til gbnr 26/146.

Spørsmål knytt til plan og bygningsloven må utgreiast nærare og kommunedirektøren kjem tilbake med sak til kommunestyret 3. tertial 2025.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 031/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre ber administrasjonen avslutte arbeidet med alternativ 3, og ber kommunedirektøren utgreie originalt alternativ 1 der det vert jobba vidare med eksisterande vegtrase og ei betre løysing for avkøyring til gbnr 26/146.

Spørsmål knytt til plan og bygningsloven må utgreiast nærare og kommunedirektøren kjem tilbake med sak til kommunestyret 3. tertial 2025.

032/25: Rehabilitering / Etterisolering av Solundheimen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek oppstart på prosjektet Rehabilitering og etterisolering av Solundheimen med ein totalramme på 9.150.000,- eks. mva.

Totalramma inkluderer tilskot får Husbanken på 3.868.460,- og om lag 100.000,- til prosjektleiing i perioden. Løyvinga medfører ei auke på 2.833.000,- frå gjeldande økonomiplan og innarbeidast i budsjett- og økonomiplanen.

Administrasjonen set i gong utgreiing av ny utforming for fasadar på Solundheimen, vidare set ein i gong prosjektet så snart som mogleg.

Det vert utarbeida og inngått kontrakt med Åsen & Øvrelid for gjennomføring i tråd med økonomisk ramme og framdriftsplan framlagt i tilbodsbrief.

Budsjett (til saksutgreiinga)

Innvending oppussing:	1 464 000 kr
Tilbodssum Å&Ø	7 633 000 kr
Prosjektleiing	100 000 kr
Totalt	9 197 000 kr
Eksisterande løyvingar	2 564 000 kr
Tilskot frå Husbanken	3 800 000 kr
Tilførast i budsjettjusteringssaka	2 833 000 kr
Totalt	9 197 000 kr

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 039/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek oppstart på prosjektet Rehabilitering og etterisolering av Solundheimen med ein totalramme på 9.150.000,- eks. mva.

Totalramma inkluderer tilskot får Husbanken på 3.868.460,- og om lag 100.000,- til prosjektleiing i perioden. Løyvinga medfører ei auke på 2.833.000,- frå gjeldande økonomiplan og innarbeidast i budsjett- og økonomiplanen.

Administrasjonen set i gong utgreiing av ny utforming for fasadar på Solundheimen, vidare

set ein i gong prosjektet så snart som mogleg.

Det vert utarbeida og inngått kontrakt med Åsen & Øvrelid for gjennomføring i tråd med økonomisk ramme og framdriftsplan framlagt i tilbudsbrief.

Budsjett (til saksutgreiinga)

Innvending oppussing:	1 464 000 kr
Tilbodssum Å&Ø	7 633 000 kr
Prosjektleiing	100 000 kr
Totalt	9 197 000 kr
Eksisterande løyvingar	2 564 000 kr
Tilskot frå Husbanken	3 800 000 kr
Tilførast i budsjettjusteringssaka	2 833 000 kr
Totalt	9 197 000 kr

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 032/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek oppstart på prosjektet Rehabilitering og etterisolering av Solundheimen med ein totalramme på 9.150.000,- eks. mva.

Totalramma inkluderer tilskot får Husbanken på 3.868.460,- og om lag 100.000,- til prosjektleiing i perioden. Løyvinga medfører ei auke på 2.833.000,- frå gjeldande økonomiplan og innarbeidast i budsjett- og økonomiplanen.

Administrasjonen set i gong utgreiing av ny utforming for fasadar på Solundheimen, vidare set ein i gong prosjektet så snart som mogleg.

Det vert utarbeida og inngått kontrakt med Åsen & Øvrelid for gjennomføring i tråd med økonomisk ramme og framdriftsplan framlagt i tilbudsbrief.

Budsjett (til saksutgreiinga)

Innvending oppussing:	1 464 000 kr
Tilbodssum Å&Ø	7 633 000 kr
Prosjektleiing	100 000 kr

Totalt **9 197 000 kr**

Eksisterande løyvingar	2 564 000 kr
Tilskot frå Husbanken	3 800 000 kr
Tilførast i budsjettjusteringssaka	2 833 000 kr
Totalt	9 197 000 kr

033/25: Budsjettendringar 1. tertial 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek budsjettendringane, slik dei går fram av dei vedlagte tabellane.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 040/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek budsjettendringane, slik dei går fram av dei vedlagte tabellane.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 033/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek budsjettendringane, slik dei går fram av dei vedlagte tabellane:

Inntekter:

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning	672.000,-
Totalt	672.000,-

Finansinntekter- og utgifter:

Justert utbytte Eviny	585.000,-
Reuksjon av ekstraordinære avdrag	7.804.00,-
Auka renteutgifter	-494.000,-
Totalt	7.895.000,-

Bruk av fond:

Justert fondsbruk i drift	-133.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	-7.804.000,-
Bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	30.326.000,-
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-
Bruk til tilskot til landbruksveg	294.000,-
Totalt	23.213.000,-

Endringar drift:

Justering av kommunal deflator	-168.000,-
Ressursinnsats mot Bygdevekst (ansvar 100, 400 og 610)	-500.000,-
Auka bemanning SFO (budsjettforlik Stortinget)	72.000,-
Løn særskild norskopplæring	425.000,-
Frå flyktingtenesta til særskild norskopplæring	-425.000,-
Omlegging av system for eigenbetaling av vaksinasjonsprogram	-16.000,-
Auka bruk av bemanningsbyrå Pleie og omsorg	700.000,-
Vedlikehaldsavtale Dagsturhytta	50.000,-
Auka kostnader AFP	492.000,-
Medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-
Tilskot landbruksveg	294.000,-
Redusert kostnader lærling/trainee	-100.000,-
Auka kostnader Sommarjobbar 13-17 år	100.000,-
Reduserte kostnader stipend	-120.000,-
Totalt	1.454.000,-

Utgifter investering

Overførte løyvingar	29.986.000,-
Eigenandel ballbinge	310.000,-
Vedlikehald Dagsturhytta til drift	-50.000,-
DEler av løyving til områdeplan Hardbakke flytta til 2026	-450.000,-
Fjerne løyving til tilrettelegging av loklar til Studiesenter Kysten	-150.000,-
Leikeapparat barnehagen	200.000,-
Rehabilitering og etterisolering Solundheimen	4.333.000,-
Flytte løyving til uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena til 2026	-565.000,-
Bil vaktmeister endra til flisekutter	-185.000,-
Ny skule m/ bibliotek	15.000.000,-
Kjøp av areal Søre Morteveika	2.000.000,-
Kjøp av gards- og bruksnr 26/23	4.000.000,-
Totalt	45.159.000,-

Finansiering investering

Bruk av lån	15.000.000,-
Redusert bruk av investeringsfond	-512.158,-
Bruk av tilskot	345.000,-
Overført frå drift	30.326.158,-
Totalt	45.159.000,-

034/25: Økonomiplan 2025 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2025-2028 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeid med Budsjett 2026 og for rulleringa av Økonomiplanen i desember.

Handsaming i Administrasjonsutval 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 006/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2025-2028 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeid med Budsjett 2026 og for rulleringa av Økonomiplanen i desember.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 041/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2025-2028 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeid med Budsjett 2026 og for rulleringa av Økonomiplanen i desember.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 034/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2025-2028 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeid med Budsjett 2026 og for rulleringa av Økonomiplanen i desember.

035/25: Drøftingssak Bygdevekst handlingsplan 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til handlingsplan slik den ligg føre.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 043/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til handlingsplan slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 035/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til handlingsplan slik den ligg føre.

036/25: Endring av namn Solund barne- og ungdomsskule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek at Solund barne- og ungdomsskule skiftar namn til Solund skule.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Felles framlegg om tillegg.

Frå 1. august 2025.

Votering:

Det vart røyste samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 045/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek at Solund barne- og ungdomsskule skiftar namn til Solund skule frå 1. august 2025.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 036/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek at Solund barne- og ungdomsskule skiftar namn til Solund skule frå 1. august 2025.

037/25: Fullmakt til å signere avtalar om Utvær fyrstasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Kystverket om leige av Utvær fyrstasjon.

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Vener av Utvær om samarbeid om drift av Utvær fyrstasjon.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 044/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Kystverket om leige av Utvær fyrstasjon.

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Vener av Utvær om samarbeid om drift av Utvær fyrstasjon.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 037/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Kystverket om leige av Utvær fyrstasjon.

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Vener av Utvær om samarbeid om drift av Utvær fyrstasjon.

038/25: Oppløsning av Solund bustadstifting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren gå vidare med arbeidet for å oppløse Solund bustadstifting og utarbeide ein rapport etter stiftelseslova § 55 c. Kommunedirektøren skal også utgreiie framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune.

Handsaming i Formannskap 05.06.2025:

Representantane Gunn Åmdal Mongstad og Andreas Færøy Gåsvær er ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav e og deltek ikkje i handsaming av saka. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte i saka.

Representanten Øystein Olai Espeland vart samrøystes vald til møteleiar i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 047/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren gå vidare med arbeidet for å oppløse Solund bustadstifting og utarbeide ein rapport etter stiftelseslova § 55 c. Kommunedirektøren skal også utgreiie framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune.

Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:

Representantane Gunn Åmdal Mongstad og Øyvind Losnegard er ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav e og deltek ikkje i handsaming av saka.

Varaordførar John Sigfred Hugøy leia møtet under saka.

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 038/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren gå vidare med arbeidet for å oppløyse Solund bustadstifting og utarbeide ein rapport etter stiftelseslova § 55 c. Kommunedirektøren skal også utgreie framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune.

039/25: Generalforsamling i Solund Næringsbygg AS**Handsaming i Kommunestyre 12.06.2025:**

Felles framlegg til vedtak:

Saka vart tatt til vitende.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 039/25 VEDTAK:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 25/820
JournalpostID: 25/3041
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 25.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
040/25	Kommunestyre	02.10.2025

Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Møtebok frå Solund kontrollutval 27.05.2025
2	Møtebok frå Solund kontrollutval 16.09.2025
3	Gjeld kunngjering av forskrift om hovudmål på skulen i Solund kommune
4	Referat frå årsmøte Solund frivilligsentral 05.06.2025
5	Tilskot til Visit FjordKysten og Sunnfjord 2026
6	Vidareføring av avtalen med Musea i Sogn og Fjordane STI
7	Ynskjer informasjon om status og framdrift på gangveg Sildevika - Steinsund



Solund kontrollutval

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Møtebok

Møtestad:	Solund kommune - møterom i bankbygget		
Dato:	27.05.2025	Tid:	Kl. 11:00 til kl. 13:00
Møteleiar:	Bjarne Leiv Ravnøy	Sekretær:	Audhild Ragni Vie Alme

Faste representantar som møte:

Hans Gåsvær

Anita Einen

Bjarne Leiv Ravnøy

Parti

A

H

H

Forfall faste representantar:

Manuela Gjata

Ingvill Storøy

Parti

SP

SV

Vara som møte:

Sølvi Songstad Waage

Parti

SV

Sakliste

Sak nr.

Sakstittel

10/25

Godkjenning av innkalling og sakliste

11/25

Referatsaker

12/25

Rekneskap og årsmelding 2024 - Solund kommune

13/25

Arbeidstilsynet tilsyn Solund kommune - kontroll med inngåtte kontraktar

14/25

Kommunedirektøren informere om oppfølging av revisjonsrapport - Organisasjonsutvikling - prosess

15/25

Forvaltningsrevisjon: Arbeidsmiljø - statusrapport

16/25

Oppfølgingsliste 2- 2025 Solund kontrollutval

17/25

Godkjenning av møtebok

Andre som møte:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme

Vestland Revisjon ved Aud Marit Nyland Eide i sak 12/25

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt, rådgjevar Erik Askeland og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen i sakene 12-14/25, og ingeniør Anne Kari Reigstad i sak 13/25

Underskrifter:

Hans Gåsvær

Bjarne Ravnøy

Sølvi Songstad Waage

Anita Einen

10/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 10/25 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

11/25: Referatsaker

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Referatsakene vert tekne til vitande

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 11/25 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande

12/25: Rekneskap og årsmelding 2024 - Solund kommune

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 vert vedteken.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte og gjekk gjennom rekneskap og årsmelding for 2024.

Vestland Revisjon ved Aud Marit Nyland Eide møtte og informerte om revisjon av rekneskapen for 2024.

Presentasjonane frå kommunedirektør og rekneskapsrevisor vert sendt til SEKOM sekretariat, som arkiverer dei på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 12/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 vert vedteken.

13/25: Arbeidstilsynet tilsyn Solund kommune - kontroll med inngåtte kontraktar

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om Arbeidstilsynet sitt tilsyn med Solund kommune, sentraladministrasjon, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt, stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen og ingeniør Anne Kari Reigstad møtte og informerte om tilsynet frå Arbeidstilsynet og oppfølging av dette. Administrasjonen arbeider med å få på plass rutinar - påleggsfrist i tilsynet 15. juni..

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 13/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om Arbeidstilsynet sitt tilsyn med Solund kommune, sentraladministrasjon, til vitande.

14/25: Kommunedirektøren informere om oppfølging av revisjonsrapport - Organisasjonsutvikling - prosess

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om oppfølging av revisjonsrapporten - Organisasjonsutvikling - prosess, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt, rådgjevar Erik Askeland og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte og informerte om oppfølging av revisjonsrapporten Organisasjonsutvikling - prosess.

Presentasjonen frå kommunedirektør låg ved saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 14/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om oppfølging av revisjonsrapporten - Organisasjonsutvikling - prosess, til vitande.

15/25: Forvaltningsrevisjon: Arbeidsmiljø - statusrapport

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek statusrapport for forvaltningsrevisjon - Arbeidsmiljø datert 6.5.2025, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 15/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek statusrapport for forvaltningsrevisjon - Arbeidsmiljø datert 6.5.2025, til vitande.

16/25: Oppfølgingsliste 2- 2025 Solund kontrollutval

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme gjekk gjennom oppfølgingslista.

Kontrollutvalsleiar kan ikkje delta på kontrollutvalsdagen 30. september.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 16/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

17/25: Godkjenning av møtebok

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Møteboka vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 27.05.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

SOL- 17/25 VEDTAK:

Møteboka vert godkjent.



Solund kontrollutval

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Møtebok

Møtestad:	Solund kommune - møterom i bankbygget		
Dato:	16.09.2025	Tid:	Kl. 11:00 til kl. 13:00
Møteleiar:	Bjarne Leiv Ravnøy	Sekretær:	Audhild Ragni Vie Alme

Faste representantar som møtte:

Bjarne Leiv Ravnøy

Ingvill Storøy

Parti

H

SV

Forfall faste representantar:

Hans Gåsvær

Anita Einen

Manuela Gjata

Parti

A

H

SP

Vara som møtte:

Hanne Mjåtveit

Parti

H

Sakliste

Sak nr.

Sakstittel

18/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
19/25	Referatsaker
20/25	Økonomistyring informasjon 2025
21/25	Rekneskapsrevisjon - orientering 2025
22/25	Budsjett for Solund kontrollutval 2026
23/25	Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn sin fagkonferanse 2025
24/25	Oppfølgingsliste 3-2025 Solund kontrollutval
25/25	Godkjenning av møtebok

Andre som møtte:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme

Kommunedirektøren ved stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen i sak 20/25

Vestland Revisjon ved Torill Monsen i sak 21/25

Underskrifter:

Ingvill Storøy

Bjarne Ravnøy

Hanne Mjåtveit

18/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 18/25 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

19/25: Referatsaker

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Referatsakene vert tekne til vitande

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme gjekk gjennom referatsakene.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 19/25 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande

20/25: Økonomistyring informasjon 2025

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Kommunedirektøren ved stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte og informerte om økonomistyring i Solund kommune. sak 20/25:

Presentasjonen som vart vist sendast til SEKOM sekretariat for arkivering på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 20/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren til vitande.

21/25: Rekneskapsrevisjon - orientering 2025

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Vestland Revisjon ved Torill Monsen møtte og orienterte om rekneskapsrevisjonen for 2025. Presentasjonen som vart vist sendast til SEKOM sekretariat for arkivering på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 21/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

22/25: Budsjett for Solund kontrollutval 2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Framlegg				
		Budsjett 2025	Budsjett 2026	Faste 2026-prisar		
				Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	13 000	10 000	10 000	10 000	10 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	32 000	55 000	55 000	55 000	55 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000	7 000	7 000	7 000	7 000
11007	Faglitteratur	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	30 000	40 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	20 000	30 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 200	4 200	4 200	4 200
	Sum	114 000	136 200	136 200	156 200	136 200

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 22/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Framlegg		Faste 2026-prisar		
		Budsjett 2025	Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	13 000	10 000	10 000	10 000	10 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	32 000	55 000	55 000	55 000	55 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000	7 000	7 000	7 000	7 000
11007	Faglitteratur	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	30 000	40 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	20 000	30 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 200	4 200	4 200	4 200
	Sum	114 000	136 200	136 200	156 200	136 200

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

23/25: Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn sin fagkonferanse 2025
Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kontrollutvalsleiar om FKT sin fagkonferanse til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 23/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kontrollutvalsleiar om FKT sin fagkonferanse til vitande.

24/25: Oppfølgingsliste 3-2025 Solund kontrollutval
Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme gjekk gjennom oppfølgingslista.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 24/25 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

25/25: Godkjenning av møtebok
Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Møteboka vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 16.09.2025:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 25/25 VEDTAK:

Møteboka vert godkjent.



Dok. ref.

24/899-3/K2-B00, K3-&00/OYSSTR

Dato:

24.09.2025

Notat om:

Gjeld kunngjøring av forskrift om hovudmål på skulen i Solund kommune

Solund kommunestyre vedtok 30.01.25 Forskrift om hovudmål på skulen i Solund kommune. Ved innsending av forskrifta til Lovdata viste det seg at det var skjedd ein feil i nummereringa av paragrafar, og to paragrafar var nemnt som § 2. Lovdata har endra nummereringa slik at ho vart rett, på vilkår av at det vert lagt fram ei melding om dette til kommunestyret.

Øystein Bolset Strand
Leiar Oppvekst og kultur

Fra: Øystein Bolset Strand <Oystein.Bolset.Strand@solund.kommune.no>
Sendt: 16.06.2025 12:26:13
Til: Lovdata - Lovtidend avd2 <ltavd2@lovdata.no>
Emne: SV: lt2-2025-0777

Hei!

Ja, der var det visst ein feil som vi har oversett. Eg kan melde det opp som referatsak i neste kommunestyremøte i september.

Venleg helsing
> Øystein Bolset Strand
Leiar for oppvekst og kultur
Solund kommune

Adresse: Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 Hardbakke
Telefon: 57 78 62 35
E-post: oystein.bolset.strand@solund.kommune.no
Heimeside: www.solund.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Lovdata - Lovtidend avd2 <ltavd2@lovdata.no>
Sendt: måndag 16. juni 2025 12:23
Til: Øystein Bolset Strand <Oystein.Bolset.Strand@solund.kommune.no>
Emne: lt2-2025-0777

Hei,

Jeg viser til innsendt forskrift. Det er 2 stk § 2 i den. Jeg kan omnummerere siste § 2 til § 3 mot at dere tar det opp som referatsak i kommunestyret.

Jeg hører fra deg!

Med vennlig hilsen
Christiane Moen
Jurist - redaksjonskonsulent

Stiftelsen Lovdata
C.J. Hambros plass 2C, 0164 Oslo
Tlf: 23 11 83 00

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Stiftelsen Lovdata - Lovdata.no <ikkesvar@lovdata.no>
Sendt: mandag 16. juni 2025 11:36
Til: Lovdata - Lovtidend avd2 <ltavd2@lovdata.no>
Emne: Lovtidend-kunngjøring: lt2-2025-0777

Fra IP-adresse: 62.50.172.50
Sendt inn 2025-06-16 11:36
Målform: Nynorsk

Kontaktperson: Øystein Bolset Strand
E-post: oystein.bolset.strand@solund.kommune.no
Telefon: 57786235
LT-avdeling: lt2
Tittel: Forskrift om hovudmål på skulen i Solund kommune
Fastsettelse: 30.01.2025
Fastsatt: Solund kommunestyre
Geografi: Solund kommune, Vestland
Hjemmel: LOV-2023-06-09-30-§15-2
Ikraftttredelsestidspunkt: 30.01.2025

Fil 1: Forskrift om hovudmål.docx

(Evt. filer lagret til ltii/2025-06-16-11-36-oystein-bolset-strand-solund-kommune-no-done)

Referat frå årsmøte i Solund Frivilligsentral 05.06.2025

Desse møtte: Gunn Åmdal Mongstad, Sara Tunestveit, Øystein Espeland, Andreas Gåsvær, Anne Marie Gåsvær, Bjørn Magne Hansen, Jens Eivind Kobbeltvedt og Irene L. Vaulen

Dato: 05.06.2025

Tid : Kl. 09.00-10.00

Stad : Møterommet, Solund kommune

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjend
2. Val av:
Møteleiar: Bjørn Magne Hansen
Referent: Irene L. Vaulen
2 personar til å skrive under møtebok: Andreas Gåsvær og Gunn Åmdal Mongstad
3. Årsmelding 2024. Godkjend
4. Rekneskap 2024. Teke til vitande
5. Årsplan. Godkjend
Innspel i høve integrering/inkludering: Jobbe for å få til eit system og gode møtestader for nytilflytta og andre som kjem til kommunen t.d. for å jobbar i periodar.
6. Val av leiar for 1 år. Bjørn Magne Hansen

Årsmøtet eg god nøgd med arbeidet som vert utført av Solund Frivilligsentral

Andreas Gåsvær

Gunn Åmdal Mongstad

Ref.
Irene L. Vaulen

Emne: Tilskot 2026, Visit FjordKysten og Sunnfjord

Kopi: Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>

Til: Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>, Jens-Eivind Kobbeltvedt <Jens-Eivind.Kobbeltvedt@solund.kommune.no>

Sendt: 01.08.2025 11:34:24

Fra: Marita Solheim <marita@fjordkysten.no>

Modell for kommunetilskot 2026

Vi vil informere om justert modell for tilskot for medlemskommunar frå 2026, vedteke i styremøte 23.04.25 og informert om i Eigarmøte 14.05.25 i Førde. Vedlagt ligg referat frå Eigarmøte og protokoll frå Generalforsamling 14.05.25.

Modell for tilskot medlemskommunar 2026 vert eit fast beløp på kr. 175.000,- pr. kommune, og kr. 37,- pr. innbyggjar. Med utgangspunkt i SSB sine innbyggjartal for 1. kvartal 2025 (745 i Solund kommune), vil då tilskot for 2026 utgjere

kr. 202.565,-.

Justeringa er gjort som svar på medlemskommunane sine tilbakemeldingar om utfordrande kommuneøkonomi. Selskapet jobber med revidering av Selskapsplan, med fokus på å styrke sal av tjenester til næringsaktørar og samarbeidsparter. Det er bl.a. gjort avtale med Fjordkysten regional- og geopark om sal av tjenester knytt til synlegheit og innhaldsproduksjon, område der Visit FjordKysten og Sunnfjord har sterk kompetanse og kan levere effektive tjenester.

Berekraftig reisemålsutvikling

For å lukkast med å utvikle ein robust og berekraftig destinasjon til beste for både innbyggjarar og gjestar, er det avgjerande at kommunen tek eigarskap og engasjerer seg i etableringa av lokal reisemålsleiing, og set av ressursar til dette arbeidet. Visit FjordKysten og Sunnfjord vil delta aktivt i lokal reisemålsleiing, men har pr dags dato ikkje ressursar til å leie dette arbeidet.

Vi vil oppmode medlemskommunane om å vurdere korleis ein kan sikre framtidige ressursar til dette arbeidet. Ein mogleg modell er å vurdere eit spleiselag gjennom eit 3-årig prosjekt for felles berekraftskoordinator, slik det t.d. er gjort i Sogn / Visit Sognefjord. Visit FjordKysten og Sunnfjord er saman med medlemskommunane godkjent for «Merket for berekraftig reisemål», og Visit Nordfjord er i sluttfasen av samme prosess. Kanskje Fjordane Regionråd kan vere eit relevant organ for å drøfte dette.

Beste helsing / Kind regards

Marita Solheim

Visit FjordKysten og Sunnfjord

Dagleg leiar

Tlf: [+47 97 78 46 18](tel:+4797784618)



marita@fjordkysten.no

www.fjordkysten.no

www.facebook.com/fjordkysten

Instagram: [@fjordkysten](https://www.instagram.com/fjordkysten)



Protokoll Eigarmøte 14.05.25

Det vart helde eigarmøte i Visit FjordKysten og Sunnfjord 14.04.25, kl. 12.30 – 13-30 på Førde Gjestehus & Camping i Førde.

Desse eigarane var til stades:

Solund kommune, ved Gunn Mongstad

Kinn kommune, ved Bengt Solheim-Olsen

Sunnfjord Utvikling, ved Jenny Følling (deltok på teams)

Bistro To Kokker, ved Terje Andersen

Fjaler kommune, ved Leif Jarle Espedal

Askvoll kommune, ved Ole André Klausen

Elles møtte også: Marita Solheim (dagleg leiar), Lillian Herland (marknads- og komm.ansv.), Rutt-Lovise Strand (prosjekteiar).

Agenda Eigarmøte

1. Informasjon om status for selskapet og planar vidare. Orientering ved dagleg leiar.
2. Handsaming av tilrådingar frå styret.

SAKER TIL HANDSAMING EIGARMØTE

Sak 1: Styret ber Eigarmøte slutte seg til Vegkart for reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord 2025 – 2030, og etablering av Destinasjonsleiing for Fjordkysten og Sunnfjord slik:

- a. Vegkart for reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord 2025 - 2030
- b. Etablering av Reiselivsforum / Reisemålsleiing på kvart reisemål, som fungerer som ein koordinerande instans for reiselivsnæringa, kommunen og lokalbefolkninga /friviljuge på reisemålet.
- c. Etablering av eit overordna Destinasjonsråd for heile destinasjonen.
- d. Eigarmøte slutter seg til styret sitt forslag til mandat og samansetting av lokal Reisemålsleiing og Reiselivsforum, og Destinasjonsråd.
- e. Visit FjordKysten og Sunnfjord og kommunane har saman ansvaret for å sikre ressursar til langsiktig oppfølging av arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling.
- f. Modell for tilskot medlemskommunar, 2026 – 2028

Bakgrunn:

Fjordkysten og Sunnfjord vart i mars 2025 godkjent for Innovasjon Norge sitt Merke for berekraftig Reisemål. Det er destinasjonsselskapet og medlemskommunane som får tildelt merket. Merkerordninga legg vekt på god samhandling og etablering av Reisemålsleiing som ein del av verktøykassa for å oppnå ei berekraftig reisemålsutvikling. Styret finn det difor viktig at også eigarane slutter seg til Fjordkysten og Sunnfjord sin valgte modell for organisering av lokal reisemålsleiing i kvar kommune og eit felles Destinasjonsråd for heile destinasjonen. Sidan det er destinasjonsselskapet og medlemskommunane som eig tildelinga av Merket, så er det også viktig for styret at Eigarmøte slutter seg til at alle partane har eit felles ansvar for å sikre ressursar for langsiktig oppfølging av arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling. Merkeordninga krev resertifisering kvart 3. år, det ein må vise til progresjon i arbeidet.

Vegkart for reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord 2025 – 2030 og forslag til mandat og samansetting av lokal Reisemålsleiing og Reiselivsforum og Destinasjonsråd finn de på selskapet si bransjeside.

Modell for kommunetilskot 2026 – 2028:

Styret tek inn over seg signal frå fleire av medlemskommunane om utfordringar knytt til budsjettsituasjon og innsparingskrav i kommunane, og har vedteke ny modell for medlemstilskot frå 2026 slik:

1. Fast del kommunetilskot: kr. 175.000,-
2. Variabel del kommunetilskot: kr. 37,- pr innbyggjar. Det vert teikna 3-årige avtaler

Handsaming i møte:

Vedtak: Eigarmøte tek saka til orientering.

Førde, 14.05.25

Referent
Marita Solheim, dagleg leiar

Protokoll ordinær Generalforsamling i Visit FjordKysten og Sunnfjord AS, 14.05.25

Det vart heldt ordinær generalforsamling i selskapet den 14. mai 2025, kl. 13.30-14.00.
Generalforsamlinga vart heldt på Førde Gjestehus & Camping i Førde.

Til stade var desse aksjonærane:

Bistro To Kokker, ved Terje Andersen	96 aksjar
Solund kommune, ved Gunn Åmdal Mongstad	161 aksjar
Fjaler kommune, ved Leif Jarle Espedal	168 aksjar
Sunnfjord Utvikling, ved Jenny Følling	1.820 aksjar
Kinn kommune, ved Bengt Solheim-Olsen	984 aksjar
Hyllestad kommune, ved Linnea H. Meier	44 aksjar
Askvoll kommune, ved Ole André Klausen	174 aksjar
Sulejet AS, med fullmakt	160 aksjar

Av totalt 4.667 aksjar i selskapet var 3.607 representert i generalforsamlinga, og generalforsamlinga var såleis vedtaksfør.

Dessutan møtte:

Marita Solheim (dagleg leiar), Lillian Herland (marknads- og kommunikasjonssansvarleg),
Rutt-Lovise Strand (prosjektleiar Merket for berekraftig reisemål).

Det var ingen innvendingar til innkalling eller dagsorden.

Til handsaming var:

Sak 1: Val av møteleiar

Framlegg til vedtak:
Styreleiar leiar møtet.

Vedtak: Styreleiar vart valt som møteleiar.

Sak 2: Godkjenning av innkalling og agenda

Framlegg til vedtak:
Innkalling og agenda vert godkjent.

Vedtak: Generalforsamlinga godkjenner innkalling og agenda.

Sak 3: Val av representant til å underteikne protokollen saman med møteleiaren

Vedtak:

Generalforsamlinga vel Ole Andre Klausen og Terje Andersen til å signere protokollen saman med møteleiaren.

Sak 4: Godkjenning av styret sitt forslag til årsrekneskap, herunder disponering av årets resultat

- *Årsrekneskap for 2024*
- *Revisors beretning for 2024*

Forslag til vedtak frå styret:

Styret tilrår Generalforsamlinga å vedta Årsrekneskapen 2024 slik det ligg føre. Selskapet har eit overskot på kr. 76.285 - i 2024, og har god likviditet til å betjene kortsiktige fordringar fortløpande.

Vedtak: Årsrekneskapen for 2024 vert godkjent med atterhald om godkjent revisjonsmelding.

Sak 5: Val av styre, styreleiar og revisor

Innstilling frå valnemnda i Visit FjordKysten og Sunnfjord

Valnemnda har bestått av Bengt Solheim Olsen, Tom Erling Bahun og Jenny Følling. Det har vore to møte i valnemnda 14.04.25 og 23.04.25.

Dei som er på val til styret:

Gunn Åmdal Mongstad – tek attval
Vidar Grønnevik, takka nei til attval
Rakel C. Solheim, takka nei til attval
Anne Oline Gullaksen, flytta

Samrøystes styrevedtak:

«Styret foreslår ingen endringar i vedtektene, men at praksisen med personlege varamedlemer for valte styremedlemer for kommunane vert avvikla. Det vert heretter valt 2 – 3 varamedlemer for heile styret. Styret viser for øvrig til Aksjonæravtale inngått ved samanslåing av Visit FjordKysten og Visit Sunnfjord.»

Innstilling til styret:

Gunn Åmdal Mongstad - attval
Cecilie Fanevik - ny
Sigrid Eikeland - ny
Henning Holmelid - ny

Vara i nummerrekkefølge:

1. Tore Karlsen – attval opprykk
2. Mari Helen Kårstad - ny
3. Arnt Henning Blom - attval

Styreleiar:

Gunn Åmdal Mongstad

Styret foreslår attval av BDO som revisor, honorar etter rekning.

Vedtak: Forslaget til valnemnda vart einstemmig vedteke.

Det nye styret i Visit FjordKysten og Sunnfjord AS består derved av:

Gunn Åmdal Mongstad, styreleiar	- attval 2 år
Cecilie Fanevik, styremedlem	- ny, 2 år
Terje Andersen, styremedlem	- ikkje på val
Frøydís Akse, styremedlem	- ikkje på val
Gunhild Berge Stang, styremedlem	- ikkje på val
Leif Åsen, styremedlem	- ikkje på val
Sigrid Eikeland, styremedlem	- ny, 2 år
Henning Holmelid, styremedlem	- ny, 2 år

Varamedlemer:

1. Tore Karlsen - attval, 2 år
2. Mari Helen Kårstad - ny, 2 år
3. Arnt Henning Blom - attval, 2 år

Sak 6: Fastsetting av godtgjersle til styreleiar og styremedlemer**Godtgjersle for styreleiar og styremedlemer**

Styret ber også valnemnda om å også gjere framlegg til godtgjersle for styreleiar og styremedlemer.

For 2024 var satsane slik:

Styreleiar får kr. 15.000,- som grunnbeløp og kr. 2.600,- per møtedag.

Styremedlemmer får kr. 1.600,- per møtedag.

*For å få utbetalt styregodtgjersle må ein møte på styremøta.

*Møter under 3 timar vert godtgjort med halv sats.

*For korte video- og/eller telefonmøte vert det ikkje utbetalt honorar.

Innstilling frå valnemnda på satsar for 2025:

Valnemnda meiner satsane er låge og innstiller på ein auke i godtgjerslesatsane og at det bør vere ein sats for tapt arbeidsforteneste.

Styreleiar får kr. 20.000,- som grunnbeløp og kr. 3.000,- per møtedag.
Styremedlemmer får kr. 2.000,- per møtedag.
Ulegitimert tapt arbeidsforteneste 2000,- per møtedag

*For å få utbetalt styregodtgjersle må ein møte på styremøta.

*Møter under 3 timar vert godtgjort med halv sats.

*For korte video- og/eller telefonmøte vert det ikkje utbetalt honorar.

Vedtak: Valnemnda si innstilling til godtgjersle til styreleiar og styremedlemer vart vedteke.

Sak 7: Val av valnemnd

Valnemnda har vore Jenny Følling - leiar (på val), Tom Erling Bahus (på val), Bengt Solheim-Olsen (ikkje på val).

Styret tilrår Generalforsamlinga om å velgje følgjande representantar til valnemnd for selskapet.

Bengt Solheim-Olsen, ikkje på val

Jenny Følling, attval 2 år

Tom Erling Bahus, attval 2 år

Bengt Solhem-Olsen vert valt som leiar i valnemnda.

Vedtak: Generalforsamlinga slutter seg framlegget frå styret til ny valnemnd.

Generalforsamlinga vart heva og protokollen underteikna. Generalforsamlinga sine beslutningar skal meldast til Foretaksregisteret.

Gunn Åmdal Mongstad

Møteleiar (elektronisk signert)

Ole André Klausen

Valt til å underteikne protokollen (elektronisk signert)

Terje Andersen

Valt til å underteikne protokollen (elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Andersen, Terje

Valgt til å undertegne protokollen

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2507570

IP: 89.8.xxx.xxx

2025-05-23 14:03:57 UTC



Klausen, Ole Andre

Valgt til å undertegne protokollen

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2493042

IP: 62.50.xxx.xxx

2025-05-26 08:29:35 UTC



Mongstad, Gunn Åmdal

Møteleder

Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2507148

IP: 77.16.xxx.xxx

2025-05-27 09:55:53 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutl.penneo.com>.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Emne: Vidareføring av avtalen med Musea i Sogn og Fjordane STI

Kopi: Janne Gimmetstad <jangim@misf.no>, Jan Heggheim <janheg@misf.no>

Til: Postmottak Sogndal kommune <postmottak@sogndal.kommune.no>, postmottak@glommen.kommune.no, Postmottak kontakt Stryn <postmottak@stryn.kommune.no>, post@stad.kommune.no, Postmottak Kinn Kommune <post@kinn.kommune.no>, Postmottak kontakt Bremanger <post@bremanger.kommune.no>, Askvoll postmottak <postmottak@askvoll.kommune.no>, Fjaler Postmottak <postmottak@fjaler.kommune.no>, Hyllestad Postmottak <postmottak@hyllestad.kommune.no>, Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>, Høyanger Postmottak <postmottak@hoyanger.kommune.no>, Vik postmottak <postmottak@vik.kommune.no>, Postmottak kontakt Aurland <post@aurland.kommune.no>, Postmottak kontakt Lærdal <post@laerdal.kommune.no>, Postmottak kontakt Årdal <postmottak@ardal.kommune.no>, Arkiv <post@luster.kommune.no>

Sendt: 10.09.2025 12:53:29

Fra: Jan Heggheim <janheg@misf.no>

Vi viser til utsend informasjon frå 2022, og i tråd med avtalen sender vi ei stadfesting av vidareført avtale frå 2016, saman med status for fakturering.

Driftsbidrag frå kommunane er avgjerande for at vi skal kunne utføre oppdraget vårt.

Beste helsing
Jan Heggheim
adm. dir.
Musea i Sogn og Fjordane

+47 905 66 623

www.misf.no



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**



NOTAT

Til: Kommunane i Sogn og Fjordane
Frå: Adm dir Jan Heggheim, Musea i Sogn og Fjordane
Dato: 9. september 2025
Emne: Statusoppdatering

Driftstilskot Musea i Sogn og Fjordane STI (MiSF)

Musea i Sogn og Fjordane viser til driftsavtale frå juni 2016. Det er rimeleg at vi oppdaterer kommunane på status. For året 2025 fordeler dei offentlege tilskota seg slik:

Stat	47 200 000
Fylkeskommune	17 222 577
Kommunane	8 410 935

I avtalen, som er løpande, heiter det seg at nivået på tilskota skal vurderast kvart fjerde år. Vi er veldig glade for alle bidrag, og ser på den kommunale medverknaden som avgjerande for drifta vår.

Musea i Sogn og Fjordane går ut frå at vi held fram med noverande praksis, der vi regulerer årleg i tråd med kommunal deflator. Musea i Sogn og Fjordane fakturerer årleg beløp i januar/februar.

MiSF ved undertekna har som mål å møte kommunestyret i kvar kommune ein gong i valperioden, og har allereie vore inne i mange av kommunestyra. Eg har inntrykk av at informasjonen er godt motteken. Eg tek kontakt med dei resterande kommunane etter kvart. Sjå elles www.misf.no

Litt om Musea i Sogn og Fjordane:

Musea er eit resultat av ei konsolidering av ni museum. Musea har totalt 13 besøksstader, forvaltar 154 antikvariske bygningar, 140 større og mindre båtar, inklusiv autolinebåten Haugefisk. Vi tek vare på 165 000 gjenstandar med sine historier for ettertida. Musea har 17 større formidlingsbygg. Største utviklingsprosjekt er Tinghuset (fellesmagasinet) som er under fullføring hausten 2025 i Angedalen i Førde. Verne- og formidlingsbygget for Holvikejekta på Sandane vart innvia no i juni 2025, og har hatt godt besøk. Dette er til saman investeringar i ein storleik rundt 140 millionar kroner samla. I Tinghuset vil vi samle store og små gjenstandar frå alle kommunane i Sogn og Fjordane, og såleis sikre desse for framtida. I byggetrinn II vil besøksfasilitetane på fellesmagasinet bli bygde ut. Slik kan fleire få tilgang til skattane frå regionen.

Det er fri inngang til alle våre museum for alle under 18 år, og frå 2024 har vi hatt tilbod om fri skyss til alle 9.- klassingar i Sogn og Fjordane, dette er eit tilbod vi har fått til saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Sjølvsagt burde langt fleire enn 9. – klassingane fått tilbodet. Vi minner om at lokale midlar tildelt den kulturelle skulesekken (DKS) også kan prioriterast til dette føremålet.

Den økonomiske aktiviteten i MiSF er årleg mellom ca, 75 millionar kroner. Økonomien er førebels sunn, men trangare driftsmargarin som følgje av auka kostnader gjer at den økonomiske



handlefridomen minskar. Vedlikehald av antikvariske bygg og formidlingsbygg utfordrar driftsmarginane.

Repetisjon for kommunale leiarar og sakshandsamarar

Ordninga med kommunal driftsfinansiering kom i stand etter ei fylkeskommunal nedskjering, det var eit faktum at fylkeskommunen fram til 2016 ytte relativt mykje meir enn det som var vanleg elles i landet.

Den kommunale medverknaden er avgjerande for at vi skal kunne halde fram med å ta vare på kulturarven og formidle og utvikle kunnskap om den same. I samband med utrekning av nøkkelen må kommunane merke seg at der er ein nokså stor skilnad mellom vertskommunane og dei som ikkje har anlegg av noko slag i sin kommune. Ser vi litt stort på det, er driftsbidraget om la det same som då kommunane betalte til kvart sitt regionale museum.

Følgjande prinsipp vart lagt til grunn i 2016:

- Kvar kommune betalar nominelt det dei skal betale i 2016 i det vidare, men dei kommunane som ikkje betalar må no betale (t.d. Høyanger – vi foreslår 150.000 kr på Høyanger).
- Dei som betalar mindre enn dei skulle ha gjort fordi dei sjølv har justert ned summen må betale det dei skulle ha betalt (Stryn og Hyllestad)
- Auken i kostnader som kommunane får som følgje av at fylkeskommunen justerer ned sitt tilskott blir fordelt mellom kommunane etter ein objektiv fordelingsnøkkel:
- 60% etter folketal, 20% likt på alle kommunane og 20% på vertskommunane.

Om det kjem inn nye kommunar som vertskommunar – t.d. Fjaler og Jakob Sande – senter for forteljekunst, så må det først bestemast kor mykje dei skal gå inn med i drifta ev i lag med nabokommunar. Denne summen blir ført vidare som i punkt 1 og blir altså ikkje fordelt mellom dei andre kommunane.

Forslaget vart handsama av fylkesstyret i KS den 18. mai 2016, som gjorde følgjande vedtak:

Statusrapport om finansiering av Musea i Sogn og Fjordane vart behandla med følgjande konklusjon:

- 1. Fylkesstyret vurderte eigen habilitet i saken, og konkluderte med at fylkesstyret ikkje er ugild.***
- 2. Fylkesstyret tilrår den framlagte modellen for finansiering av musea i Sogn og Fjordane.***
- 3. Fylkesstyret tilrår kommunane å innarbeide sin del av kostnadane i samband med budsjettbehandlinga for 2017.***

KS Sogn og Fjordane ber Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, på vegner av arbeidsgruppa, om at vedteken finansierings-modell vert sendt ut til kommunane med ovannemnte tilråding, og legg til rette for kommunane si vidare handsaming av saken.



Verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta, Gloppen kommune



Tinghuset (fellesmagasinet) i Angedalen, Sunnfjord kommune



MUSEA I SOGN OG FJORDANE

KOMMUNE	Innbyggjarar	BASIS 2016	KOSTNADSAUKE	NY MODELL
1401 Flora	11 779	491 258	132 783	624 041
1411 Gulen	2 315	36 902	27 593	64 495
1412 Solund	815	14 201	16 443	30 644
1413 Hyllestad	1 391	231 306	55 563	286 869
1416 Høyanger	4 183	150 000	41 479	191 479
1417 Vik	2 688	107 563	30 366	137 929
1418 Balestrand	1 306	51 744	37 512	89 256
1419 Leikanger	2 268	83 403	27 244	110 647
1420 Sogndal	7 623	617 559	101 890	719 449
1421 Aurland	1 715	63 446	23 133	86 579
1422 Lærdal	2 174	281 149	43 965	325 114
1424 Årdal	5 496	214 591	51 240	265 831
1426 Luster	5 089	187 576	48 214	235 790
1428 Askvoll	3 011	49 696	32 767	82 463
1429 Fjaler	2 853	65 205	31 593	96 798
1430 Gaular	2 928	66 920	32 150	99 070
1431 Jølster	3 070	291 320	59 335	350 655
1432 Førde	12 685	1 098 942	156 938	1 255 880
1433 Naustdal	2 776	63 170	31 020	94 190
1438 Bremanger	3 950	100 761	39 747	140 508
1439 Vågsøy	6 091	162 951	55 663	218 614
1441 Selje	2 782	77 799	31 065	108 864
1443 Eid	5 926	141 056	54 436	195 492
1444 Hornindal	1 223	106 367	36 895	143 262
1445 Gloppen	5 694	345 819	87 550	433 369
1449 Stryn	7 134	162 545	63 416	225 961
		-		
	108 965	5 263 249	1 350 000	6 613 249
				-

Etter 2016 er summen frå kvar enkelt kommune justert med kommunal deflator, og fakturert beløp er i 2025 slik:

60927 Årdal kommune	347 412
60926 Volda Kommune	-
60925 Vik kommune	180 259
60924 Sunnfjord Kommune	2 352 143
60923 Stryn kommune	295 307
60922 Stad Kommune	397 761
60921 Solund kommune	40 047



MUSEA I SOGN OG FJORDANE

60920	Sogndal Kommune	1 201 495
60919	Lærdal kommune	424 889
60918	Luster kommune	308 152
60917	Kinn Kommune	1 056 615
60916	Høyanger kommune	250 243
60915	Hyllestad kommune	374 907
60914	Gulen kommune	84 288
60913	Gloppen Kommune	566 368
60912	Fjaler Kommune	126 504
60911	Bremanger kommune	183 628
60910	Aurland kommune	113 149
60909	Askvoll kommune	107 770

Solund Kommune v/formannskapet

Hei

Viser til vedtak 021/21 i kommunestyremøte 10.06.2021 der det vart vedtatt å jobbe med å realisere gangveg/sti mellom Sildevika og Steinsund.

På vegne av Solund Arbeiderparti ynskjer vi informasjon om kva som er status i saka pr dags dato og kva som er vidare framdriftsplan.

Vi meine att gangvegen må leggst langs dagens veg.

Dette tiltaket har fleire positive effektar:

- Tryggare for fotgjengarar
- Bidreg til at folk i større grad går/syklar
- Meir oversiktleg for bilistar.
- Legg til rette for framtidig husbygging vestover.

Dette er ei viktig sak, å vi håper att dette kan prioriterast i tida framover.

Andreas F Gåsvær

Solund AP



Saksframlegg

Arkiv: K2-Q14
ArkivsakID: 24/901
JournalpostID: 25/2781
Sakshandsamar: Nikolai Birkeland
Stølsvik
Dato: 29.08.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
041/25	Kommunestyre	02.10.2025
049/25	Formannskap	29.09.2025

Alternativt tiltak, vegtrase, Klubben

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyre vedtek omlegging av vegbane, inkludert avretting og asfaltering av det fulle vegstrekket til ein total kostnad av 2 800 000 ,-.
Budsjettpostane utbetring Klubben og Oppgradering av kommuneale vegar nyttast til realisering av tiltaket. Kostnad knytt til asfaltering, av vegbane urørt av utbetring i den bratte bakken mot nordvest, vert framskunda til 2025 ved budsjettjustering jfr tilbod kr 1.100.000 (andel av totalkostnad).
Administrasjonen gjennomfører anbodskonkurranse, samt reguleringsendring. Det fysiske arbeidet vert utført våren 2026.
2. Administrasjonen set i gong grunnarbeid, og røysing av post- og bosshus ved innkøyring til feltet.
Det setjast av 100 000,- til etablering av boss- og postkassehus ved enden av feltet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Vidare utgreiing om aktuelle tiltak for utbetring av vegtrase - Klubben Bustadfelt.

Saksutgreiing:

Etter politisk vedtak om å sjå vekk frå "Alternativ 3", om omlegging av vegbana gjennom tomt 1 har administrasjonen på ny sett på moglege løysingar.

Etter fleire drøftingsrunder, møter med bebuarar i feltet, drøftingar med konsulentar og politiske behandlingar ser ein no ei løysing :

1. Ein asfalterar vegbana som ikkje vert berørt av utbetningsarbeid oktober 2025.

- Ein gjennomfører eit mindre sprengingsarbeid, forsøker å betre siktforhold, og å minske stigningsforhold i bratt bakkane jfr situasjonsplanfigur 1. Derneast asfaltering av resterande vegtrase. Gjennomføring våren 2026.

Asfaltering av vegbana

Det rimlegaste alternativet vi har pr. dags dato. Vegbana avrettast på ny, med nytt gruslag før ein asfaltera slik den er i dag.

Tiltaket kan trå til så snart forholda tillata det.

Slutresultatet vert utanfor godkjent reguleringsplan og i strid med lovverk. Kommunen må dispensere frå eigne føresegner.

Mindre utbetringar, omlegging av vegbane

Det er prosjektert eit nytt forslag til utføring, tiltaket omfattar eit mindre sprengingsarbeid, der ein også vil endre vegbana noko for å betre siktforhold og redusere noko av stigninga i bakken som synast i figur 1.

Løysinga vil redusere stigningsforholdet i bakken til om lag 16%, i tillegg til at ein vil kunne betre siktforhold. Løysinga gjev at ein vil ha eit betre køyremønster igjennom svingen, ein kan halde jamnare hastigheit, svingen vil såleis opplevast meir handterbar enn den er i dag. Forslaget legg til grunn at innklyring for 26/146 tilbakeførast slik den var.



Figur 1: Syner nytt forslag til utføring.

Føreslått tiltak er kostnadskalkulert til 1.2 MNOK, som vil være tilleggskostnaden i tillegg til avretting og asfaltering av vegbana ellers.

Omlegging av trase, 30 lm				1 197 583,18 kr	
Eksist. Vegbane					
Avretting og asfaltering	m2	3725,00	350,00 kr	1 303 750,00 kr	
Utbetring, kumringar	RS	1,00	50 000,00 kr	50 000,00 kr	
Anleggsflate, boss- og postkassehus	RS	1,00	50 000,00 kr	50 000,00 kr	
Rigg	RS	1,00	135 375,00 kr	135 375,00 kr	
Omregulering	RS		1,00 kr	60 000,00 kr	
Total, inkl. asfalt, eks mva				2 796 708,18 kr	

Tabell 1: Syner kostnadsestimat for asfaltering av klubben, inkludert omlegging av trase.

Ut over tilleggskostnaden må ein for dette tiltaket omregulere reguleringsplan for bustadfeltet då vegbana går inn i tomt 1. Ein ser uansett utfall på asfaltering i 2026, det ekstra arbeidet vil medføre ein noko forlenga prosess. men bør tillatast.

Vurdering:

Første prioritet for Klubben bustadfelt må være å ferdigstille det no langdryge prosjektet, med så godt sluttresultat som mogleg i stil med påløpte og framtidige prosjektkostnader.

Forslaget om ei mellomløyising framstår tids- og kostnadsmessig akseptabelt. Tiltaket vil være avbøtande mot dei forholda bebruarane i feltet i dag står ovanfor. som er ei særskilt utfordrande køyrebane.

Prosjektert tiltak vil i tillegg til å betre stiging og kurvatur også auka trafiksikkerheita, som må være å ansjå vesentleg. Vidare kan tilkomsten til tomene ha positiv verknad for framtidige tomtesar.



Saksframlegg

Arkiv: K1-210
ArkivsakID: 25/426
JournalpostID: 25/2964
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
050/25	Formannskap	29.09.2025
042/25	Kommunestyre	02.10.2025

Tertailrapport nr. 2. 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 2 2025 for Solund kommune til vitende.

Vedlegg i saka:

18.09.2025 Tertailrapport nr. 2 2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Tertailrapport for perioden januar - august 2025

Saksutgreiing:


Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vera ein avviksrappport, men den viser noko om både status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett.

Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse der dette er naudsynt, og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått for å oppnå balanse.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagt tertialrapport for vidare kommentarar. Tertialrapporten vert fylgt opp med ein eigen budsjettjusteringssak og er ein viktig føresetnad for vidare arbeid med budsjett og økonomiplanen.

Tertialrapport nr 2. 2025



Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre 2. oktober 2025 i K-sak xxx/25.

Innhald

Innleiing	3
Inntekter	4
Rapporter frå drifta	6
Stab.....	6
Oppvekst og kultur	7
Solund barnehage – ansvar 200	7
Solund skule – ansvar 210	8
Felles oppvekst og kultur – ansvar 220	10
Kultur – ansvar 230.....	10
Ungdomsråd og ungdomssatsing – ansvar 260.....	10
Barnevern – ansvar 280.....	11
Helse og omsorg.....	12
Sjukeheim/heimeteneste og miljøtenesta.	12
Lækjartenesta	13
Ergo- og fysioterapitenesta:	13
Helsestasjon/skulehelsetenesta:.....	13
Kjøkken, vaskeri og reinhald:.....	13
Samfunns- og næringsutvikling	14
Plan og tekniske tenester	15
Investeringsprosjekt	17

Innleiing

2. tertial er prega av ferieavvikling. Mange plassar i kommunen betyr det redusert aktivitet, med andre har høgsesong eller tilnærma normal drift. Særleg kjekt var det i år at tilbodet om sommarjobbar for dei mellom 13 og 17 år både var populært, og takk være ungdommane sjølve, også fekk stor merksemd.

Ny skule med bibliotek vart formelt overteke i sommar, og flytting og ferdigstilling har teke mykje kapasitet gjennom tertialet. Flinke og fleksible medarbeidarar har strekt seg langt og lagt ned ein solid innsats for at vi endeleg skal kunne ta i bruk den nye skulen med flotte areal som også skal være tilgjengelege for heile bygda. Arbeidet held framleis frem mot slutten av tertialet, men ein ser fram til offisiell opning 17. oktober.


Økonomisk gjev skatteinngangen grunn for optimisme. 2024 var eit rekordår for Solund kommune når det gjaldt skatteinntekter. Og sjølv om ein budsjetterte med like god skatteinngang i 2025 ligg ein så langt godt øve dei budsjetterte inntektene. Dei bakanforliggende tala tilseier også at dette er stabile skatteinntekter som i hovudsak knytt seg til inntekt, og som Solund kommune truleg trygt kan gjere rekning med også i framtida.

Samstundes held rekrutteringsutfordringane fram, og særleg i Helse- og omsorg gjev dette store meirkostnader. Totalt vil Solund kommune truleg bruke tett på 7.500.000,- på vikarbyrå innan Helse og omsorg i 2025. I utgangspunktet var det budsjettert med 3.500.000,- til vikarbyrå innan Helse og omsorg, og ein ser altså då meir enn ein dobling.

Inntekter

Den høge skatteinngangen som var omtala i 1. tertialrapport har heldt fram. Tala for august er kjende og Solund kommune ligg no framleis høgt, heile 1.985.000,- over budsjett og på 113 % av landsgjennomsnittet.

Inntektssystemet til kommunane er lagt opp slik at dei kommunane som har høge skatteinntekter må overføre deler av inntektene sine til kommunar med låge skatteinntekter. Dei kommunane som har over 100 % av landsgjennomsnittet beheld 40 % av skatteinntektene og overfører 60 % til kommunar med lågare skatteinngang. Sjå illustrasjonen under.



Illustrasjon: Regjeringa (<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/inntektssystemet-for-kommuner-og-fylkeskommuner/id2353961/>)

Fokuset på formuesskatten gjer også at Skatteetaten har delt ein oversikt med kommunane som synar kor mykje av skatteinntektene kvar einskild kommune får frå formuesskatten. For Solund kommune sin del er det så langt i år 1.975.000,- og utgjer omlag 8,9 % av dei samle skatteinntektene til kommunen. Samla sett for 2024 utgjorde formuesskatten omlag 10,2 % av skatteinntektene til Solund kommune.

Tala er i seg sjølv av interesse i ein debatt om formuesskatt, men for budsjettet til Solund kommune er dei først og fremst interessante fordi dei syner at den høge skatteinngangen ikkje skuldast ekstraordinære høve som sal, utbytte osb. Det er difor grunn til at tru at også siste tertial vil kome betre ut enn budsjettert. Legg ein til grunn like gode tal som ein har hatt så langt i år vert det samla sett 3.805.000,- meir i skatteinntekter enn budsjettert ved årsslutt. Totalt sett er det budsjetter med 32.970.000,- i skatteinntekter (utanom eigedomsskatt).

Samla sett forventar kommunedirektøren difor å sitte att med 3.805.000,- meir i skatteinntekter, men 2.283.000,- mindre i rammetilskot ved årsslutt. Det gjev det 1.522.000,- i netto auka inntekter.

Så langt i år er renteinntektene også betre enn budsjettet. Det er per i dag ført 1.027.000,- i renteinntekter, før inntektene for 3. og 4. kvartal er ført. Til saman har ein budsjettet med 1.000.000,- i renteinntekter for heile året. Grunna endringane i styringsrenta er det usikkert akkurat kor mykje renteinntekter Solund kommune vil sitte att med ved årsslutt. Kommunedirektøren ynskjer difor å vente med å ta ut heile gevinsten til ein får sett samla på finanskostnadane i desembermøtet. Det er likevel tilrådeleg å nytte deler av den forventa veksten for å finansiere auka utgifter i drifta.

Rapporter frå drifta

Stab

Valgjennomføringa har teke ein del ressursar frå Staben i 2. tertial. Sjølve valdagen ligg i starten av 3. tertial, men førebuinga og periodane med tidleg- og førehandsrøysting ligg i all hovudsak i 2. tertial. I all hovudsak gjekk røystinga bra, og samla valdeltaking vart 81,6 %. Det er ein oppgang på 4,4 % frå førre Stortingsval og høgare enn både lands- og fylkesgjennomsnittet (med høvesvis 1,6 og 0,1 %).

Solund kommune hadde eit avvik der enkelte førehandsrøyster vart sendt heim til den som røysta i staden for heimkommunen deira. Dette skuldast menneskeleg feil når informasjon om veljar enkelte gangar vart notert ned for hand fordi ein ikkje hadde tilgang til printer alle plassar det vart røysta. Totalt gjaldt det 10 stemmer og dei kommunane og veljarane som vart råka vart kontakt og informert om korleis dei måtte gå fram for å få avlagt stemme.

I starten av tertialet var det tre utlyste stillingar i Staben. Rekrutteringa viste seg vanskeleg og ein lukkast berre å kome i land med ein tilsetjing. I same periode slutta ein fulltidstilsett og ein anna trappa ned i samband med pensjon. Til saman har ein difor 0,4 årsverk mindre i Staben ved utgangen av tertialet. Vakansane gjev innsparingar på lønsutgifter ved årsslutt, men gjer også at ein har redusert kapasitet og er endå meir sårbar enn før. Nøyaktig kor mykje ein sparer i lønskostnader er framleis uvisst då ein har inne fleire pensjonistar for å avhjelpe. Det kan også bli aktuelt å kjøpe inn tenester. Det er særleg arkiv- og økonomiområdet som er meir sårbart enn tidlegare, men omrokking av ressursar internt i Staben gjer også at andre fagområde vert råka. Det gjev restansar på mellom anna eigedomsskattesaker, ROS og beredskapsplan, rullering av politiske reglement og rullering av finansreglementet.

Det går også ein del ressursar til arbeidet med Bygdevektstalten.

Under Staben ligg også Flyktingtenesta. Kommunestyret har vedteke at Solund kommune skal busette 10 flyktingar i 2025. Det var busett 4 flyktingar seint i 2024, men ingen så langt i 2025. Langtidsfråvær i Flyktingtenesta gjer også at det kan være ein ikkje får busett nokon i 2025, eventuelt at dei til liks med fjoråret kjem seint i 3. tertial.

Oppvekst og kultur

Solund barnehage – ansvar 200

Solund barnehage avslutta tertialet med 23 born fordelt på 3 avdelingar. Eininga har 9,6 årsverk fordelt på 10 tilsette, inkludert styrar.

I tertialet:

- var det ei fin avslutning på eit barnehageår og ein god oppstart av eit nytt
- har det vore eit møte i Samarbeidsutval der mellom anna årsplan for 2025/2026 vart godkjent
- har 5 barn slutta/gått over i skulen og 2 barn har byrja i barnehagen
- det er gjennomført tilfredsstillande ferieavvikling for alle tilsette. Det vart nytta ein ferievikar.
- ein tilsett er ferdig med studie og er no godkjent barnehagelærer
- ein tilsett er overført til skulen for ein periode for å opparbeide seg praksis for å ta fagbrev som barne -og ungdomsarbeidar
- oppgradering av uteområdet har fortsett
- har det vorte arbeida vidare med innføring og vidareutvikling av BTI, Visma flyt sikker sak og kvalitetssystem
- innføring av nytt kvalitetssystem har gjeve auka fokus på dette området. Eininga ser ei auka mengde avviksmeldingar. Spesiell auke knytt til vald og truslar.
- vart resultat frå arbeidsmiljøundersøking lagt fram. Resultata for eininga er positive. Ein vil i tida framover setje inn tiltak, både for det ein vil behalde av det positive, men spesielt knytt til det som er utfordrande

Personalsituasjonen:

Med eit noko synkende barnetal ved oppstart av nytt barnehageår i august er personalsituasjonen tilfredsstillande i normalsituasjonen.

Målet er at lavaste utdanningsnivå i Solund barnehage skal vere fagarbeider. Hausten 2024 tilsette vi ein assistent i ei fagarbeidarstilling etter vedtak i Solund kommunestyre. For at denne tilsette skal kunne ta fagbrev som barne -og ungdomsarbeidar treng vedkommande ca 9 mnd praksis i skulen. I praksisperioden vil eininga vere utan ein tilsett på «topp»/fast vikar. Ein prøver å løyse desse utfordringane internt, men det vil verte noko behov for bruk av vikarar.

Økonomi:

Eininga vil gå i balanse ved årsslutt.

Solund skule – ansvar 210

Tilsette: 24 stk, her av 2 lærlingar og 1 spesped

Årsverk: 19,50

Dette inkludert årsverk som kjem i tillegg til «ordinær» skuledrift:

- 2 årsverk er lærling, refundert av tilskot/samarbeidspart
- 0,65 årsverk er vidareutdanning, refundert av UDIR stipendmidlar
- 1 årsverk er spespedstilling som er tilsett i oppvekst.
Driftskostnaden ligg på kommunenivået og personalansvaret på rektor.

Elevtal 65 elevar, 20 % av elevgruppa anna morsmål enn norsk

Skulen har fått flotte lokalitetar! Det er likevel ein del som må på plass for at det skal vere tilfredsstillande drift. Eks at det er bossbøtter ute og inne, oppbevaringsordningar i ulike rom (enda bur vi i kassar), få på plass dei små tinga som gjer at kvardagen vert lettare og det må utarbeidast rutinar og ønskja praksis. Kva kostnad i kroner og øre dette inneber er vanskeleg å seie.

Slike prosessar påverkar arbeidsmiljøet, både fysisk og psykisk. Eit arbeidsår på skule har redusert handlingsrom for andre oppgåver enn opplæring.

Det er forventa kostnader med å få bygget og skulekvardagen til å oppnå optimal drift. Denne kostnaden ligg ikkje berre på skulebudsjettet, men må sjåast i samanheng med kostnad for heile byggeprosessen.

Innblikk i skulekvardagen

Tertialperioden har vore prega av, i tillegg til den tradisjonelle og travle avslutninga av eitt skuleår og starte opp eitt nytt, at personalgruppa har hatt fokus på:

- rydde ut av modulskulen
- rydde barneskulen og klargjere for flytting til nytt bygg
- kome på plass i nye lokalitetar i nytt bygg
- innreie undervisningsromma på barneskulen

Personalgruppa ved skulen har vist tolmodigheit, kreativitet og vore løysingsorienterte gjennom to byggeår. Noko som har, og må, halde fram hausten 2025. Fokuset i august har vore å få på plass ytre rammer for at elevgruppa skal ha tilfredsstillande opplæringssituasjon. Med dette vert det meint at det er stolar og bord til alle, ein timeplan som viser kva timar, kvar og med kven mm. Rundt oss har Å/Ø sine arbeidsfolk vore i sving, det manglar oppbevaringshyller, reolar og skap til å få på plass alle

kassane med «ting og tang», som står over alt. Spezialromma var ikkje ferdige til skulestart, og mellombelse og kreative løysingar vart teke i bruk. Med andre ord; det er «kaos» i kulissane.

Våren 2025 vart det gjort vedtak om å endre organisering av småskuletrinna si opplæringstid på skulen. Frå å gå fire dagar pr veke til å gå fem dagar. Tal undervisningstimar er dei same. I praksis har dette betydd ulik lengde på undervisningsøkter og friminutt der småskulen har si organisering og mellom- og ungdomskulen har si organisering. Ny logistikk måtte på plass når det gjeld fag- og timefordeling, bruk av personal- og romressursar. Dette har tek mykje administrativ tid å få på plass.

Skulen pr august 2025

1. **Myldrerommet** innreia som leikeareal med ulike aktivitetssonar til bruk for SFO, i frileiken og ved undervisning. Mindre innkjøp naudsynt, elles gjenbruk av det som skulen allereie hadde av utstyr og inventar som vart friska opp med målingsstrøk.
2. **Endra tider på undervisnings- og friøktar.** Denne omlegginga førte til mykje arbeid med timeplanen, organisering av ulike arbeidsoppgåver og tilsette si arbeidstid- og plan. Som igjen har ført til etterslep på administrative oppgåver.
3. **Arbeidslivsfag.** Solund skule har gjennom 2 skuleår hatt samarbeid med Austrheim vidaregåande skule kring faget Arbeidslivsfag. Evalueringa gjorde at skulen sette i gang prosess med å løyse faget i samarbeidet med lokale arbeidsgjevarar. I år er det 8 elevar som er utplasserte hjå lokale arbeidsgjevarar. Faget er under utvikling.
4. **Gjenbruk av inventar og utstyr.** Noko kunst- og handverksutstyret har vorte øydelagt under lagring og må kjøpast nytt. Dette er ein større kostnad som ikkje er planlagt inn i budsjettet.
5. Resultatet av **arbeidsmiljøundersøkinga**, som vart gjennomført juni/mai er lagt fram for rektor, men har ikkje vorte teke opp med tre-partsamarbeidet på eininga. Dette grunna høgt administrativ arbeidspress. Rapporten viser at tilsette opplever vald og truslar på arbeidsplassen. Dette kjem også fram i avviksrapportering. Oppvekst og helse har starta arbeidet, i samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova, med å risikovurdere og utarbeide handlingsplan opp mot vald og truslar.
6. **Arbeidet med å gje personalgruppa opplæring, implementere og ta i bruk fagsystem** held fram. Dette gjeld fagsystema Visma Flyt Timeplan (VFT), Visma Sikker Skole (VSS), Intern kontrollsystemet (IK) og Betre Tidleg Innsats (BTI). Dette er ressurskrevjande og kjem på toppen av ordinære driftsoppgåver.
7. Det manglar **inventar og utstyr** for å nå optimal drift. Mellom anna er det ikkje reolar/hyller på lagerrom, personalkontor og spesialromma i nytt skulebygg.

Kostnadsreducerande tiltak som er gjennomført med verknad august 2025

Kvar	Kva	Kroner	Merknad
SFO	Redusert SFO tilbod grunna kommunalt vedtak	Usikkert beløp	Redusert inntekt brukarbetaling.

SFO	Redusere med 0,8 årsverk	kr 200 000,-	Årsverket vert overført til elevretta tiltak i skulen.
Skulen	Redusere med om lag 0,65 årsverk	Kr 200 000	Er om lag 50 % av den forventa reduksjonen.
	Avslutte kjøp av tenester frå Austrheim vgs - Undervisning - Transport	Kr 85 000,- kr 110 000,-	
	Opphør av kjøp av teneste/ tilrettelegging anna kommunal eining	Kr 100 000,-	
	Avslutte leigekontrakt	Kr 55 000	Nytta i byggeperioden

Felles oppvekst og kultur – ansvar 220

Under ansvar 220 ligg det overordna ansvaret for oppvekst- og kultursektoren. Her ligg også PPT, spesialpedagog, vaksenopplæring, skuleskyss, ressurspedagog og utgifter til krisesenter.

Drifta i andre tertial har vore mykje lik som i første tertial. Det har vore arbeidd med nytt sakshandsamingssystem for barnehagen og skulen, nytt kvalitetssystem for heile kommunen og med BTI (betre tverrfagleg innsats). I tillegg har det sjølvstgått mykje tid til ny skule og nytt bibliotek, særleg i siste del av tertialet.

Norskopplæringa for framandspråklege heldt fram med undervisning på dagtid også etter sommarferien. Ein forventar noko auka inntekter knytt til fleire elevar enn planlagt.

Ansvarsområdet ligg an til å gå i balanse. Om lag 300 000 kr av drifta er finansiert med fondsmidlar knytt til BTI. Desse midlane må nyttast i løpet av året. Utan desse ville ein hatt eit overforbruk på om lag 300 000 kr.

Kultur – ansvar 230

Til ansvar 230 ligg utgiftspostar knytt til ulike kulturtiltak, til dømes Bygdekinoen, Musea i Sogn og Fjordane, leige av Grendahuset for Solund skulemusikk og tilskot til instruktørar/dirigert for skulemusikken. Utgiftene på dette ansvarsområdet er stort sett faste. Dei er heller ikkje så store, men gjev viktige bidrag til eit godt kulturliv i kommunen. Ansvarsområdet går i balanse.

Ungdomsråd og ungdomssatsing – ansvar 260

Her ligg utgifter til ungdomsråd, lokalt transporttilbod for ungdom og innløyste verdibrev for ungdom. Ungdomsrådet har vedteke retningslinjer for kursmidlane som vart sett av i økonomiplanen, men det har førebels ikkje vore delt ut noko av midlane. Kommunestyret har førebels ikkje vedteke at ungdomsrådet skal få møtegodtgjersle. Dette ligg det midlar til i budsjettet. Lokalt transporttilbod for ungdom har vore godt nytta også til no i år, og ein forventar at det vert brukt meir midlar i løpet av hausten. Solund kommune har fått tildelt inntil 120 000 kr til dette frå

fylkeskommunen. I andre tertial har det vorte betalt ut eitt verdibrev for ungdom. Området ligg an til eit mindreforbruk på om lag 50 000 kr. Dette skuldast meir tilskot til lokalt transporttilbod enn budsjettert, i tillegg til at det ikkje er betalt ut møtegodtgjersle.

Barnevern – ansvar 280

I førre tertialrapport vart det meldt frå om at bemanningssituasjonen i barnevernet var betre enn på mange år. I løpet av andre tertial har leiaren for barnevernet sagt opp, og det er konstituert ein mellombels leiar. Stillinga er lyst ut på nytt. Økonomisk er det ingen avvik, og ansvarsområdet går i balanse.

Helse og omsorg

Lækjarteneste, helsestasjon- og skulehelseteneste, fysioterapi, psykolog, rus/psykiatri (rusomsorg), friskliv, ergoterapi, dagsenter, institusjons- og heimebaserte pleie- og omsorgstjenester, PU tenester, kjøkken og vaskeri.

Utfordringar i høve optimal drift alle tenestene:

- Rekruttere og behalde tilsette
- Klimaanlegg/ventilasjon på huset. Det er for varmt på sommaren og kaldt på vinteren.
- Bruk av vikarbyrå.
- Dyrare leasing avtalar på bilane.
- Auke i prisar på forbruksmateriell.
- Auke i matvareprisar

Prosjekt/investeringar felles 2025

- Kompetanseheving er naudsyns å halde fram med i alle avdelingar. Det må setjast av midlar til kompetanseheving og hospitering, dette for motivasjon og å kunne yte fagleg forsvarlege tenester.
- Det er eit eige prosjekt under teknisk på oppgradering/vedlikehald på bygget.

Sjukeheim/heimeteneste og miljøtenesta.

Utfordringar ved rørande drift:

- Store utgifter til vikarbyrå, forventar å bruke til saman nesten 7.500.000,- i 2025. Mot eit opphøveleg budsjett på 3.600.000,-. Vakansar og sjukerefusjonar gjev noko innsparing, men tenesta må styrkast med 1.800.000,- i 2. tertial for å være i balanse ved årsslutt. Dette kjem i tillegg til dei 700.000,- som vart tilført i 1. tertial.
- Fleire vakante stillingar, både sjukepleiar og helsefagarbeidar.
- Mangel på tilkallingsvikarar spesielt på helg – fører til stor slitasje på eksisterande personell med bruk av overtid og bruk av forskyving av vakter som gjev meirutgift.

Avvik av ein størrelse som får innverknad på dagleg drift:

- Har på det meste hatt 6 frå vikarbyrå, 4 sjukepleiarar samt 2 helsefagarbeidarar.

Korleis løyse utfordringane og dekking av dei økonomiske avvika:

- Unngå å ta inn vikar når det er mogleg
- Halde fram med rekrutteringsarbeid, samt behalde dei me har

Lækjartenesta

Utfordringar ved rørande drift:

- Få utfordringar
- Vaktplan dekkja ut -25 utan bruk av vikar.

Avvik av ein størrelse som innverknad på dagleg drift:

- Tilskot til Styrking av legevakttjenesta over statsbudsjett for -25 er søkt om, og fått 1 mill.

Ergo- og fysioterapitjenesta:

Fysioterapitjenesta har nok eit overforbruk på lønnspostane, dette då me valte å forlenge fysioterapeut vikariatet sidan ergoterapeut gjekk i fødselspermisjon. Ergo og fysio tenesta må derfor sjåast på saman i høve lønnsutgifter.

Helsestasjon/skulehelsetjenesta:

Prosjekt

-Tilskotsmidlar frå Bufdir «foreldrestøttande tiltak» for 2025.

Rekneskap og framtidsrapporten er godkjent.

1 person påmeld ICDP foreldreveiledere, vil føre til ekstrakostnad for sertifisering.

Kompetanseheving

Mange ulike ansvarsområde for leiande helsesjukepleiar førar til ubalanse i budsjett.

Kjøkken, vaskeri og reinhald:

Kjøkken

Trass auke i matvareprisar ser det ut til at ein er i balanse.

Vaskeri:

Her er ein i balanse. Det trengs ei oppgradering av tørkerom.

Reinhald:

Hatt over 40% langtids sjukefråvær. Her er fleire komme attende no.

Samfunns- og næringsutvikling

I 2. tertial er det særleg Sommarhjelpene og etablert Sommarredaksjonen som har prega sektoren. Den har voret synleg i alle mediaformer som SOME, radio, TV, nett og avis. Gjenbruket har også hatt høg aktivitet i sommar, og har vore vertskap for turistinformasjonen.

Det har sjølvsagt også vore meir ordinære driftsoppgåver gjennom tertialet som:

- arbeida med Klima, energi og naturmangfaldsplan
- ulikt søknadsarbeid
- rapportering på prosjekt
- publisering av prospekt av Søre Morteveika
- arbeid med besøksstrategi
- næringsutvikling
- Arbeid mot bygdevekst
- revidering av folkehelseoversikta
- og meir.

Sær gledeleg var det også med gode resultat på medarbeiderundersøkinga for sektoren.

Som varsla i 1. tertial har kommunedirektøren sett nærare på budsjettramma til NAV (ansvar 480). Økonomikontoret har i samarbeid med NAV leiar og leiar for Samfunns- og næringsutvikling gått gjennom drifta. Ved normal drift vil ansvarsområdet mangle 170.000,- og kommunedirektøren tilrår å styrke ramma tilsvarende. I utgangspunktet er dette ein permanent endring som ein tek med seg til påfølgande år, men det er pågåande dialog mellom NAV og Solund kommune om framtidig organisering og det kan kome endringar.

I tillegg har ein allereie nytta budsjettert løyving til sosialhjelp for 2025. Kommunedirektøren tilrår å omdisponere midlane som er satt av til kvalifiseringsstønad (50.000,-) til sosialhjelpsbudsjettet, og samstundes styrke budsjettet med ytterlegare 50.000,-.

Plan og tekniske tenester

Tilsette	9
Årsverk	8,6

Rekneskap i samsvar med budsjett.

Bemanning

Det er 8,6 årsverk ved eininga. 4 av årsverka er knytt til driftinga av kommunal eigedom – vassverk, avløp, veg med veglys, kaiar, bygg og grøntanlegg. 1 årsverk med prosjektleiing av dei større investeringsprosjekta, 1 årsverk med planarbeid og anna sakshandsaming, 0,6 årsverk med kart/oppmåling/matrikkel/økonomi, 1 årsverk med internkontroll/matrikkel/kundebehandling mm. 1 årsverk med leiing/administrasjon/landbruksforvaltning/viltforvaltning.

Ved utløpet av 2. tertial vart tilsett som har jobba med kart/oppmåling pensjonist. Vedkomande vert leigd inn på timebasis vidare.

Solund kommune leiger inn brannsjef tilsvarande 20 % stilling og byggesakshandsaming i om lag 25 % stilling. Begge frå Masfjorden kommune.

Vatn- og avlaup

Ved Hardbakke vassverk er det montert nye pumper innomhus. Eksisterande pumper er nedsenka i vatnet. Av fleire årsaker har ein vald å gå over til pumper på land, mellom anna for å sikre tryggleik for folk ved havari av pumper ved islagt vatn. Det er lagt ut nye leidning i vatnet på inntakssida og inntakspunkt er flytta lengre nord i vatnet og det er kome djupare ned. Investering vert dekkja av eksisterande løyvingar og gebyr.

Det er no utarbeida anbodsdokument for innhenting av prisar på utarbeiding av kommunedelplan for vatn- og avlaup for Solund kommune. Kommunen treng ein plan for framtidig avløpsreinseanlegg, reservevasskilde og plan for utviding av leidningsnett i takt med utvikling av nye bustadfelt. Målet er å få ei sløyfe på leidningsnett. Om lag 60 % av vatnet som i dag vert produsert ved Hardbakke vassverk forsvinn på vegen fram til abonnent. Det trengs ein vedlikehaldsplan for leidningsnett. Lekkasjesøk er i gang.

Solund Brann- og redning (SBR)

Det omfattande analysearbeidet som vart gjort av SBR avdekka at mannskapet både mangla praktisk øving og formell kompetanse. No har 2 brannkonstablar fullført grunnkurs og 2 nye startar opp på grunnkurset i haust. Øvingar vert gjennomført i samsvar med øvingsplanen for 2025. Det er kjøpt inn hengar med utstyr for utlån til kontrollert utmarksbrenning/lyngbrenning som del av skjøtselen av naturtypen kystlynghei i Solund. Kommunen har bidrege til etablering av Solund beite- og lyngbrennarlag som vert ein reservebrannstyrke for brannvesenet ved større og langvarige utmarksbrannar.

Avtale om kjøp av brannsjefteeneste i 20 % stilling frå Masfjorden kommune er forlenga med 1 år og oppseiingstid endra til 3 månader i avtaleperioden.

Internkontroll

Storparten av avvika ved eininga er arbeidsoppgåver som skulle vore rapportert i LAFT. Det vert kontinuerleg jobba med utarbeiding av instruksar for dei ulike arbeidsoppgåvene ved eininga.

Adresseprosjekt

Prosjektet har drege ut i tid. Framleis er stadnamn på fleire av øyane uavklart. Her kan nemnast Nautøy(na), Færøy(na), Saltskår(en) og Husøy(na). Vidare Eide(t) og Lending(en). Kartverket har fatta vedtak om bestemt form. Kommunen har klaga. Klage sendt Språkrådet som i november 2024 kom med si tilråding til Kartverket som me no venter på endeleg vedtak frå. Når stadnamn er endeleg fastsett så kan me tildele dei siste adresser. Då startar eit omfattande arbeid med oppsetting av adresseskilt på kommunale vegar. Det er henta inn prisar på skilt, men dei er endå ikkje sett i bestilling.

Investeringsprosjekt

Under følger ein tabell som syner status i dei ulike investeringsprosjekta. Restløyving er runda av til næraste 1.000,-. Då rekneskapen ikkje er endeleg gjort opp endå er det framleis ein del føringar som kan og skal rettast.

Prosjektnr	Namn	Restløyving per september	Kommentar
2001	Utbetringar Solundheimen	8.470.000,-	Solundheimen er oppgradert i den eldste delen – nye fargar på veggjar. Nytt listverk, himling, taklys rekkverk, dører på fellesareal og kontor. Pauserom for tilsette oppussa med nytt kjøkken. Asbestsanering i trappegang og nytt belegg i trapper. Etterisolering inkludert skifte av alle vindauge starta opp i august. 50 % av kostnad vert finansiert med tilskot frå Husbanken. Skyllerom vert oppgradert i samsvar med gjeldande krav. Vidare vil det bli bygd nytt bosshus i sørvestre hjørne på Solundheimen. Dusjveggjar skifta på pasientromma.
2002	Søre Morteвика	-20.000,-	Årets betaling gjennomført, ligg meir til betaling i 2026
2003	Kjøp av eigedom 26/23 Hardbakke	-105.000,-	Gjennomført. Ekstrakostnader knytt til dokumentavgift ++ som ikkje var budsjettert.
2201	Ballbinge ved Solund barne- og ungdomsskule	610.000,-	Ført i skuleprosjektet, kjem til å bli skilt ut, 300.000,- av dei er spelemidlar
2202	Musikkutstyr Oppvekst	111.000,-	Vert nytta i samband med ferdigstilling av skulen
2203//2317	Barnehagen	96.000,-	Barnehagen er oppgradert med støyskjerm mot fylkesvegen, bod, leikar, sandkasse, plantar, bærbusker og frukttrær. Gjenstår bestilling og montering av nokre leikeapparat.

2208	Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg	442.000,-	Ikkje vore aktivitet på prosjektet i 2025. Enkelte grep gjort over drifta.
2222	Varmeløysing fjernarkiv	188.000,-	Sanering og reingjering av arkivmateriell og fjernarkivet vert gjort hausten 2025
2223	Kulturvandring Hardbakke	254.000,-	Planlagt hausten 2025
2224	Sikkerheitstiltak - utgang borgarmottak / samtalerom	200.000,-	Har innhenta pris. Vart dyrare enn forventa. Avklarar behov og vegen vidare med den statlege delen av NAV.
2307	Nytt utlånssystem bibliotek	28.000,-	Vert nytta i samband med ferdigstilling av biblioteket.
2332	Kommunale bygg – utskifting til LED	15.000,-	Prosjektet er gjennomført.
2404	Inventar og utstyr skule	381.000,-	Vert nytta i samband med ferdigstilling av skulen
2405	Velferdsteknologi	563.000,-	Lite aktivitet i 2025 grunna fråvær i ergoterapitenesta
2406	Inventar og utstyr Helse- og omsorg	574.000,-	Er nytta lite i 2025, truleg større behov når utbetringane på Solundheimen er gjennomført.
2408	Gangveg Hardbakke / Sildevika – Steinsund	200.000,-	Første kostnadsberekningane tilseier at prosjektet er lite realistisk som gang- og sykkelveg. Kjem eige orientering i kommunestyremøte 2. oktober.
2409	Idrett- og friluftspan inkl. utstyr	1.682.000,-	Inkluderer overskot frå spelemidlar frå tidlegare år. Vert handsama i årsrekneskapen-
2410	Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	119.000,-	Vert arbeida med i Bygdevekst. Må sjåast i samanheng med Områdeplan for Hardbakke.
2213	Områdeplan Hardbakke	200.000,-	Oppstartskostnader. Ligg meir i 2026. Må sjåast i samanheng med Utvikling ekspressbåtstopp Hardbakke
2412	Solund Næringsbygg – Forprosjekt	-7.000,-	Gjennomført i 2025. Kjem eige sak til kommunestyremøte 2. oktober om vegen vidare.

2414	Utbetring Ytre Solund Fleirbrukshus	244.000,-	Vasslekkasje i taket i kjellaren er utbetra. Huset er vaska utvendig. Det står att å få malt huset utvendig og utbetra leikeplassen.
2423	Oppgradering kommunale vegar	0,-	Diverse asfaltering. Noko høyrer til skuleprosjektet,
2424	Utbetring Klubben	154.000,-	Kjem eige sak til kommunestyret 2. oktober.
2425	Trafikktryggleikstiltak	949.000,-	Inkluderer ein del tilskot frå VLFK, som ein har fått avslag på søknad om. Er i utgangspunktet matchingsmidlar, men noko nytta til diverse lyssetting og asfaltering.
2427	Oppgradering kaiar	307.000,-	Noko nytta til vedlikehald av gjestehamna, elles ikkje aktivitet. Resterande vert ikkje nytta i 2025
2430	Adresseprosjektet	459.000,-	Til skilting. Venter på klagehandsaming hos kartverket.
2433	Veg – utskifting til LED	396.000,-	Prosjektet fullført.
2601	Trafostasjon Hardbakke	-74.000,-	Bygginga av ny skule utløyste behovet for ny trafostasjon på Hardbakke. Den er ferdig bygd.
2602	Flisekutter	0,-	Flisekutter kjøpt
2603	Lift	-13.000,-	Lift kjøpt
2604	Frontmontert kost traktor	100.000,-	Vert kjøpt hausten 2025
2701	Sjølvkost vatn	-102.000,-	Endeleg fordeling mellom vatn/avlaup ikkje gjort endå
2702	Sjølvkost avlap	1.197.000,-	Endeleg fordeling mellom vatn/avlaup ikkje gjort endå
2860	Idrettshus	-20.000,-	Asfaltering ved idrettshuset
2882	Utvikling Næringsareal	250.000,-	Ikkje ført kostnader på i 2025
2937	Skilting kommunale bygg	104.000,-	Kjem eige sak til kommunestyret om skiltplan.
2944	Ny skule inkl. bibliotek	4.834.000,-	Nærmast seg ferdigstilling. Framleis noko uteståande, men ser ut til å kome i land på budsjett

2948	Medisinsk utstyr lækjarkontor	40.000,-	Ingenting ført på investering i 2025
2978	Bustadfelt Hersvik	-169.000,-	Faktura på anleggsbidrag frå BKK kome på eit avslutta prosjekt.



Saksframlegg

Arkiv: K1-153
ArkivsakID: 25/428
JournalpostID: 25/2969
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
051/25	Formannskap	29.09.2025
043/25	Kommunestyre	02.10.2025

Budsjettendringar 2. tertial 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Drift:

370 Pleie og omsorg	1.800.000,-
480 Nav Solund	220.000,-
Redusert rammetilskot	2.283.000,-
Auke skatteinngong	-3.805.000,-
Auke renteinntekter	-498.000,-

Investering:

Prosjekt 2208 Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg	-442.000,-
Prosjekt 2405 Velferdsteknologi	-508.000,-
Prosjekt 2424 Utbetring Klubben	950.000,-

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Budsjettendringar 2. tertail 2025

Saksutgreiing:

I oktobermøte handsamer kommunestyre tertialrapporten for 2. terital. Av den fylgjer ein del naudsynte budsjettendringar. Det gjeld fyst og fremst eit behov for å styrke rammen på ansvar 370 Pleie- og omsorg og 480 NAV Solund, sjå tertialrapporten for nærare grunngjeving. Dette vert finansiert med auka skatteinngong og renteinntekter.

Kommunestyret handsamer også ein sak om Utbetring i Klubben. For å finansierer utbetringane i 2025 vert midlar omdisponert fra prosjekta 2208 Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg og 2405 Velferdsteknologi. Det er ikkje forventa meir aktivitet i nokre av desse prosjekta i 2025 og når deler av prosjektet i Klubben vert gjennomført i 2025 i staden for 2026 er planlagt løyving i økonomiplanen rikeleg for Klubben i 2026. Prosjekt 2208 og 2405 kan få midlane att av Klubben i 2026.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår budsjettendringar som fylgjer av teritalrapporten og eige sak om utbetringar i Klubben.



Saksframlegg

Arkiv: K2-A00
ArkivsakID: 25/755
JournalpostID: 25/2854
Sakshandsamar: Øystein Bolset Strand
Dato: 05.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
052/25	Formannskap	29.09.2025
044/25	Kommunestyre	02.10.2025

Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2024/2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med dei fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2026.

Vedlegg i saka:

18.09.2025 Kvalitetsmelding 2024-2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

[Opplæringslova § 17-12](#)

Kva saka gjeld:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen

Saksutgreiing:

Det er fastsett i §17-12 i opplæringslova at kommunestyret minst ein gong i året skal få informasjon om læringsmiljø, læringsresultat og gjennomføringa til elevane i grunnskuleopplæringa.

Frå hausten 2016 til våren 2018 deltok Solund kommune i KS-programmet "Den gode barnehage- og skuleeigar". I samband med dette vart ein samd om at oppvekstsektoren skulle utvikle ein tilstandsrapport for å gje kommunestyret informasjon som kunne brukast som grunnlag for tilbakemelding og styring av sektoren. Den første kvalitetsmeldinga vart lagt fram for kommunestyret i sak 018/18 og omhandla i hovudsak året 2017. Sidan har det

vorte lagt fram ei kvalitetsmelding årleg, med unntak av 2023. Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2023/2024 vart handsama av kommunestyret i sak 060/24 og kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

«Kvalitetsmeldinga for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen i Solund vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med dei fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2025.

Solund kommunestyre ønskjer at det blir arbeidd aktivt med å legge til rette for læring gjennom praktisk undervisning

Det blir lagt fram ei sak med vurdering av 5-dagars skule for 1.-4. klasse. I den samanheng bør ein sjå på korleis ein kan kombinere fritids- og kulturaktivitetar med SFO.»

Fokusområda i meldinga var:

- Mobbing/inkluderande oppvekstmiljø
- Psykisk helse
- Korleis det vert arbeidd med kvalitet
- Samarbeid med lokalsamfunn og verksemder

Vurdering:

Vurdering av innføring av 5-dagars skule for 1.-4. klasse vart teken opp i eiga sak og endeleg handsama av kommunestyret i k-sak 023/25. Det vart då vedteke å innføre 5-dagars skule for 1.-4. klasse frå hausten 2025.

Kvalitetsmeldinga er eit dokument som gjev meir informasjon enn kravet i opplæringslova. Det er ein felles rapport for barnehage, skule og kulturskule som viser korleis ein har arbeidd med dei vedtekne fokusområda det siste året. I tillegg inneheld kvalitetsmeldinga informasjon om læringsresultat og læringsmiljø og gjennomføring i grunnskulen, i tråd med lovkravet i opplæringslova. Fordi det er små årskull i Solund kommune, er mykje av informasjonen om læringsresultat og læringsmiljø ikkje offentleg. Det som vert omtalt er såleis nokre av resultata frå dei nasjonale prøvene, grunnskulepoenga og trendane i elevundersøkinga. Mange av tiltaka ein har sett i verk krev oppfølging over tid. Det langsiktige målet med tiltaka er å gje barn og unge i Solund eit trygt og godt oppvekst- og læringsmiljø.

Kommunedirektøren meiner at kvalitetsmeldinga gjev eit godt innblikk i korleis det vert arbeidd i dei tre einingane, og vidare at dette er område som må ha fokus også framover. Difor tilrår kommunedirektøren at ein heldt fram med fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.



Kvalitetsmelding 2024-2025

Solund kommune

Felles barn – felles ansvar

Barnehage, skule og kulturskule

Innhald

Om kvalitetsmeldinga.....	3
Lovverk og bakgrunn	4
Lokale vedtak	4
Læringsresultat	5
Nasjonale prøvar	5
Grunnskulepoeng	7
Læringsmiljø	7
Eit inkluderande oppvekstmiljø – arbeid med trivsel, meistring og psykisk helse	8
Tiltak for eit inkluderande oppvekstmiljø	8
Tverrfagleg samarbeid	9
Arbeid med kvalitet.....	10
Konkret arbeid med kvalitetsutvikling.....	10
Kompetanse	10
Lokalitetar	11
Samarbeid med lokalsamfunn og verksemder	11
Lysfestivalen.....	12
Møte på tvers av generasjonar – livsgledebarnehage og -SFO	12
Skulen og næringslivet	12
Ung kultur møteest	12
Haustkafé.....	13
Sommarredaksjonen	13
Turar i nærområdet og andre stader	13

Om kvalitetsmeldinga

I førre kvalitetsmelding stod det at året hadde vore prega av to ting. Den eine var «Landskap med gravemaskiner». «Landskap med gravemaskiner» har det vore dette året også, men endeleg er byggetida ferdig, og vi har teke i bruk det nye skulebygget. Det er ei storhending for heile Solundsamfunnet! Underteikna har arbeidd i Solund kommune sidan august 2015. I februar 2016 kom eg inn i ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med detaljane rundt eit nytt skulebygg, så vegen har vore lang, men no er vi der! Barnehagen har også fått eit nytt og flott uteområde, til glede for store og små.

Kvalitetsmeldinga viser som tidlegare at vi har ein del utfordringar knytt til eit trygt og godt oppvekstmiljø. Samstundes har det blitt arbeid godt med å få på plass nye system og rutinar som skal gjere oss i stand til å fange opp og hjelpe barn og unge på eit tidlegast tidleg tidspunkt. Erfaringane frå dette året viser at vi er på god veg. Avgangselevane våre har i mange år gått ut av grunnskulen med gode karakterar. Det betyr at det har vore arbeidd godt, frå dei byrjar i barnehagen og til dei er ferdige med 10. klasse.

Den andre tingen som hadde prega året i førre kvalitetsmelding var personalsituasjonen, med vakansar og langtidssjukemeldingar. Personalsituasjonen har delvis betra seg det siste, men framleis er det utfordrande å få tilsett nok personell med rett formell utdanning. Dette kjem til å verte ei endå større utfordring i tida framover. Det er mange i sektoren som etter kvart nærmar seg pensjonsalder. Ei anna utfordring er barne-/ og elevtalet. Låge fødselstal, lite tilflytting og ganske store elevkull som snart går ut av ungdomsskulen gjer at talet på barn i barnehagen og elevar i skulen vil gå mykje ned dei næraste åra, dersom ikkje noko skjer.

Hardbakke 05.09.2025

Øystein Bolset Strand

Leiar for oppvekst og kultur

Lovverk og bakgrunn

Etter opplæringslova § 17-12 skal kommunestyret minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane. Den førre kvalitetsmeldinga omhandla barnehage- og skuleåret 2023/2024 og vart handsama i kommunestyret i k-sak 060/24. Kommunestyret vedtok då at oppvekstsektoren skulle halde fram med følgjande fokusområde:

- Mobbing/inkluderande oppvekstmiljø
- Psykisk helse
- Korleis det vert arbeidd med kvalitet
- Samarbeid med lokalsamfunn og verksemdar

I tillegg vedtok kommunestyret at det skal arbeidast aktivt med å leggje til rette for læring gjennom praktisk undervisning.

Lokale vedtak

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken i juni 2020 og er gjeldande til 2030. I samfunnsdelen er det eigne mål for oppvekstsektoren:

Mål

Barnehagen, skulen og kulturskulen i Solund skal vere inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg, lærer og har gode kvardagar.

Korleis

- Alle skal vere opptatt av trivsel, meistring og læring i oppvekstsektoren, og det skal leggjast vekt på godt samarbeid mellom heim og oppvekst.
- Oppvekst skal vere ein aktiv del av lokalsamfunnet der ein styrkar verdiar som frivilligheit, deltaking, kultur og idrett .
- Sikre at skule og barnehage er med på å gje barn og unge eit positivt inntrykk av Solund gjennom deltaking i nærmiljøet, og god kontakt med næringslivet.
- Vidareutvikle eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø, der ein mellom anna nyttar sosial handlingsplan systematisk i arbeidet med å fremje sosial kompetanse, psykisk og fysisk helse, samt jamnar ut sosial ulikskap.
- Sikre eit høgt fagleg nivå på læringsarbeidet og varierte undervisningsmetodar, der det vert lagt vekt på at alle skal kunne oppleve utfordringar og meistring.
- Samarbeid mellom barnehage og skule for å sikre god overgang mellom einingane til det beste for det einskilde barnet og gruppa.
- Tidleg tverrfagleg samarbeid mellom føresette, skule, barnehage, PPT, helsestasjon-/ skulehelsetenesta og barnevern, der ein er uroa for den faglege og/ eller sosiale utviklinga.
- Sikre rett kompetanse, ta i bruk teknologiske moglegheiter og bruke digitale verktøy i læringsarbeidet.

- Bruke SU og SMU møta på skulen og i barnehagen aktivt som eit verktøy for å sikre born og foreldre medverknad og oppnå intensjonen og målet om å skape ein «god oppvekst» for barn og unge i Solund.
- Sikre godt samarbeidet mellom skule og vidaregåande skule for å skape gode overgangar for ungdommane

Det er også eigne mål for kultursektoren, inkludert kulturskulen:

Mål

Gi alle innbyggjarane i kommunen eit rikt og variert kulturtilbod og vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet.

Korleis

- Bidra til at Solund Ungdomsråd får gjere ein god jobb, og oppfordre ungdom til å engasjere seg gjennom slike kanalar.
- Legge til rette for og støtte opp om aktivitet innanfor kultur og fritid m.a. ved utlån av gratis utstyr og sponing av aktivitetar, slik at alle har mogelegheit til å bli med. Dette i nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Solund folkebibliotek skal bidra til utviklinga av kunnskapssamfunnet, og sikrar tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane.
- Vidareutvikle ein skapande og kreativ kulturskule ved å sikre ressursar til ei stabil og føreseieleg drift.
- Sikre at ungdom i vidaregåande opplæring får ta del i aktivitetar og utvikling av samfunnet ved å legge til rette for å dagpendle til vidaregåande skule.
- Sikre felles møteplassar med lett tilkomst ved å legge til rette for funksjonell transport, til dømes ved å nytte lokalt transporttilbod for ungdom, serviceskyss.
- Sikre tenlege skuleruter som er godt samordna med andre kommunikasjonstilbod.
- Sikre tenlege lokale og område for større arrangement i Solund.

Vidare finn ein mål som omhandlar oppvekstsektoren i andre planar, mellom anna i plan for førebyggjande arbeid og kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dei lokale vedtaka er saman med lovverk og nasjonale føringar styrande for arbeidet i oppvekstsektoren.

Læringsresultat

Læringsresultat omhandlar nasjonale prøvar og grunnskulepoeng.

Nasjonale prøvar

Nasjonale prøvar er ein del av kvalitetsvurderingssystemet og vert gjennomførte kvar haust på 5., 8., og 9. trinn. Det vert gjennomført prøvar i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning på alle tre trinna. I tillegg har 5. og 8. trinn også nasjonal prøve i engelsk. Prøvane i lesing og rekning er like for 8. og 9. trinn. Fordi elevkulla i Solund jamt over er små, er mange av resultata frå dei

nasjonale prøvane ikkje offentlege. Grunna ny metode for utrekning av poeng, kan ikkje resultatane frå 2022-2023 og framover samanliknast direkte med tidlegare år.

Nasjonale prøvar 5. trinn – gjennomsnittlege skalapoeng

	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Engelsk - Solund kommune	.	.	46	.	.	.
Engelsk - Vestland fylke		50	50	50	50	50
Engelsk - Nasjonalt	50	50	51	50	50	51
Lesing - Solund kommune	.	.	44	.	.	.
Lesing - Vestland fylke		50	50	50	49	48
Lesing - Nasjonalt	50	50	50	50	49	49
Rekning - Solund kommune	.	.	44	.	.	.
Rekning - Vestland fylke		50	50	50	50	50
Rekning - Nasjonalt	50	50	50	50	50	49

Nasjonale prøvar 8.trinn – gjennomsnittlege skalapoeng

	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Engelsk - Solund kommune	44	.	.	.	.	.
Engelsk - Vestland fylke		50	50	49	50	50
Engelsk - Nasjonalt	50	50	50	.	.	50
Lesing - Solund kommune	47	.	.	.	.	.
Lesing - Vestland fylke		49	50	49	48	48
Lesing - Nasjonalt	50	50	50	.	.	49
Rekning - Solund kommune	48	.	.	.	.	.
Rekning - Vestland fylke		50	50	50	49	48
Rekning - Nasjonalt	50	50	50	.	.	48

Nasjonale prøvar 9.trinn – gjennomsnittlege skalapoeng

	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Lesing - Solund kommune	48	45	.	.	.	.
Lesing - Vestland fylke		53	53	53	53	53
Lesing - Nasjonalt	54	54	53	54	53	53
Rekning - Solund kommune	47	50	.	.	.	.
Rekning - Vestland fylke		54	53	54	54	52
Rekning - Nasjonalt	53	53	53	54	54	51

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng vert rekna ut ved at alle avsluttande karakterar som er ført på vitnemålet, vert lagt saman og delt på talet på karakterar slik at ein får eit gjennomsnitt. Deretter vert gjennomsnittet gonga med 10. Grunnskulepoenga er grunnlaget for inntaket til vidaregåande skule. Tabellen under viser at elevane frå Solund går ut av skulen med gode karakterar. Fordi elevkulla i kommunen er små, varierer resultata frå år til år, men jamt over har elevane frå Solund fleire grunnskulepoeng enn landsgjennomsnittet. For skuleåret 2024-2025 var det for få 10.klassingar til at grunnskulepoenga er offentlege.

Grunnskulepoeng

	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Solund kommune	46,1	44,3	43,4	44,8	45,6	.
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Vestland fylke	43,3	43,5	43,6	42,8	42,4	42,4
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	43,2	44,3	43,4	42,4	42,2	42,2

Læringsmiljø

Elevundersøkinga vert gjennomført årleg for elevane i 5.-10. klasse. Undersøkinga vart sist gjennomført i november 2024. Strengare personvernreglar gjer at ein får sjå færre resultat av undersøkinga enn tidlegare, noko som er ei utfordring. Tala for 7. klasse er offentlege, og dei er om lag som landsgjennomsnittet. Ein skårer noko dårlegare på trivsel og motivasjon enn resten av landet, samstundes som opplevinga av støtte frå læraren og meistring ligg høgare enn resten av landet.

Eit inkluderande oppvekstmiljø – arbeid med trivsel, meistring og psykisk helse

Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø er grunnleggjande for læring og utvikling. I førre kvalitetsmelding vart det meldt frå om at ein ser tendensar til eit tøffare miljø enn tidlegare, og at Solund slik sett er ein del av ein nasjonal trend. Innkomne avvik viser at ein har hatt alvorlege hendingar både i barnehagen og skulen det siste året. Ein har hatt oppfølging både av enkeltpersonar og av klassar for å få eit betre miljø.

Både barnehagen og skulen har plikt til å syte for at alle barn og elevar har det trygt og godt når dei er i barnehagen eller på skulen. Elevar har i tillegg rett til eit trygt og godt skulemiljø, noko som inneber at dei kan melde ei sak vidare til Statsforvaltaren dersom dei meiner at skulen ikkje gjer nok for å oppfylle denne retten. Grunna små forhold kan ein ikkje seie noko om kor mange slike saker barnehagen og skulen har handtert.

Tiltak for eit inkluderande oppvekstmiljø

Barnehagen, skule og kulturskulen arbeider kontinuerleg for å skape eit best mogleg oppvekstmiljø for borna i Solund. Det har vore arbeidd mykje med å få på plass system for å skape meir struktur og retning for arbeidet ein gjer. Ein har arbeidd vidare med dei tre satsingsområda som vart omtala i førre kvalitetsmelding: Sikker Sak, nytt kvalitetssystem og Betre Tverrfagleg Innsats – BTI.

Sikker Sak er eit sakshandsamings- og arkivsystem som skal brukast til alle barne- og elevsaker som inneheldt sensitive opplysningar. Dette systemet sikrar betre dokumentasjon på arbeidet som vert gjort knytt til enkeltbarn/-elevar. I tillegg er det heilt digitalt, slik at all korrespondanse inn og ut går elektronisk. Systemet vart teke i bruk frå august 2024.

Det nye kvalitetssystemet vart også teke i bruk frå august 2024. Kvalitetssystemet har to funksjonar: Melding av avvik og handbok med rutinar. Ein har gjennom året arbeidd med å få på plass flest mogleg av rutinane i systemet. Tilsette har fått opplæring i korleis dei skal melde avvik, og blitt oppmoda om å melde. Dette ser ein att i statistikken. Det er positivt, for barnehage og skule har ikkje tradisjon for å melde avvik.

Ein har også arbeidd mykje med å legge til rette for å innføre BTI som arbeidsmodell. BTI skal tydeleggjere korleis ein skal fange opp, identifisere, møte og hjelpe barn og unge med utfordringar. Det er ein utprøvd modell som vert brukt av mange kommunar i landet. BTI skal mellom anna sikre felles praksis på tvers av tenester, og ein tydeleg struktur for korleis vi arbeider både internt og tverrfagleg. Til dette har Solund kommune kjøpt inn ei eiga nettside som vi er i gang med å byggje opp. Det har vore mykje arbeid med dette, mellom anna med å kartlegge samarbeidsrutinar, kva tiltak vi kan tilby, og kva tiltak vi treng å få på plass.

I samband med BTI vart det gjennomført ei undersøking våren 2024 blant tilsette i kommunen som arbeider med barn, unge og familiar. Undersøkinga er ein temperaturmålar når det gjeld kompetanse, rutinar og samhandling. Kartlegginga viste mellom anna at ein treng kompetanseheving på fleire område, til dømes når det gjeld alvorlege saker som vald, overgrep og omsorgssvikt. For å følgje opp dette arrangerte Solund kommune felles fagdag for alle tilsette

som møter barn, unge og familiar 1. november 2024. Fagdagen vart følgt opp vidare på einingane.

Nokre aktivitetar ligg fast inne i løpet av eit år. Her kan nemnast t.d. psykologisk førstehjelp som er eit fast undervisningsopplegg for mellomtrinnet. Det same gjeld ulike aktivitetar på tvers av barnehage og skule for å skape ein best mogleg overgang for førskulebarna. Aktivitetane er heimla i plan for overgang mellom barnehage og skule. Planen vert evaluert årleg. Ein har elles hatt ulike temakvelder for føresette gjennom året,

PPT har hatt samarbeid med skulen knytt til klasseleiing, for å skape gode læringsvilkår i undervisninga.

Året elles har vore prega av byggjearbeid, både i barnehagen og på skulen. Uteområdet på skulen har vore mykje mindre i byggjeperioden. Det same gjeld uteområdet i barnehagen, som også har blitt opprusta. Mindre uteområde fører til at det lettare oppstår konflikter i barne- og elevgruppene.

Kommunestyret vedtok våren 2025 å innføre fem dagars skuleveke for 1.-4.klasse frå august 2025. Ein kjem tilbake til dette i neste kvalitetsmelding.

Tverrfagleg samarbeid

Å skape eit godt oppvekstmiljø er ei stor og krevjande oppgåve. For å kunne gjere ein best mogleg jobb, er oppvekstsektoren avhengig av eit tett samarbeid med andre tenester. Det gjeld både i saker knytt til enkeltbarn eller grupper, men også knytt til kompetanseheving for tilsette og når det gjeld samarbeid på systemnivå for å få til eit godt førebyggjande arbeid.

Eit godt døme på tverrfagleg samarbeid er rettleiingsteamet. Teamet er sett saman av spesialpedagog (som leiar arbeidet), styrar, rektor, PPT, helsesjukepleiar og psykolog. Rettleiingsteamet har som oppgåve å handsame problemstillingar knytt til barn i barnehagen og elevar i skulen. Det kan gjelde både på individnivå og på gruppe/klassenivå. Alle tilsette i barnehagen, skulen og kulturskulen kan melde inn saker til rettleiingsteamet. Før saka vert teken opp må ein innhente samtykke frå føresette. Alle tilmeldingar til PPT skal først drøftast i rettleiingsteamet. Målet med rettleiingsteamet er å fange opp problemstillingar på eit tidlegast mogleg tidspunkt, slik at barn og unge får den hjelpa dei har behov for.

Helsesjukepleiaren har sidan hausten 2020 hatt fast kontordag på skulen kvar måndag, for tida med kontor i det mellombelse skulebygget. Dette er eit lågterskeltilbod for elevane på skulen. Helsesjukepleiaren deltek også på fellesmøte med dei tilsette på skulen ved behov. Dette byggjer kompetanse på tvers av helsesektoren og oppvekstsektoren. Helsesjukepleiar bidreg også med undervisningsopplegg på ulike klassetrinn, mellom anna knytt til puberteten. Når det nye skulebygget no er ferdig, har helsesjukepleiar fått eit nyoppussa kontor i barneskulebygget.

Det er gledeleg at ein hausten 2024 fekk tilsett ny kommunepsykolog. Ut i frå samarbeidsavtalen mellom helse- og omsorgssektoren og oppvekst- og kultursektoren skal 50% av psykologressursen brukast mot barn og unge. Kommunepsykologen deltek i rettleiingsteamet, i arbeidet med BTI og på andre tverrfaglege møte, både på systemnivå og på individnivå.

Eit viktig tiltak ein har arbeidd med å få på plass er eit tverrfagleg konsultasjonsteam. Dette er eit team der tilsette kan drøfte bekymringar knytt til alvorlege saker som vald, overgrep og omsorgssvikt. I teamet sit mellom anna kommunepsykolog, helsesjukepleiar, PPT, barnevern.

Alle saker vert drøfta anonymt. Skuleåret 2024/2025 vart hovudsakleg brukt til å få teamet på plass, og ein skal bruke inneverande år til å få teamet inn som eit fast tilbod for tilsette.

Frå hausten 2024 har ein fått på plass att faste samarbeidsmøte med barnevernet. Det skal gjennomførast tre slike møte årleg, og her deltek alle tenester som møter barn, unge og familiar. Politiet har ønskje om å delta på eitt møte i året, og var med på møtet i februar 2025. Førebels har fokuset vore å bli kjent med dei ulike tenestene, noko som er viktig for å kunne samarbeide godt i konkrete saker. I tillegg har ein drøfta utfordringar ein ser i oppvekstmiljøet.

Arbeid med kvalitet

Kvalitet vert delt inn i *struktur-, prosess- og resultat*kvalitet. Gode relasjonar og samhandling mellom vaksne og barn og barna i mellom, prosesskvaliteten, er ifølge forskinga avgjerande for barnet sin trivsel og utvikling, det vil seie resultat

kvaliteten. Rammene rundt, strukturkvaliteten, bidrar til å leggje til rette for eller avgrense prosesskvaliteten. God strukturkvalitet er likevel ingen garanti for at barn trivst og utviklar seg. Resultatkvalitet er kva vi ønsker å oppnå med kvalitetsarbeidet, og det er knytt opp mot mål i lovverk, rammeplan og læreplanverk; her definert som barn sin trivsel og utvikling. Arbeid med kvalitet er eit kontinuerleg arbeid, og dette er såleis noko oppvekstsektoren har gjennomgåande fokus på.

Konkret arbeid med kvalitetsutvikling

Akkurat som førre år, har ein arbeidd mykje med å ta i bruk Sikker Sak, kvalitetssystem og BTI. Medan fjoråret vart brukt til å klargjere for innføring av Sikker Sak og kvalitetssystemet, har ein i år hatt fokus på å ta systema i bruk, og å gje opplæring til dei tilsette. Begge systema er svært viktig for å få på plass gode arbeidsstrukturar, og å sikre lik praksis i møte med barn/eleva og føresette. Innføringa av systema har gått greitt, men ein ser at det er framleis behov for meir opplæring. Mykje av det handlar om mengdetrening, at ein treng å bruke nok tid i systema. I løpet av året har ein også gjort seg erfaringar med korleis arbeidsrutinane for Sikker Sak fungerer, og ein har gjort justeringar undervegs. Erfaringane etter det første året er at ein har fått dokumentert betre kva ein gjer når ein er bekymra for eit barn eller ein elev, og at det er tydelegare for tilsette korleis ein skal gå fram i møte med barn/eleva og føresette. Arbeidet med Sikker Sak og kvalitetssystemet vil ha mykje fokus også i åra framover.

BTI er, som nemnt ovanfor, ein arbeidsmodell som skal tydeleggjere korleis ein skal fange opp, identifisere, møte og hjelpe barn og unge med utfordringar. Alle i Solund kommune som møter barn, unge og familiar i arbeidet sitt skal nytte denne modellen når han vert teken i bruk. Ein har nytta året til å kartlegge samarbeidsrutinar og tiltak, kompetanseheving og å tilpasse modellen til lokale forhold. Målet er å starte innføringa av modellen vinteren 2026. Tiltak ein allereie har, som til dømes rettleiingsteam og konsultasjonsteam vil inngå som tiltak i BTI.

Våren 2025 vart det gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant alle tilsette i kommunen. Resultata frå undersøkinga kom hausten 2025, og desse vil bli arbeidd med i løpet av året. Neste kvalitetsmelding vil ta føre seg resultata og oppfølginga av undersøkinga.

Kompetanse

Oppvekstsektoren er avhengig av dei tilsette for å løyse samfunnsmandatet vårt. Det er dei som møter barna og elevane kvar dag. Samla sett var det tilsett 29,9 årsverk i barnehage, skule og kulturskule hausten 2024. Av desse var 17,9 i skulen, 10,6 i barnehagen og 1,4 i kulturskulen.

Det har over fleire år vore vanskeleg å få rekruttert fagkompetanse. Både barnehagelova og opplæringslova set krav til formell kompetanse for å bli tilsett som barnehagelærer eller lærar i skulen. Skuleåret 2024-2025 vart om lag 40% av undervisningstimane gjennomført av tilsette som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing i skulen, altså tilsette utan lærarutdanning. I barnehagen er situasjonen betre, etter at ein frå august 2024 fekk på plass ein ny pedagogisk leiar. Stillinga hadde då vore vakant i fleire år. For kulturskulen er det ikkje formelle krav til utdanning for å bli tilsett, men kulturskulerådet tilrår å legge kunstfagleg og pedagogisk utdanning til grunn ved tilsetjingar. Dette har synt seg svært vanskeleg å få til i Solund, og ein har ikkje tilsette som støttar desse tilrådingane.

BTI-undersøkinga som vart gjennomført våren 2024 avdekkar kompetansehol blant tilsette i heile Solund kommune knytt til oppfølging av barn og unge. Det gjeld særleg kompetanse til å oppdage og avdekke alvorlege forhold som vald, seksuelle overgrep, rus og omsorgssvikt. Hausten 2024 sette ein i gong eit arbeid for å auke kompetansen om desse temaa, og ein arrangerte felles fagdag for alle tilsette i kommunen som møter barn, unge og familiar. Dette har vore arbeidd vidare med på einingane. Ein har også gjennomført ei kompetansekartlegging for å få ei samla oversikt over den formelle kompetansen til dei tilsette, slik at ein kan lage ein kompetanseplan. Dette er viktig både for å leggje til rette for vidareutdanning og for rekruttering av nye tilsette.

Lokalitetar

Gode lokalitetar er eit vilkår for god drift og kvalitet i tilbodet. Året 2024-2025 har vore prega av byggjearbeid. Skulen har hatt mindre plass i byggjeperioden, og har hatt utfordringar med mangel på spesialrom og plassmangel på barneskulen. Barneskulebygget ber etter kvart også preg av å vere nærare 30 år, og det er behov for oppgraderingar også her. Byggjearbeidet har også prega kulturskulen sine aktivitetar. I tillegg til å bruke musikkrommet på skulen, har kulturskulen brukt studiorommet i idrettsbygget og eit leigd lokale i Hardbakke senter til e-sporttilbodet. Når vi no skriv september 2025 er situasjonen ein heilt annan. Vi har fått eit fantastisk nytt bygg som vil tene oss godt i mange år framover.

I barnehagen har uteområdet blitt rusta opp. Byggjeperioden her var også krevjande, då utearealet vart mykje mindre. Resultatet er likevel veldig flott, men ny levegg, ny disser og nye leikeområdet. Det manglar framleis å få på plass nokre nye leikeapparat. Den største utfordringa inne i barnehagen er at kontoravdelinga er svært dårleg lydisolert. Det er utfordrande når ein skal ivareta personvernet til barn og føresette.

Vaksenopplæringa leiger lokale til norskopplæringa på dagtid i grendahuset. Norsk kurs på kveldstid vert halde i det mellombelse skulebygget.

Samarbeid med lokalsamfunn og verksemder

Eit av måla i samfunnsdelen er at oppvekst skal vere ein aktiv del av lokalsamfunnet. Gjennom året skjer det på ulike måtar, alt i frå direkte samarbeid med næringslivet til turar rundt om i kommunen. Eit døme på dette er ungdomsskuleelevar som har utplassering i lokale bedrifter i samband med faget Utdanningsval. Slik får elevane kjennskap til yrkesmoglegheiter i lokalsamfunnet. Nedanfor følgjer nokre døme på aktivitetar i lokalsamfunnet i løpet av året.

Lysfestivalen

Både barnehagen, skulen og kulturskulen er ein viktig del den årlege lysfestivalen i november. Temaet for lysfestivalen i 2024 var «Skimmer». Både barnehagen, skulen og kulturskulen arbeidde med temaet over tid, og produserte kunstverk som vart ein viktig del av lysvandringa i Draumeparken. Utstillinga i Draumeparken vart ståande ei veke, noko som gjorde det mogleg å oppleve kunstverka fleire gongar.

Møte på tvers av generasjonar – livsgledebarnehage og -SFO

Barnehagen har dei siste åra hatt fleire arrangement saman med Solundheimen, mellom anna knytt til jul og påske. Dette er til stor glede både for unge og eldre. Barnehagen har også blitt livsgledebarnehage. Dette er ei ordning som inneber at grupper av barn frå barnehagen besøkjer Solundheimen med jamne mellomrom. Der har dei aktivitetar saman med bebuarane, til dømes song og musikk, teikning eller lek. SFO har også blitt med på den same ordninga, og har med jamne mellomrom besøkt Solundheimen på onsdagar når det har vore heildags-SFO.

Skulen og næringslivet

Skulen har fleire møtepunkt med næringslivet i løpet av året. Særleg for ungdomsskuleelevane er det å bli kjent med arbeidsmoglegheitene i Solund viktig for å førebu seg til vidare opplæring og etter kvart yrkeslivet.

Frå og med hausten 2023 inngjekk skulen eit samarbeid med Austrheim VGS der ungdomsskuleelevane kan ta fordjupingsfaget Arbeidslivsfag. Opplæringa skjer på Austrheim, og det er sett opp eigen båt. Elevane skal gjennom tre år verte kjende med seks ulike programfag på vidaregåande. Det siste året skal elevane sjølv velje kva for to programfag dei vil bli betre kjende med. Det har vore utfordrande å få god nok kvalitet på dette tilbodet, og frå hausten 2025 vert difor Arbeidslivsfag gjennomført i Solund i samarbeid med lokale bedrifter.

Skuleåret 2021-2022 starta skulen med valfaget «Praktisk handverksfag». Dette faget skal gje elevane praktiske erfaringar med eitt eller fleire handverk. Faget skal kunne bidra til at elevane kan ta ei reflektert val om ei framtidig utdanning. Skuleåret 2025-2025 har undervisninga gått føre seg i verkstaden til NKKK. Ein har gjennom dette valfaget hatt to elevbedrifter: «Solund skilt» og «Bakepikene». Gjennom elevbedriftene lærer elevane mykje om ideutvikling, korleis ein startar ei bedrift, økonomi, marknadsføring og produksjon.

Årets karrieremesse vart gjennomført 20. januar. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom skulen og sektor for samfunns- og næringsutvikling, og det var hovudsakleg ungdomskoordinator saman med rådgjevar på skulen som stod for planlegginga. 18 ulike bedrifter deltok på karrieremessa, i tillegg hadde ei av elevbedriftene stand.

Ung kultur møtest

UKM- ung kultur møtest – er eit årleg landsomfattande arrangement der barn og unge både hjelper til med å arrangere og deltek og viser fram ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk. Den lokale UKM-mønstringa vart arrangert 15.-16. mars i grendahuset. 7 deltakarar vart sendt vidare til fylkesmønstringa. Det er kulturskulen som har hovudansvaret for UKM.

Haustkafé

I samband med TV-aksjonen arrangerte småskulen haustkafé i grendahuset, der dei hadde program, bingo og kunstutstilling.

Sommarredaksjonen

Sommaren 2025 hadde fleire ungdomar sommarjobb i «Sommarredaksjonen», som ein del av sommarjobb for 13-17-åringar. Sommarredaksjonen var eit svært positivt innslag, og skapte mykje publisitet. Kulturskulen bidrog med nødvendig utstyr, kurs og opplæring for ungdomane.

Turar i nærområdet og andre stader

I løpet av året er barnehagen og skulen på ulike turar i kommunen. Barnehagen heldt seg i nærområdet, men er jamleg å sjå på ulike stader på Hardbakke, mellom anna ved idrettsbana/Arboretet eller i lavvoen i «Mathiesen-marka». I tillegg er dei aktive brukarar av båten som barnehagen og skulen eig i lag. Førskulegruppa var på overnattingsbesøk til Sandvik våren 2025.

Som ein del av oppstarten brukar skulen å reise på tur med elevane den første veka etter skulestart. Målet med turen er mellom anna å verte kjent i eigen kommune. Hausten 2024 reiste ungdomsskuletrinnet til Losna der dei fekk omvisning. Mellomtrinnet var på overnattingstur til Utvær. Dette er eit fast tur kvart tredje år, og skjer i samarbeid med NKKA og sogelaget. Småskulen reiste til Steinsund, der dei mellom anna padla i kano. Småskulen var også på tur våren 2025, då 1. og 2. klasse reiste til Litle Færøyna og 3. og 4. klasse reiste til Tangenes.

Dei siste åra har 10. klasse gjennomført tur til Oslo. Elevane besøkjer Stortinget, KS-huset, der KS har eit undervisningsopplegg, og går på teater.



Saksframlegg

Arkiv: K1-223, K3-&00
ArkivsakID: 25/394
JournalpostID: 25/2953
Sakshandsamar: Øystein Bolset Strand
Dato: 17.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
053/25	Formannskap	29.09.2025
045/25	Kommunestyre	02.10.2025

Vedtak - Retningslinjer kulturmidlar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar vert vedtekne slik dei ligg dei ligg føre.
Retningslinjene skal reviderast innan utgangen av 2027.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Saksutgreiing:

Formannskapet vedtok i f-sak 046/25 at administrasjonen sitt framlegg til retningslinjer for tildeling av kulturmidlar skulle sendast på høyring før saka vart teken opp att til politisk handsaming.

For meir informasjon om saka viser ein til [f-sak 046/25](#).

Om høyringa og innspela

Framlegget til retningslinjer vart lagt ut på høyring på heimesida til Solund kommune. I tillegg sende ein ut brev til lag og organisasjonar i Solund, der ein bad om høyringsinnspel. Høyringsfristen vart sett til 07.09.25. Det kom inn to innspel; frå Solund skulemusikk og frå Nord Solund Vel.

Solund skulemusikk

- Er positive til at det vert sett av midlar til kultur

- Meiner fordelingsnøkkelen bør vurderast og at ein ikkje bør låse seg til 50% til kvar av dei to føreslegne ordningane
- Meiner det må vere meir enn ein søknadsfrist for ordninga med kulturmidlar til lag og organisasjonar (punkt 3A)
- Ein bør utdjupe «kriterium for støtte» under punkt 3A
- Ein bør definere kva «driftstilskot» inneber under punkt 3A
- Ein bør skildre betre kven som kan søkje på ordninga «Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst» (punkt 3B) og tydeleggjere kva «tilknytning til Solund» inneber og kva som vert meint med «profesjonelle kunstnarar og institusjonar»
- Det bør stå når ein skal evaluere ordninga

Nord Solund Vel

- Er positive til at ordninga med kulturmidlar
- Meiner at midlane bør nyttast til å støtte enkeltarrangement og enkeltlag
- Kjem med innspel om at ordninga kan nyttast til transport, særleg for dei som ikkje bur på Hardbakke
- Meiner at ordninga ikkje bør vere for byråkratisk å administrere eller søkje på
- Driftsmidlar til lag og organisasjonar før haldast utanfor
- Det er positivt at ein må rapportere på korleis midlane er nytta
- Det er positivt at lag/organisasjonar må vere registrerte i Brønnøysundregisteret

Vurdering:

Kommunedirektøren er einig i fleire av punkta ovanfor og tilrår fleire endringar i framlegget til retningslinjer. For å gjere det enklare å sjå endringane, er desse markerte med raud skrift. Kommunedirektøren meiner framleis at midlane bør nyttast til to ordningar, ei til det breie kulturlivet og ei til meir profesjonalisert verksemd. Kulturmidlar vil vere viktig for det breie kulturlivet i kommunen. Sjølv om summane vert små når dei vert delte ut på mange aktørar, kan kulturmidlar vere viktige for å sikre drifta i enkelte lag. Særleg viktig er dette for mindre lag og organisasjonar og for dei som er i oppstartsfasen. Kommunestyret kan også velje å prioritere større summar til kulturmidlar enn det som er sett av i dag. Samstundes er det også viktig å kunne støtte profesjonelle kunstnarar og større arrangement i kommunen.

Kommunedirektøren er einig med Solund skulemusikk i at fordelingsnøkkelen ikkje bør låsast heilt til 50% til kvar av ordningane, og tilrår difor at det vert lagt inn eit punkt om at dersom ikkje alle midlane i ei av ordningane vert brukte opp, kan dei nyttast til den andre ordninga. Vidare har ein lagt inn at det er søknadsfrist to gonger i året for midlar etter punkt 3A, og at søknadsfristane vert 1. april og 1. september.

Solund skulemusikk sitt innspel om at ein bør utdjupe kriteria for støtte under punkt 3A er også teke til følgje, og ein har presisert at høge medlemstal, mykje aktivitet og mykje eigeninnsats tel positivt for søknaden. Kommunedirektøren har valt å ikkje definere nærare kva som ligg i ordet «driftstilskot». I den opphавеlege saksutgreiinga vert det lagt opp til at midlane kan nyttast til drift av laget/organisasjonen utan avgrensingar. Det vil såleis vere opp til mottakaren av midlane å nytte på best mogleg måte for drifta av laget/organisasjonen.

Når det gjeld kulturmidlar etter punkt 3 B, som gjeld støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst, har ein presisert at ordninga også kan nyttast til større arrangement i Solund. Vidare har ein lagt inn at frivillige lag og organisasjonar også kan søkje om støtte.

Kommunedirektøren meiner at endringane som er gjort i framlegget imøtekjem mange av innspela. For å gje ordninga tid til å verke, meiner kommunedirektøren at evalueringa kan skje innan utgangen av 2027.

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Solund kommune

1. Formål

Kulturmidlane i Solund kommune skal bidra til eit mangfaldig kulturliv gjennom støtte til både deltakarretta kulturaktivitetar og kunstfagleg verksemd. Ordninga skal styrke lokalt engasjement, fellesskap, og utvikling av profesjonell kunst og kultur.

2. Føresetnader

Økonomiske rammer for ordninga vert sett i kommunen sitt økonomiplan- og budsjettvedtak. 50% av midlane vert sett av til fordeling etter punkt 3 A, 50 % til fordeling etter punkt 3 B. **Dersom ikkje alle midlane i ei av ordningane vert brukte opp, kan dei nyttast til den andre ordninga.**

Kulturmidlane vert tildelte etter vedtak i formannskapet. Midlar til fordeling etter punkt 3 A vert handsama samla, i ei sak som er førebudd av kommunedirektøren på våren **og ei sak på hausten**. Midlar til fordeling etter punkt 3 B vert handsama enkeltvis og fortløpande etter førebuing av kommunedirektøren.

Søknadsfristen for midlar etter punkt 3 A er 1. april og 1. september. Midlar etter punkt 3 B kan søkjast om fortløpande.

Søklarar til midlar etter punkt 3 A må vere heimehøyrande i Solund kommune.

Ved tildeling av kulturmidlar skal all støtte frå Solund kommune, både direkte og indirekte, sjåast i samanheng

3. Overordna inndeling

Kulturmidlane blir fordelte gjennom to hovudordningar:

A. Kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar

Denne ordninga skal fremje deltaking, samskaping og lokalt kulturliv. Den rettar seg mot frivillige organisasjonar og lag.

• Kriterium for støtte:

- Aktiv drift og aktivitetstilbod gjennom heile året knytt til kultur, idrett og friluftsliv
- Hovudmålgruppene bør inkludere barn, unge, eldre og/eller minoritetar.

- Tildelinga for eksisterande lag og foreiningar vert basert på dokumenterte medlemstal, breidde i aktivitet, og eigeninnsats. **Høge medlemstal, mykje aktivitet og eigeninnsats vil telje positivt.**
- Søknad må sendast inn på rett skjema
- Det vert lagt vekt på om søkjaren mottek anna støtte frå Solund kommune ved utrekning av tilskotssum
- **Følgjande kan søkjast om:**
 - Driftstilskot
 - Starttilskot for nye lag
- **Avgrensingar:**
 - Politiske, kommersielle og aksjonsretta organisasjonar får ikkje støtte
 - Kulturmidlar skal ikkje nyttast til fremjing av religiøse interesser, men kan nyttast til barne- og ungdomsarbeid
 - Søkjar må vere registrert med selskapsforma foreining/lag i Brønnøysundregisteret
- **Naudsynte vedlegg**
 - Gjeldande rekneskap for organisasjonen
 - Årsmelding for organisasjonen
 - Budsjett for organisasjonen
 - For søknader om oppstartstilskot til nye lag gjeld ikkje punkta om rekneskap og årsmelding. Laget må dokumentere at det er registrert i Brønnøysundregisteret og legge ved plan for aktivitet
- **Rapportering**
 - Mottakarar skal rapportere på bruken av midlane gjennom årsmelding og rekneskap innan 15. april påfølgjande år, anten for seg sjølv eller i samband med ny søknad
 - Manglande rapportering vil medføre at tilskot vert kravd tilbakebetalt
 - Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknader

B. Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst

Denne ordninga rettar seg mot profesjonelle kunstnarar og institusjonar, og skal stimulere til kunstnarleg produksjon og utvikling i Solund. **Ordninga kan også nyttast til større arrangement i Solund.**

- **Kriterium for støtte:**

- **Kunstnarar må ha bustadadresse i Solund.**
 - Prosjektet må gjennomførast i Solund. Permanente verk skal verte verande i Solund
 - Søkjaren må vere registrert med NACE-kode 90 – Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd **eller som foreining/lag** i Brønnøysundregisteret.
 - Søknad må sendast inn på rett skjema
 - Det vert lagt vekt på om søkjaren mottok annan støtte frå Solund kommune ved utrekning av tilskotssum
- **Støtta kan gå til:**
 - Kunstnarstipend
 - Produksjon og formidling av kunst (visuell kunst, scenekunst, musikk, litteratur m.m.)
 - Større arrangement
- **Naudsynte vedlegg**
 - Budsjett og finansieringsplan for tiltaket
 - Skildring av tiltaket og behov
 - For kunstnarstipend må ein levere kunstnarisk CV
- **Rapportering**
 - Mottakarar skal rapportere på bruken av midlane gjennom årsmelding og rekneskap innan 15. april påfølgjande år
 - Manglande rapportering vil medføre at tilskot vert kravd tilbakebetalt
 - Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknader

4. Klage

Det er klagerett på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Klagefrist er tre veker frå vedtak er motteke. Klagen må grunngjevast og skal sendast til Solund kommune. Dersom formannskapet ikkje tek klagen til følge vert klagen endeleg avgjort av kommunestyret.



Saksframlegg

Arkiv: K2-A00, K3-&00
ArkivsakID: 25/773
JournalpostID: 25/2917
Sakshandsamar: Øystein Bolset Strand
Dato: 15.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
054/25	Formannskap	29.09.2025
046/25	Kommunestyre	02.10.2025

Høyring – Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre legg forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Vedlegg i saka:

15.09.2025 Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Solund kommune, Vestland

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

[Opplæringslova § 2-2 fjerde ledd](#)

Kva saka gjeld:

Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa etter opplæringslova

Saksutgreiing:

Statsforvaltaren i Vestland har halde tilsyn med alle kommunar i fylket for å undersøkje om alle forskrifter etter opplæringslova er publiserte på lovdata.no. Solund kommune har som ein følgje av dette fått pålegg om å publisere forskrift permisjon frå grunnskuleopplæringa innan utgangen av 2025.

Opplæringslova § 2-2 opnar for at elevar kan få permisjon frå skulen dersom det er forsvarleg. Kommunen skal vedta ei forskrift som utdjupar reglane for permisjon. Den gamle opplæringslova hadde ei øvre grense på at ein elev kunne få inntil ti dagar permisjon om gongen. I den nye opplæringslova er dette teke ut, slik at talet på permisjonsdagar må

vedtakast gjennom lokal forskrift. Vidare må forskrifta avgjere vilkåra for om ein permisjon kan innvilgast, kor mange permisjonar ein elev kan få, korleis søknader om permisjon skal handsamast og kven som kan søkje om permisjon. Det må gjerast ei individuell vurdering av alle søknader for å avgjere om det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Ingen elevar har ein automatisk rett til å få permisjon frå opplæringa.

Etter forvaltningslova § 37 skal dei som forskrifta gjeld for, få høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken. I denne samanhengen vil det særleg gjelde elevrådet, føresette, samarbeidsutval, FAU og tilsette gjennom fagorganisasjonane.

I løpet av eit år kjem det mange søknader om permisjon. Skuleåret 2024/2025 vart det handsama totalt 20 søknader om permisjon. Dei fleste vart innvilga, men nokre vart avslått. Samla sett vart det innvilga 75 dagar permisjon.

Vurdering:

I framlegget til forskrift er det lagt opp til ein restriktiv praksis med å gje permisjonar. Det er gjort framlegg om å ha ei øvre grense på ti dagar permisjon i løpet av eit skuleår. Det er 190 dagar i eit skuleår, og elevane har 175 dagar til feriar og andre aktivitetar. Det er eit viktig premiss for både fagleg og sosial læring at elevane i størst mogleg grad er til stades på skulen i skuletida. Kommunedirektøren meiner at å gje permisjon ut over ti dagar ikkje vil vere forsvarleg, då skulen ikkje lenger vil ha kontroll på den faglege og sosiale utviklinga til eleven ved eit så langt fråvær. Difor er det lagt til grunn at søknader om permisjon ut over ti dagar inneber at føresette må skrive eleven ut av skulen og ta ansvar for opplæringa sjølv. Då må føresette melde frå til kommunen om at dei startar privat grunnskuleopplæring i heimen etter § 22-5 i opplæringslova.

Vilkåra for permisjon er henta frå forarbeida til opplæringslova, og omhandlar kva som er det beste for eleven, kva som skjer på skulen i permisjonstida, korleis føresette følgjer opp opplæringa i permisjonstida, det faglege nivået til eleven, og kor mykje fråvær eleven har hatt tidlegare. I tillegg er det sett avgrensingar på periodar der ein normalt ikkje innvilgar permisjon, til dømes når det skal gjennomførast nasjonale prøvar, eksamen eller leirskule. Ein har også lagt inn at det vanlegvis ikkje vert gjeve permisjon ved oppstarten av nytt skuleår eller siste halvår av 10. trinn. I oppstarten av kvar skuleår vert det brukt mykje tid på sosiale aktivitetar, for å knyte elevane tettare saman og skape eit godt klassemiljø. Samstundes ser ein ofte at nokon søker permisjon for dei første dagane, noko som er uheldig.

Det er lagt opp til at kontaktlærar kan avgjere permisjon for kortare periodar, inntil to dagar. For permisjonar over to dagar skal leiar for oppvekst og kultur avgjere permisjon. Det er gjort framlegg om at det ikkje er nok at vilkåra for permisjon er oppfylt for å permisjon ut over to dagar. Då må det også vere gode grunnar til permisjonen, noko som inneber at dei som søker må argumentere for kvifor det skal innvilgast permisjon.

Grunna lange reiseavstandar bør ein vere meir romsleg når det gjeld permisjon i samband med helserelatert fråvær, til dømes tannlege, lege eller andre helsetenester. Har ein ein legetime i Bergen eller Førde er ein nøydd til å bruke heile dagen. Difor er det lagt opp til at det er nok å melde frå til kontaktlærar dersom ein har slikt fråvær. Det same har ein gjort med permisjonar i samband med deltaking i elevdemokrati, til dømes elevråd, ungdomsråd og samarbeidsutval.

Forskrifta vil tydeleggjere vilkåra for å få permisjon, noko som også gjer det enklare for sakshandsamar å vurdere kvar enkelt søknad.

Kommunedirektøren tilrår at forskrifta vert sendt på høyring for å oppfylle kravet i

forvaltningslova § 37, og at høringsfristen vert sett til 16.11.25. Då kan forskrifta handsamast endeleg i kommunestyret 11.12.25.

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Solund kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Solund kommunestyre **[dato]** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Formål

Forskrifta skal sikre lik praksis for permisjon frå den offentlege grunnskulen i Solund kommune og gjere regelverket føreseieleg for dei som søker permisjon. Forskrifta har også som formål å redusere omfanget av fråvær.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for elevar i den offentlege grunnskulen i Solund kommune.

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Elevar kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg. Permisjonssøknader skal vurderast individuelt.

I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg, vil det mellom anna bli lagt vekt på

- a. Kva som er det beste for eleven
- b. Undervisningsopplegget i permisjonstida
- c. Kva opplæring eleven får i permisjonstida
- d. Om eleven har hatt permisjon tidlegare, eller har hatt ugyldig fråvær tidlegare
- e. Det faglege nivået til eleven

Føresette har plikt til å syte for nødvendig opplæring i fråværsperioden slik at eleven kan følge opplæringa etter fråværet.

§ 4. Faste prøver og andre periodar der permisjon normalt ikkje skal gjevast

Det skal normalt ikkje gjevast permisjon i periodar der det vert gjennomført

- a. Nasjonale prøver
- b. Obligatoriske kartleggingsprøver
- c. Eksamen
- d. Andre sentrale vurderingssituasjonar
- e. Leirskule

Det vert normalt ikkje gjeve permisjonar ved oppstarten av skuleåret. Det same gjeld siste halvår på 10. trinn.

§5. Øvre grense for permisjon per skuleår

Elevar kan få innvilga inntil 10 dagar permisjon per skuleår, dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Dei 10 dagane kan fordelast over fleire permisjonar.

Dersom det vert søkt om fri ut over ein samanhengande periode på 10 dagar må eleven skrivast ut av skulen og søkje seg inn att når eleven er tilbake. Føresette må då gje melding til Solund kommune om at dei startar opp privat grunnskuleopplæring i heimen etter opplæringslova § 22-5.

§6. Sakshandsamingsreglar

Foreldre eller fosterforeldre kan søkje om permisjon.

Søknaden må vere skriftleg og det må grunngjevast kvifor det vert søkt om permisjon.

Søknad om permisjon etter opplæringslova § 2-2 skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova (kapittel IV-VI). Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.

Kontaktlærar kan innvilge permisjon for inntil to dagar av gongen. Søknad om permisjon i 1-2 dagar i løpet av eit skuleår skal innvilgast dersom vilkåra i §§ 3-5 er oppfylte.

Leiar for oppvekst og kultur avgjer søknader om permisjon utover dette, og innvilgar søknader dersom vilkåra i §§ 3-5 er oppfylte og det er gode grunnar til å innvilge søknaden.

§ 7. Helserelatert fråvær

Det er ikkje nødvendig å søkje om permisjon i samband med helserelatert fråvær som til dømes tannlege, lege eller andre helseinstansar. Fråvær om dette vert meldt direkte til kontaktlærar.

§ 8. Deltaking i elevdemokrati mv.

Det er ikkje nødvendig å søkje om permisjon i samband med deltaking i elevråd, ungdomsråd, samarbeidsutval eller skulemiljøutval. Fråvær om dette vert meldt direkte til kontaktlærar.

Slikt fråvær tel ikkje med på den øvre grensa på 10 dagar permisjon, jf. §5.

§ 9. Endringar i forskrifta

Kommunedirektøren kan gjere redaksjonelle endringar i forskrifta. Andre endringar skal vedtakast av kommunestyret.

§ 10. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.



Saksframlegg

Arkiv: K2-A22, K3-&00
ArkivsakID: 25/774
JournalpostID: 25/2919
Sakshandsamar: Øystein Bolset Strand
Dato: 15.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
055/25	Formannskap	29.09.2025
047/25	Kommunestyre	02.10.2025

Høyring - Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre legg forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Vedlegg i saka:

16.09.2025 Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune, Vestland

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

[Opplæringslova § 4-5 femte ledd](#)

Kva saka gjeld:

Lokal forskrift om skulefritidsordning etter opplæringslova

Saksutgreiing:

Solund kommune sine vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) vart vedtekne i kommunestyret i 2014. Etter ny opplæringslov skal alle lokale forskrifter kunngjerast på lovdata.no. Sidan vedtektene om skulefritidsordninga var vedtekne etter gamal opplæringslova, har ein ikkje publisert desse. Statsforvaltaren i Vestland har halde tilsyn med alle kommunar i fylket for å undersøkje om alle forskrifter etter opplæringslova er publiserte på lovdata.no. Solund kommune har som ein følgje av dette fått pålegg om å publisere forskrift om skulefritidsordninga innan utgangen av 2025. I staden for å publisere vedtektene frå 2014, legg kommunedirektøren fram eit framlegg til ny og oppdatert forskrift. Dette har samband med at det er behov for å oppdatere reglane, mellom anna knytt til at det no er innført 5-dagars skuleveke for 1.-4. klasse og at SFO-tilbodet difor er endra i forhold til gjeldande vedtekter.

Skulefritidsordninga er eit lovpålagt tilbod før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn og elevar med særlege behov på 1.-7.trinn. Skulefritidsordninga er heimla i § 4-5 i opplæringslova, der det også er fastsett at skal kommunen gje forskrift om skulefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om:

- Eigarforhold
- Opptaksmyndigheit
- Opptaksperiode og oppseiing
- Foreldrebetaling
- Leike- og opphaldsareal
- Dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- Personale og leiing

Vidare er det fastsett at kommunen kan krevje foreldrebetaling og at rektor skal vere leiar dersom ikkje kommunen bestemmer noko anna.

Slik det er i dag, er det tilbod om skulefritidsordning berre på skuledagar. Det vil seie at skulefritidsordninga er stengt i alle feriar i løpet av året og heile sommaren. Opningstida er frå kl. 07.30-08.50, som er skulestart, og frå skuleslutt kl. 14.25-16.30.

Etter forvaltningslova § 37 skal dei som forskrifta gjeld for, få høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken. I denne samanhengen vil det særleg gjelde føresette, samarbeidsutval, FAU og tilsette gjennom fagorganisasjonane.

Vurdering:

I stor grad er dei reglane frå dei gjeldande vedtektene føreslått vidareført i framlegget til ny forskrift. Ansvar for skulefritidsordninga vert liggande til rektor som tidlegare. Det inneber at rektor har det overordna administrative, faglege og økonomiske ansvaret for SFO, i tillegg til at rektor er opptaksmyndigheit og er ansvarleg for å handsame søknader.

Opptakskriteria er gjort enklare, ved at ein har teke vekk prioriteringslista for kven som skal ha plass. Erfaringa viser at det ikkje er behov for desse, då elevkulla ikkje er så store at det er utfordrande med nok plassar.

Den største endringa elles er at det er gjort framlegg om å utvide opningstidene på skulefritidsordninga til å også gjelde delar av skuleferiane. Kommunedirektøren ser at det kan vere utfordrande for føresette at skulefritidsordninga berre er open på skuledagar. I dei fleste familiane er begge føresette i arbeid, og då kan det vere vanskeleg å få kvardagen til å gå rundt i dei vekene skulefritidsordninga er stengt. Difor ligg det eit framlegg om å auke opningstida til haustferien, vinterferien, frå første kvardag i august og fram til plandagane før skulestart, og ut juni etter skuleslutt. Dette er også i tråd med det som er praksis i mange andre kommunar. Det er lagt opp til at rektor kan fastsetje opningstida i skuleferiane, og at vedkomande har dialog med føresette om dette på førehand.

Ei slik utviding av SFO-tilbodet vil ha økonomiske konsekvensar. Dersom ein tek utgangspunkt i ei opningstid frå 07.30-16.30 vil dette koste om lag kr 200 000 i året. Det tilsvare 0,3 årsverk som fagarbeidar. Anten må dette løysast internt ved at ein flyttar tilsette ut frå oppgåver dei har på skulen, eller det må tilførast friske midlar. Det må i så fall innarbeidast i økonomiplanen.

Kommunedirektøren tilrår at forskrifta vert sendt på høyring for å oppfylle kravet i forvaltningslova § 37, og at høyringsfristen vert sett til 16.11.25. Då kan forskrifta handsamast endeleg i kommunestyret 11.12.25.

Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Solund kommunestyre **[dato]** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1. Føremål

Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Forskrifta skal gjere regelverket meir tilgjengeleg og føreseieleg for dei som nyttar seg av SFO.

§ 2. Eigarforhold

Solund kommune er eigar av skulefritidsordninga som er knytt til den offentlege grunnskulen i Solund kommune.

§ 3. Opptaksmyndigheit

Rektor ved Solund skule er opptaksmyndigheit for SFO. Opptak skjer i samarbeid med SFO-ansvarleg.

§ 4. Opptakskriterium

Skulefritidsordninga er open for alle elevar på 1.-4. trinn som søker plass.

For elevar med særskilte behov frå 5.-7. trinn som søker plass er kriteriet at eleven må ha nedsett funksjonsevne som fører til omfattande og/eller vedvarande trong for tilsyn før og etter skuletid. Søknaden skal grunngjevast og dokumentasjon frå sakkunnig instans skal leggjast ved søknaden.

§ 5. Opptak, oppseiing og endring

Hovudopptak for nye søkjarar er 1. mai kvart år. Vidare opptak skjer fortløpande gjennom året, dersom ressursituasjonen gjer det mogleg. Endring av plass kan søkjast om fortløpande gjennom året, dersom ressursituasjonen gjer det mogleg.

Søknad om opptak eller endring skal sendast elektronisk via heimesida til Solund kommune.

Elevar har plass til og med 4. trinn og til og med 7. trinn for elevar med særskilte behov. Dersom eleven skal slutte på SFO før utgangen av 4. trinn/7. trinn, må plassen seiast opp. Ved oppseiing av plass vert det rekna ein månad oppseiingstid frå den datoen oppseiinga er levert. Oppseiinga må sendast elektronisk via heimesida til Solund kommune.

§ 6. Foreldrebetaling

Betalingssatsar vert fastsett av kommunestyret årleg. Foreldrebetalinga er 11 månader per år. Juli er betalingsfri månad.

Ved opptak frå nytt skuleår skal det betalast for plassen frå 1. august. Ved opptak i løpet av året skal det betalast frå den datoen eleven er tildelt plass.

§ 7. Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga har eigen base på Solund skule og kan nytte andre rom på skulen ved behov. Skulefritidsordninga kan nytte utearealet ved skulen.

§ 8. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Skulefritidsordninga har opningstid på skuledagar frå 07.30 til skulestart og frå skuleslutt til 16.30.

I skuleferiar er det ope følgjande dagar måndag til fredag:

- a. Frå første kvardag i august og fram til skulestart, med unntak av plandagar
- b. I haustferien
- c. I vinterferien
- d. Etter skuleslutt i juni og ut månaden

Rektor fastset opningstid i skuleferiane, etter dialog med føresette.

§ 9. Leiing og ansvar

Rektor ved Solund skule har det overordna administrative, faglege og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga.

Rektor kan delegere mynde til SFO-ansvarleg i saker som vedkjem SFO-drifta. SFO-ansvarleg skal ha minimum fagarbeidarutdanning.

Samarbeidsutvalet ved Solund skule kan handsame saker som vedkjem SFO. SFO-ansvarleg har møte- og talerett i slike saker.

§ 10. Bemanning

Bemanninga skal vere forsvarleg ut i frå alderen og føresetnadene til borna. Grunnbemanninga skal vere minimum ein vaksen pr. 12 barn som nyttar SFO på same tid. Barn med særlege behov kan utløyse ekstra bemanningsressursar.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.



Saksframlegg

Arkiv: K1-144, K2-K00
ArkivsakID: 21/553
JournalpostID: 25/2931
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 16.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
057/25	Formannskap	29.09.2025
048/25	Kommunestyre	02.10.2025

Vedtak temaplan for klima, energi og naturmangfald

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek planframlegget slik det ligg føre.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Heile saka: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2021000553!1kMXGG

Kunnskapsgrunnlag til temaplan for klima, energi og naturmangfald 2024

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-123851_1_A!d-2022006654!SpndF8?pid=3

K.sak 017/24 Høyring temaplan klima, energi og naturmangfald:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-119090_12_A!d-2022006654!3OUtJP?pid=3

K.sak 048/24 og 083/24 Vedtak av temaplan for klima, energi- og naturmangfald (begge i same sak): https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-127293_14_A!d-2022010677!cvxFfN?pid=3

Utkast til plandokument i k.sak 048/24 og 083/24:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-129943_1_A!d-2022010677!7v8vg3?pid=3

Kva saka gjeld:

Politisk vedtak av temaplan for klima, energi og naturmangfald.

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Solund kommune sin temaplan for klima, energi og naturmangfald vart lagt ut på høyring 22. april 2024 med høyringsfrist 1. juli 2024. Planen vart lagt fram for vedtak i kommunestyremøte 26. september, der saka vart utsett. Det var ny sak i kommunestyremøte 12. desember i 2024, der det vart gjort følgjande vedtak:

«Solund kommunestyre vedtek dei overordna målsetjingane i plan for klima, miljø og naturmangfald.

Det skal arbeidast vidare med dei konkrete tiltaka.

Skotpremie på mink vert innarbeidd i planen.»

For ytterlegare om prosessen fram til desember 2024 vert det vist til saksframlegg k.sak 017/24 Høyring temaplan klima, energi og naturmangfald, og k.sak 048/24 og 083/24 Vedtak av temaplan for klima, energi- og naturmangfald.

Solund kommune har fått tilskot til å utarbeide planen, både frå Vestland fylkeskommune (klimaplan) på kr. 160.000, og Miljødirektoratet (naturmangfaldsplan) på kr. 125.000. Solund kommune har fått endeleg frist for vedtak av naturmangfaldsdelen av planen den 20. oktober. For å behalde tilskotet til naturmangfaldsplanen er det difor nødvendig å vedta i alle fall naturmangfaldsdelen av planen i dette møtet. Det er sjølvstendig å gjere endringar i plandokumenta i dei politiske møta 29. september og 2. oktober.

Kort om plandokumentet

Det er nokre moment som er viktige å ha med seg i arbeidet fram mot endeleg vedtak:

- Planen gjeld Solund kommune som organisasjon, og ikkje Solund-samfunnet. Tiltaka gjeld difor det som Solund kommune som organisasjon kan gjere noko med, i tillegg til deltaking i nettverk/samarbeid og arbeid ut mot samfunnet.
- Det har vore lagt til grunn at plandokumentet skulle gjerast enkelt.
- Det er lagt fokus på å gjere tiltak gjennom dei tiltaka som Solund kommune allereie gjer, dvs. å legg til punkt for utsjekkar, utvide mengda informasjon og ta betre val.

Endringar i plandokumentet

Planframlegget er basert på planframlegget frå desember, men det er gjort nokre endringar i plandokumentet. Det som er hovudgrepet er at tiltakslista er gått grundig gjennom og det er teke ein utsjekk på kva som er realistisk å gjennomføre. Dette har ført til at det er teke ut tjue tiltak, ein del tiltak er revidert og presisert, men det er også lagt til nokre tiltak som passar inn i ambisjonsnivået på resten av tiltakslista.

Av andre endringar som er gjort kan det nemnast at tidsplanen for gjennomføring av tiltaka er justert, både måleindikatorar og innspel til andre planar er teke heilt ut av dokumentet, og teksten under ansvarsartar og -naturtypar er tydeleggjort.

Tiltaka for naturmangfaldstemaet er teke ut på ei eiga side, slik at det vert lettare å vedta berre naturmangfaldsdelen av planen dersom dette er aktuelt. Desse tiltaka er også ein del av tiltaka under dei tre strategiane tidlegare i dokumentet, slik at ein kan ta ut den sida med naturmangfaldstiltak, dersom det er ynskjeleg.

Det vert også tilrådd med ei presisering av målet om å redusere direkte utslepp: «Solund kommune **som organisasjon** reduserer klimagassutsleppa med 40 % frå 2021-nivå innan utgangen av 2030 i tråd med nasjonale forventningar». Dette vert tilrådd å gjere for å tydeleggjere målsettinga.

Endringane er ikkje synleggjort med spor endringar eller liknande.

Innspel

Det vart halde ei open innspelsrunde før plandokumentet vart utarbeida. Innspela som kom inn i den opne innspelsrunda som vart halde før plandokumentet vart utarbeida har

ikkje vore like tydeleg handsama som innspel til høyringsdokumentet, men er teke direkte med i planen der dette har vore vurdert som relevant. Innspela i denne fasen var frå nokre få frå lokale aktørar (sjå innsyn sak 21/553). Desse omhandla i grove trekk:

1. Innspel til arealbruk og busettingsmønster
2. Akvakultur som næring
3. Stimuleringsmidlar
4. Kompetanseheving og kommunikasjonsarbeid
5. Gjenbruk
6. Tiltak på kommunale bygg
7. Ivaretaking av fugl og amfibie
8. Ivaretaking av våtorganisk avfall

Vurderingane av innspela var overordna som følgjer:

Planen omfattar ikkje areal og planen legg ikkje føringar for økonomiplanen. Dei tre første tiltaka er difor ikkje direkte relevante for denne planen, men det er tiltak som kan vere aktuelle i arbeidet med arealplanar og økonomiplan. Dei vert difor teke med for vurdering i dei planarbeida. Akvakultur som næring vert rekna som eit tema som eignar seg i samfunnsdelen. Det er avgrensa handlingsrom for ein kommune knytt til ureining og krav til enkeltaktørar.

Når det gjeld innspel under punkt fire, fem og seks, så er dette tiltak som vert rekna som innarbeida i ei eller anna form i tiltakslista. Dette gjeld også ivaretaking av fugl. Amfibie er ikkje teke med sidan dialogen med Statsforvaltaren førte til at amfia ikkje vart prioritert opp mot dei andre artane som er på lista over ansvarsartar i planen. Innspelet om våtorganisk avfall er vanskeleg for ein kommune å gjere noko med, med unntak av å legge til rette areal.

Det kom ein del innspel i høyringsrunda når planframlegget vart lagt ut på høyring. Handsaminga av desse vart lagt fram i k.sak 048/24. Dette var utelukkande innspel frå sektor- eller regionale mynde.

Målsettingar for planarbeidet

Målsettingane som vart sett for planarbeidet i prosjektskissa var:

- Planprosessen skal bringe fram kunnskap og vidareformidle denne til Solund-samfunnet.
- Gjennom planprosessen skal det utarbeidast tydelege strategiar og tiltak for å møte klimaendringane og ta betre vare på naturmangfaldet, i ein aktiv og levande kommune.
- Klima-og naturmangfaldplanen skal bidra til eit meir heilheitlig kunnskapsgrunnlag for klima-og naturmangfaldet i kommunen.
- Klima-og naturmangfaldplanen skal vere eit grunnlag i arbeidet med neste revidering av Solund kommune sin samfunnsdel og arealdel.

Vurdering:

Konsekvensar av planen

For Solund kommune si drift har planen mindre konsekvensar, då det i stor grad er lagt opp til å gjere tiltak gjennom det kommunen allereie gjer. Det vil kunne føre til at til dømes renovering av kommunale bygg blir dyrare, eller at det er ein større jobb på informasjons- og kommunikasjonsarbeidet. Men planen legg opp til noko som er handterleg, og som vil sikre at organisasjonen når målsettingane for arbeidet. Tiltak som krev økonomiske midlar vil skje gjennom prioriteringar i økonomiplanen.

Med arbeidet som omfattar koordinerings- kommunikasjons- og haldningsskapande arbeid, så vil Solund kommune kunne bidra til at forbrukarane tek betre val i sin kvardag. Solund

kommune har allereie i dag - med stor takk til Gulen kommune - ute informasjon på nettsida med tips om ein grønnare kvardag: <https://www.solund.kommune.no/tenester/naring-miljo-og-jordbruk/klima/ein-gronare-kvardag/> Det er forbrukarane som etterspør varer og tenester, og her er det difor store mogelegheiter for betring på klimafeltet om ein klarar å påverke forbrukarane.

Haldningsskapande arbeide vil også kunne påverke forbrukarane til å spare straum, og gjere tiltak for å spare straum på bygningsmasse og etablere eiga, privat straumforsyning.

Grepet med ansvarsartar og -naturtypar er etablert for å kunne bruke desse artane som konkrete døme for å fortelje om verdiane som Solund har på naturmangfaldsfeltet. Kjennskap til artane vil kunne føre til eit større eigarskap og engasjement for å ta vare på naturverdiane.

Oppfylging av målsettingar for planarbeidet

Alle planar som Solund kommune vedtek vil ligge til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, det vil også gjelde denne planen. Det er i samfunnsdelen dei overordna prioriteringane vil bli gjort.

Det er etablert eit eige kunnskapsgrunnlag til planen tideleg i planprosessen, medan det i mindre grad er formidla aktivt ut til Solund samfunnet.

Planen omfattar både strategiar og tiltak som er realitetsorienterte mot Solund kommune.

Det vert difor vurdert slik at planen slik den vert lagt fram i saka, i stor grad til å svare på målsettingane. Målsettinga om å vidareformidle kunnskapen vil vere eit kontinuerleg arbeid, og det er lagt opp til mange tiltak som støttar opp om dette i planen og dermed i det vidare arbeidet med å gjennomføre planen.

Samla vurdering

Kommunedirektøren vurderer det slik at planen er gått gjennom sidan førre sak i desember på ein slik måte at den svarar ut det som politikarane etterlyste. Tiltakslista er gått gjennom og sikra at det er realisme i denne. Det er ein plan som er mogeleg å følge, og følge opp for Solund kommune, og den løyser i stor grad målsettingane for planarbeidet.



Solund kommune



TEMAPLAN FOR KLIMA, ENERGI OG NATURMANGFALD


2026 -2038 Vedtekte i kommunestyret

XX.XX.XXX



Innhald

Om planen	2
Kva	2
Kven, kor og når	2
Kvifor	2
Korleis	2
Tema og målsettingar	3
Tiltaksprogram	4
Strategiar	4
Kompetanseheving og deltaking i nettverk og samarbeid	5
Koordinerings-, kommunikasjons- og haldningsskapande arbeid	6
Tiltak i kommunal organisasjon og forvaltning	7
Tiltak på tvers av strategiar for temaet naturmangfald:	8
Ansvarsartar og -naturtypar	9
Vedlegg	10
Kart	11



Ansvarsartar og -naturtypar. Bildekreditering og artsnamn lenger bak i plandokumentet. Les meir om ansvarsartar og -naturtypar lenger bak.



Om planen

Kva

Dette er ein temaplan som ikkje følgjer plan og bygningslova (PBL), men det er i stor grad valt å følgje prosessen som PBL legg opp til.

Ved eit politisk vedtak legg planen føringar for drifta, men vert vekta mot andre omsyn og ressursmessige prioriteringar ved vedtak av overordna planar, som til dømes økonomiplanen. Både i kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi frå 2024 står det at det skal lagast ein klimaplan.

Solund kommune har ein klimaplan frå 2011 som har vore god, men som har vore lite nytta. Initiativ knytt til klima, energi og naturmangfald har i stor grad vore avhengig av enkeltindivid i organisasjonen. Med denne planen vil ein forsøke å få organisasjonen og samfunnet til å «marsjere meir i takt».

Side | 2

Kven, kor og når

Solund kommune kan legge føringar for eiga drift, planlegge og opplyse andre, og i tillegg oppmode og legge til rette for at andre aktørar også kan gjere ein innsats. Planen gjeld for Solund kommune og legg føringar for det kommunen har direkte handlingsrom til.

Perioden for planen er 2026 – 2038, men planen bør reviderast før. Planen bør implementerast i samfunnsdelen i neste revisjon.

Kvifor

Vi menneske forvaltar jorda på ein slik måte at det fører til klimaendringar og utrydding av naturmangfaldet i stort tempo. Og dette har skjedd over lang tid. Vi skal elektrifisere og ser difor ei energikrise horisonten. Du kan lese meir om dette i vedlagt kunnskapsgrunnlag.

Men kva gjer vi med det, og korleis?

Korleis

Vi lagar ein plan for det Solund kommune kan gjere noko med: konkrete og i størst mogeleg grad målbare tiltak som er realistiske å gjennomføre, og som balanserer klima, naturmangfald, energi og sosial berekraft.

Det vert foreslått løyst gjennom nettverksarbeid, kommunikasjon og tiltak i kommunal organisasjon.

Planen bidrar til å arbeide med ei rekkje av berekraftsmål.





Tema og målsettingar

Målsettingane vart vedteke i kommunestyremøte 12.12.2024.

Side | 3

Basert på innspel og føringar har følgjande tema og mål danna seg:

- Solund representerer eit miljømessig og sosialt berekraftig samfunn, gjennom kunnskap, tverrfagleg samarbeid og handling.
- Reduserer klimaavtrykket
 - Vi reduserer klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar¹ og redusert materielt forbruk.
- Redusere direkte utslepp
 - Solund kommune **som organisasjon** reduserer klimagassutsleppa med 40 % frå 2021-nivå innan utgangen av 2030 i tråd med nasjonale forventningar.
- Trygt og robust Solund
 - Ein trygg og god plass å bu i eit samfunn som er førebudd på klimaendringane.
- Klimarettferd og folkehelse
 - Solund kommune vurderer konsekvensar for klima, naturmangfald og sosial berekraft i prosessar og tiltak.
- Ivareta naturverdiane i Solund
 - Gjennom forvaltning, arealplanlegging, og ved kunnskapsformidling tek Solundsamfunnet vare på særprega og verdifullt naturmangfald.



Foto: Shutterstock

¹ **Sirkulære løysingar** handlar om å bruke ressursar på ein måte som reduserer avfall, ved å gjenbruke, reparere og resirkulere ting, slik at vi skapar eit system der ingenting vert kasta.



Tiltaksprogram

Strategiar

- Kompetanseheving og deltaking i nettverk og samarbeid
- Koordinerings-, kommunikasjons- og haldningsskapande arbeid
- Tiltak i kommunal organisasjon og forvaltning

Side | 4

Prioriterte tiltak er tiltak som er vurdert som raske å gjennomføre og/ eller har stor effekt.

Gjennomføring: 2026 - 2027.

Andre tiltak er tiltak som kan ta lenger tid å gjennomføre og/ eller har mindre effekt. Her ligg det også ein del tiltak som allereie er sett i gang, og som ikkje treng ytterlegare prioritering av den grunn. Gjennomføring etter 2027 vert prioritert administrativt og politisk i samband med planlegging av driftsåret 2028.

Ansvar for gjennomføring av tiltaka ligg til Solund kommune om ikkje anna er spesielt nemnt.

Planen er laga for Solund kommune som organisasjon, og det er Solund kommune som organisasjon som har ansvar for gjennomføring av tiltaka. Aktuelle aktørar vert kopla på ved behov.

Planen legg ikkje føringar for økonomi eller for arealbruk, men skal leggst til grunn ved revisjon av andre planar.



Kompetanseheving og deltaking i nettverk og samarbeid

Prioriterte tiltak:

- Delta aktivt i nettverk og samarbeid med næringsliv, innbyggjarar og andre kommunar i samsvar med kommunale planar og ressursmessig kapasitet, for å sikre kompetanseheving og rasjonalitet.

Side | 5

Andre tiltak:

- Samarbeide med aktørar i lokalsamfunnet om innspel om kraftbehov.
- Samarbeide med frivillige organisasjonar i kommunen for å nå måla.
- Hjelpe aktørane i landbruks- og næringsorganisasjonar i ei berekraftig omstilling.
- Arbeide med haldningar for å redusere den interne biltrafikken på Hardbakke.



Solund kommunestyre arbeidsverkstad 2024



Koordinerings-, kommunikasjons- og haldningsskapande arbeid



Prioriterte tiltak:

- Forvaltning av eigarskap ved å oppmode til grøn omstilling i alle selskap med kommunal eller interkommunal eigarskap.
- Legge til rette for privat, småskala matproduksjon ved å koordinere, informere og drive haldningsskapande arbeid, samt stille tilgjengeleg areal til disposisjon når det er aktuelt.
- Stimulere til auka reperasjon og gjenbruk ved å arrangere aktivitetar med dette som fokus. (Solund kommune saman med interessentar).
- Køyre kampanjar for nedkjemping av framande artar og for kartlegging av naturmangfald, ved kommunikasjonsarbeid.
- Etablere ordning for skotpremie for mink med auka sats frå standard (100 kr.).
- Kommunikasjonsarbeid om forvaltning av leveområda til ansvarsartar og -naturtypar.
- Sende innspel om sikringstiltak på linjenettet for hubro til linjeeigar.
- Utarbeide publikumsinformasjon med aktuelle tiltak, t.d. redusert matsvinn, og gå og sykle til butikken/trening/jobb kampanjar og liknande.

Side | 6

Andre tiltak:

- Stimulere til å etablere nye beitelag, ved kommunikasjonsarbeid og rådgjeving i etableringsfase.
- Koordinere søknader og bidra til å finne fram stønadsordningar i samband med plantemaa i tråd med kommunale planar og ressursmessig kapasitet. (Solund kommune saman med interessentar).
- Rettleie om fortetting og gjenbruk av areal og byggmateriale i byggesak.
- Lage og gjennomføre undervisningsopplegg som tek temaa opp i seg.
- Vere ein pådrivar for auka innsamling av landbruksplast og drenering av jordbruksareal, ved kommunikasjonsarbeid.
- Oppmode om utbygging av ladepunkt, koordinere søknader og orientere om søknadsmogelegheiter.
- Dialog om omstilling i klimarisikoutsette² næringar.
- Rettleie private vassverk for å sikre vasskvaliteten i kommunen.
- Involvere ungdomsrådet og fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i politiske saker om deira framtid, ved å legge fram saker for drøfting og vedtak.
- Stimulere til at lokale verksemder miljøsertifiserer seg gjennom kommunikasjonsarbeid.
- Oppmode NGIR om utvida opningstid og mottak av fleire typar avfall, og kjeldesortering for næringslivet.
- Jobbe for at å finne ei løysing for handtering av hageavfall.
- Oppmode til og sikre enkel søknadsprosess i tråd med lovverket, for energieffektiviserande tiltak³, og i tillegg små, private energi- og geotermisk varmeanlegg⁴.
- Informere innbyggjarar om klimatilpassingstiltak for å styrke klimaførebuinga og redusere klimagassutslepp.
- Styrke delingsøkonomi ved å sikre økonomisk handlingsrom for BUA og Gjenbruket.

² **Klimarisiko** er farane eller utfordringane som kjem som følge av klimaendringar, som for eksempel meir ekstremt vær, havnivåauke eller tørke.

³ **Eit energieffektiviserande tiltak** er ei handling eller eit system som hjelper til med å bruke mindre energi, som til dømes å isolere bygningar eller bruke meir effektive varmesystem.

⁴ **Eit geotermisk varmeanlegg** er eit system som brukar varmen frå jorda til å varme opp bygningar på ein effektiv og miljøvennleg måte.



Tiltak i kommunal organisasjon og forvaltning

Prioriterte tiltak:

- Utbetring av VA-anlegg på Hardbakke.
- Sikre klima og miljøomsyn i innkjøp.
- Revidere ROS-analyse⁵, jamfør kommunal planstrategi.
- Ta ansvar for artar og naturtypar som er særskilde og verdifulle i nasjonal målestokk. Sjå under.
- Revidere drifts- og vedlikehaldsplan i tråd med nye krav, jamfør kommunal planstrategi.
- Forankre klimamåla: Sikre at alle i kommunen sin organisasjonen jobbar for å nå klimamåla, på tvers av sektorar.
- To sakshandsamarar i Solund kommune får tilgang til kart over skjulte artar. (I samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland.)



Side | 7

Andre tiltak:

- Nytte seg så langt som mogeleg av lokalt næringsliv, lokal produksjon og lokal mat.
- Sende innspel til Skyss om å etablere fleksible mobilitetsordningar.
- Legge til rette for og stimulere aktivitet der folk bur, for å redusere behovet for mobilitet.
- Arbeide for gjenbruk av kommunal bygningsmasse og inventar kommunale bygg. (Solund kommune saman med interessentar).
- Vurdere miljøpåverknaden ved søknader om nydyrking.
- Orienterare organisasjonen om kommunale el-syklar.
- Vurdere å stille klima- og miljøkrav i kommunale tilskotsordningar der det er aktuelt.
- Forvalte eigne drikkevasskjelder for å sikre drikkevasskvaliteten. Utarbeide beredskapsplan for kommunale drikkevasskjelder med fokus på sårbarheit og kvalitet.
- Vurdere om klimatiltak kan påverke ulike grupper i samfunnet på ein negativ måte i saksbehandling.
- Solund kommune går gjennom kartleggingsstatus for naturmangfald i kommunen. (I samarbeid med Statsforvaltaren og eventuelt fylkeskommunen.)
- Starte prosess for hummarfreding. (I samarbeid med Fiskeridirektoratet med fleire.)
- Arbeide vidare med kartlegging av fysisk klimarisiko i kommunen.
- Legge til rette for gåande og syklande, ved å sikre eit effektivt, tiltalande og trygt alternativ til bil i sentrum.
- Arealplanlegging og sakshandsaming som tek omsyn til ansvarsartane og -naturtypeane.
- Gjennomføre energieffektiviseringstiltak i kommunale bygg ved renovering, og ta i bruk lokale, småskala energikjelder og i tillegg geotermisk varme.
- Rådgje i landbruk ved blant anna å nytte klimakalkulator⁶.
- Rådgje landbruksnæringa for å sikre biologiske mangfald, og tar vare på kulturlandskapet og matjorda.
- Måle vasskvalitet i indre hamn på Hardbakke i sommarsesongen.
- Gå over til nullutslepps transportmiddel.
- Etablere kjeldesortering i alle delar av organisasjonen.
- Gjenbruk av areal som allereie er teke i bruk.
- Etablere resirkulerbare dekke på aktivitetssområde i kommunal regi, når dette er reelle alternativ.
- Ta i bruk VLFK Vestland fylkeskommune sine berekraftsindikatorar – [lenke](#).

⁵ Ein ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse) er ein metode for å finne ut kva farar og risikoar som kan påverke eit prosjekt eller ein situasjon, og korleis ein kan handtere dei.

⁶ Klimakalkulatoren er et digitalt verktøy som er spesielt utviklet for landbruksnæringen og den norske bonden, og gir bonden oversikt over utslipp og hvilke muligheter som finnes både for å redusere utslipp og binde karbon som finnes på gårdsnivå.



Tiltak på tvers av strategiar for temaet naturmangfald:

Desse tiltaka er også nemnt under strategiane lenger oppe. Sjå meir under «Ansvarsartar og -naturtypar» i plandokumentet.

Side | 8

Prioriterte tiltak:

- Delta aktivt i nettverk og samarbeid med næringsliv, innbyggjarar og andre kommunar i samsvar med kommunale planar og ressursmessig kapasitet, for å sikre kompetanseheving og rasjonalitet.
- Køyre kampanjar for nedkjemping av framande artar og for kartlegging av naturmangfald, ved kommunikasjonsarbeid.
- Etablere ordning for skotpremie for mink, med auka sats frå standard.
- Ta ansvar for artar og naturtypar som er særskilde og verdifulle i nasjonal målestokk. Sjå meir lenger bak.
- To sakshandsamarar i Solund kommune får tilgang til kart over skjulte artar. (I samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland.)
- Kommunikasjonsarbeid om forvaltning av leveområda til ansvarsartar og -naturtypar.
- Sende innspel om sikringstiltak på linjenettet for fugl til linjeeigar.

Andre tiltak:

- Samarbeide med frivillige organisasjonar i kommunen for å nå måla.
- Stimulere til å etablere nye beitelag, ved kommunikasjonsarbeid og rådgjeving i etableringsfase.
- Koordinere søknader og bidra til å finne fram stønadsordningar i samband med plantemaa i tråd med kommunale planar og ressursmessig kapasitet. (Solund kommune saman med interessentar).
- Lage og gjennomføre undervisningsopplegg som tek temaa opp i seg.
- Jobbe for at etablere ei løysing for handtering av hageavfall.
- Solund kommune går gjennom kartleggingsstatus for naturmangfald i kommunen. (I samarbeid med Statsforvaltaren og eventuelt fylkeskommunen.)
- Starte prosess for hummarfreding. (I samarbeid med Fiskeridirektoratet med fleire.)
- Arealplanlegging og sakshandsaming som tek omsyn til ansvarsartane og -naturtypane.
- Etablere resirkulerbare dekke på aktivitetsområde i kommunal regi, når dette er reelle alternativ.



Hubro. Foto: Rune Aae – bilde henta frå WWF Norge.



Ansvarsartar og-naturtypar

Dette er eit konkretiserande grep som er gjort lokalt, basert på at Norge har ein del artar som Norge har eit spesielt ansvar i samsvar med Bern⁷-konvensjonane. Utvalet av artar og naturtypar er basert på dialog med Statsforvaltaren i Vestland.

Å ha ei konkret liste over artar og naturtypar gjer det enklare å formidle kring naturmangfaldet. Det gjer også at det er lettare å sette inn konkrete tiltak, spesielt retta mot desse typene naturmangfald. Å sette søkjelyset på artar og naturtypar vil gjere det lettare for grunneigarar å forvalte områda rett og å lettare å få aksept for tiltak som omsynssoner eller naturformål i arealplanlegging.

Utvalet av A-lokalitetar og artar er ikkje basert på ny kunnskap, slik at statusen på områda er formelt sett den same som den allereie har vore kartlagt som tidlegare. Desse artane og naturtypene har allereie ein status som nasjonalt viktig.

Side | 9

Dei to tiltaka under er generelle tiltak som gjeld alle artar og naturtypar som er nemnt under:

- Arealplanlegging og sakshandsaming som tek omsyn til ansvarsartane og -naturtypene.
- Kommunikasjonsarbeid om forvaltning av leveområda til ansvarsartar og -naturtypar.

Hubro*)

- Skjøtsel i tråd med tilrådd praksis frå fagmiljø i Norge. <https://www.nibio.no/nyheter/hvordan-skiotte-kystlynghei-for-hubro>

Vandrefalk*)

Kystlynghei inkludert purpurlyng A-lokalitetar

- Kolgrov, Lågøy nord, Vassøy, Ørneberget-Tuva, Steinsund, Færøyna, Olderkalven nordvest, Lågøy sør og Hågøy.
https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/enkelt-sok/?ds=5&f1=46_Vestland&f2=46_Solund&f7=Sv%C3%A6rt%20viktig&f6=Kystlynghei
- Skjøtsel i tråd med tilrådd praksis frå fagmiljø i Norge (døme på skjøtelsplan):
<https://kudos.dfo.no/documents/48975/files/31407.pdf>

Naturbeitemark A-lokalitetar

- Stroka, Råkeneset, Lambholmen, Leirvika, Sandholmen, Vesøyna, Bakkane, Aslaksøyna, Fiskholmen, Begla, Gjerdet-Bukkeveika, Losnegard: Kyrkjeneset –Tjøreneset, Britøyna, Ånnenappen, Sandvika: Utmarksbeite, Gåsvær – utmark, Olderkalven søraust, Trovågen og Vardøyna – Varøyskagen.
- Skjøtsel i tråd med rettleiar frå NIBIO
<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1191/m11912.pdf>
- og døme på skjøtelsplan: <https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/38964.PDF>

Tareskog og sukkertare

Kongsbregne

*) Tilhald for hubro og vandrefalk er skjult informasjon, fordi artane er svært sårbare.

⁷ **Bern-konvensjonen** er ein internasjonal avtale som skal beskytte ville dyr og planteliv, og sikre at dei ikkje blir utrydda eller får leveområde som blir øydelagde.

Vedlegg

- Kart:
 - Kystlynghei A-lokalitetar
 - Naturbeitemark A-lokalitetar
 - Tareskog A-lokalitetar
 - Sukkertare (ikkje definert verdi)
 - Kongsbregne
- Kunnskapsgrunnlag til temaplan for klima, energi og naturmangfald Solund kommune 2024 - Eige dokument

Side | 10

Vandrefalk. Foto: Frode Falkenberg. Bilde henta frå fuglevennen.no.



Kart

Kystlynghei ⁸A-lokalitetar

Kart - Produsert av Solund kommune mars 2024.



Side | 11



Kystlynghei Færøyna - bilde henta frå skjøtselsplan.




Kart- Naturbeitemark⁹ A-lokaliteter

Kart - Produsert av Solund kommune mars 2024.



Side | 12




Naturbeitemark, Stoka. Foto: Statsforvaltaren/ Henriette Bye – bilde henta frå Statsforvaltaren.

⁹ <https://www.nibio.no/tema/landskap/kulturlandskap-og-biologisk-mangfold/kulturmarkstyper/naturbeitemark>



Kart- Tareskog ¹⁰A-lokalitetar

Kart – Produsert av Solund kommune mars 2024.



Side | 13

Les meir om tareskog: <https://www.hi.no/hi/radgivning/marine-naturverdier-og-tiltak-i-kystsonen/marint-biologisk-mangfold/tareskog>



Tareskog. Foto: Havforskningsinstituttet/ Jonas Thormar – bilde henta frå HI.

¹⁰ <https://snl.no/tareskog>



Kart - Sukkertare¹¹ (ikkje definert verdi)

Kart henta frå Miljødirektoratet mars 2024.



Side | 14

Les meir om sukkertare: <https://www.miljodirektoratet.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2XEVH5EGIA4NNBLLSJCALSYXJT>



Sukkertare Foto: Erling Svensen – bilde henta frå norskfisk.no.

¹¹ <https://snl.no/sukkertare>



Kart - Kongsbregne¹²



Kart henta frå naturbase mars 2024.

Side | 15

Les meir om kongsbregne:

https://nhm2.uio.no/botanisk/nbf/blyttia/DR-2010C/Blyttia_45-2.pdf s. 89-92



Kongsbregne. Bilde henta frå Norskflora.no - Billeder af Nordens Flora, Mentz og Ostenfeld, København 1923

¹² <https://snl.no/kongsbregne>



Planen er utarbeida med støtte frå:



**Vestland
fylkeskommune**



**Miljø-
direktoratet**



Saksframlegg

Arkiv: K1-612
ArkivsakID: 25/768
JournalpostID: 25/2901
Sakshandsamar: Nikolai Birkeland
Stølsvik
Dato: 12.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
056/25	Formannskap	29.09.2025
049/25	Kommunestyre	02.10.2025

Vidare arbeid med nytt kommunehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek følgnade:

1. Kommunedirektøren utarbeidar kravspesifikasjon pr fag, og innhentar prisar for gjennomføring av entreprisa.
2. Kommunedirektøren ser på alternative finansieringsmodellar av tiltaket i samarbeid med styre i Solund Næringssenter AS.
3. Kommunedirektøren legg frem pris, gjennomføringsmodell og alternative finansieringsmodellar for kommunestyret.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Administrasjonen har sidan årsskiftet arbeida med arkitektføretaket Artec, på eit skisseprosjekt for eit moglegheitsstudie på nytt kommunehus for Solund kommune. Arbeidet har vore ei vidareføring av det som vart lagt til grunn av ei lokal arbeidsgruppe, der hovedfokuset var å sjå på, og lande den mest gunstige lokaliteten for eit nytt kommunehus for Solund kommune.

Saksutgreiing:

Administrasjonen har sidan januar arbeida tett med Artec på moglegheitsstudiet, der målsetjinga har vert å finne ei optimal arealmessing løysing og ein mogleg finansiering for etablering av nytt kommunehus på Solund næringsbygg. Næringsbygget har i dag ein anstrengt økonomi. Solund kommune er største eigar i Solund næringsbygg med omtrent 57,67% eigarandel. Ved å flytte kommunehuset inn i Solund næringsbygg vil ein kunne oppgradere ein større del av bygget, som i dag treng fornying og oppussing, mellom anna på røyropplegg og ventilasjon. Kommunedirektøren meiner ei slik oppgradering vil auke senterets attraktivitet. Og avhengig av finansieringsmodell i større eller mindre grad være med på å sikre Solund næringsbygg drift framover.

I tillegg til samarbeid med arkitekt har administrasjonen jamnleg oppdatert eigarar og leigetakarar av Solund næringssenter. Ein har gjennomført intervju med dei enkelte og forsøkt å best mogleg ivareta dei interessene og ønskene som har blitt presentert. Løysingsforslaget som ligg ved i saka stettar opp under desse ønskene.

Målsetjinga har vore å etablere naudsynt areal til kommunehuset på næringssenteret, utan å forringe kvalitetane dei noværande leigetakarane på bygget har, eller tvinge nokon av dei ut av bygningsmassen. Ein viktig føresetnad for arbeidet har vert at ein ønskjer å utvikle og bygge opp under det eksisterande, ikkje øydelegge det vi har.




Figur 1: Syner siste utkast av føreslått løysing for nytt kommunehus.

Forslaget som no ligg på bordet er ein kombinasjon av rehabilitering, nybygg og omrokking av eksisterande føretak. Forslaget bygger på å flytte nokre av dagens føretak, samt å fjerne mykje unødige gangareal og ellers tomme lager/kott. Ved å effektivisere planløysinga vil ein redusere ubrukt areal, tilrettelegge for fleire leigetakarar, og kunne tilby betre fellesareal og arbeidsforhold til alle brukarar av næringssenteret.

Det er skissert inn fleire fellesfunksjonar dei ulike leigetakarane kan nytte, mellom anna felles

kantine, sosiale soner og møteromsfasilitetar. Ein legg også opp til eit heilt nytt service- og innbyggertorg, samt ein inn innbydande portal inn i torget, som vert hjertet av næringsbygget.



Figur 2: Syner bygget ovanfrå, grønt areal er tilleggsareal til bygningskroppen.

Eit delmål av moglegheitsstudiet var å definere naudsynt areal for kommunehuset, i tillegg til å ivareta dagens leigetakarar. Ved endt studie ser ein at ein treng eit mindre påbygg for å handtere kommunens behov, men også at ein ved å redusere ubrukt og dødt areal vil klare å tilfredsstille leigetakarars behov med internt areal. Dette vil også bety at ein truleg kan halde leigeutgifter på nær tilsvarende nivå som i dag, då ein vil måtte heve leigekostnad, men vil effektivisere leigeareal. Solund kommune er for tida i dialog med NAV og framtidig samarbeidsavtale, nokke som kan påverke NAV sitt arealbehov.

Solund kommune frå si side kan velje å gå inn som leigetakar, eller kjøpe/investere i næringsbygget, eventuelt gje lånegarantiar. Kommunedirektøren ynskjer å utgreie kva modellar som er mest gunstig i lag med dei andre eigarane. I eigarskapsmeldinga vedtok kommunestyret følgjande: "Kommunestyret har vedteke å selje heile eller deler av aksjeposten under visse føresetnader. Eit viktig bygg for samfunnet i Solund". Solund kommune har fått førespurnad om kommunen er interresert i å kjøpe enkelte aksjepostar. Kommunedirektøren vurderer at slike kjøp fyst er aktuelt viss det visar seg at kommunehuset etablerast på Solund Næringsbygg og finansieringsmodell tilseier at det er teneleg med større kommunalt eigarskap. Fram til det vurderer kommunedirektøren vedtaket i eigarskapsmeldinga som dekkjande.

Vurdering:

Skissa som ligg til grunn er godt kvalitetssikra gjennom eit lengre forarbeid med arkitekt, samt styre og leigetakarar hjå Solund næringssenter. Ein har gjennom god dialog sikra leigetakars interesser og behov, inkludert Solund kommunes.

Neste naturlege steg vil være å definere krav og kvaliteta til bygningsmassen gjennom ein kravspesifikasjon pr. fag, som igjen vil være med å styre byggekostnad. Byggekostnad vil gå hand i hand med finansiering av tiltaket, og vidare modellen.



Saksframlegg

Arkiv: K2-L05
ArkivsakID: 25/786
JournalpostID: 25/2963
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
058/25	Formannskap	29.09.2025
050/25	Kommunestyre	02.10.2025

Prosjektgruppe Hamnesentrum – avklaring mandat

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre sluttar seg til følgjande mandat for prosjektet «Hamnesentrum» :

- Avklare ekspressbåtstopp før ein melder oppstart av planarbeidet.
- Jobbe fram ein områdeplan for indre hamn, geografisk avgrensa i samsvar med omriss i saksutgreiinga. Dersom ekspressbåtstoppet vert bestemt plassert andre stader enn i indre hamn vil reguleringsplanen verta utvida til også å gjelda det aktuelle området.
- I planarbeidet ha fokus på :
 - naudsynte funksjonar knytt til eit ekspressbåtstopp
 - legge til rette for effektiv kommunikasjon mellom snøggbåtkai og grendene i Solund.
 - bustadfortetting i hamna
 - betre tilkomsten til hamna
 - elles sette av areal til tiltak som skapar trivsel og liv i hamna, helst gjennom heile året.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Bygdevekst - Handlingsplan med budsjett 2025

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 - 2030, Solund kommune

Kva saka gjeld:

I kraft av Bygdevekstprosjektet er det oppretta i første omgang 3 prosjektgrupper som skal jobba med ulike delmål. Prosjektgruppa som jobbar med delmål 1 «Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadfunksjonalitet» ynskjer eit klart mandat for sitt arbeid.

Saksutgreiing:


Prosjektgruppa har eit handlingsprogram for 2025 men ikkje eit tydleg mandat for arbeidet vårt.

Vurdering:

Ein finn det naturleg å forankre mandatet i samfunnsdelen til kommuneplanen. Under punktet "Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Hardbakke" finn ein ei god forankring og eit eigna mandat for vårt arbeid. *"Regulering av området på Hardbakke skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting. Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følgje opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg".*

Planarbeidet har som kjent stoppa opp i fleire år, men eit strategisk grunnkjøp er gjort. Gjestehamna er utvida og fått betre kapasitet. Men ekspressbåtstopp er ikkje valgt. Eit slikt stopp vert premissleverandør for planarbeidet i indre hamn. Det vert to ulike planar med og utan ekspressbåtstopp i indre hamn. Difor må ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet velgast før ein startar planprosessen.

Prosjektgruppa er opptatt av å ha eit realistisk ambisjonsnivå for sitt arbeid og ikkje ta tak i for mange tema. Difor har ein også valgt å avgrensa det geografiske området for planen, men strekke området mot vest til holmen som må skytast vekk dersom ekspressbåten skal inn på indre hamn. Ein ynskjer på ha fokus på indre hamn i planarbeidet og gangsamband og tilkomst til hamna. Vi



Figur 1 Geografisk avgrensning av området som det skal utarbeidast områdeplan for.

Parallellt med at ein ventar på ei utgreiing og konklusjon knytt til ekspressbåtstopp så vil prosjektgruppa jobbe med grunneigarardialog, idemyldring rundt enkle trivselstiltak og andre tiltak/arealavklaringar som kan planleggast uavhengig av ekspressbåtstopp.



Saksframlegg

Arkiv: K2-N31
ArkivsakID: 25/788
JournalpostID: 25/2970
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
065/25	Formannskap	29.09.2025
051/25	Kommunestyre	02.10.2025

Ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet – val av lokasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre bed om at det vert gjort ei utgreiing for å finne best eigna plass for ekspressbåtstopp på Hardbakke. Ein bed om at følgjande områder vert nærare vurdert :

- Indre hamn på Hardbakke
- Valen
- Næringsareal N20 i Steinsund.

Det vert elles synt til saksutgreiinga.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Arbeidet med å flytta ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakke er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel (2019-2030). Det er omtalt både under punkt *4.10 Betre samferdsle og infrastruktur* – «Legge til rette for ekspressbåstogg for hovudbåten på Hardbakke ved å regulere hamn og farlei» og under punkt *2.2 Ny bru, ny skule og aktivt sentrum* er det eit punkt 3 som heiter *Sentrumsutvikling – Områderegulering av sentrum på Hardbakke*. Her er også ekspressbåtstopp på Hardbakke nemnd – «Regulering av området på Hardbakke skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet er i gang og skal mellom anna sikre framtidig hamn for ekspressbåt,.....»

I prosjektet Bygdevekst er delmål 1 at ein skal etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadfunksjonalitet. Det er oppretta ei prosjektgruppe for kvart delmål. Det er viktig å få ei

tidleg avklaring på plassering av ekspressbåtstoppen. Dette vil vere ein premissleverandør for arbeidet med områdeplan for hamnesentrum på Hardbakke.

Saksutgreiing:

Det er tidlegare gjort og tenkt ein del rundt lokaliseringa av ekspressbåtstopp på Hardbakke. I eksisterande kommuneplan sin arealdel er det avsett område for kai på Teigeneset. Dette kom inn i arealplanen som vart vedteken i 2010.

Oktober 2022 inviterte Solund kommune 5 sjømenn, med lang erfaring med å føre snøggbåtar og/eller lokalkunnskap, til ei synfaring for å sei si meining om 4 ulike alternativ for ekspressbåtstopp kring Hardbakke. Steinsund, Valen, indre hamn og Teigeneset. I tillegg gav dei uttale til behovet for mudring og merking i innløpet mellom brua i Steinsund og indre hamn. Det vart gjort vurderingar av kvar lokalitet knytt til vêr/vind, tryggleik generelt, tidsbruk og anløpstilhøve og moglegheit for tilleggsfunksjonar.

I 2023 gjorde Asplan Viak eit moglegheitstudie for ekspressbåtstopp i indre hamn. Det vart utarbeida skisser og eit notat.

Det er dels utført djupnemålingar og det er bestilt fleire djupnemålingar i Indre hamn og Valen.

For at ekspressbåtstoppet skal kunne flyttast frå Krakhella til Hardbakkeområdet så krevst det omfattande mudring i området frå brua i Steinsund og fram til og med Litlesundholmen. Det er Kystverket som er byggherre på slike prosjektet og som prioriterer utifrå sine løyvingar. Solund kommune har gjeve innspel til Kystverket om behovet for å få dette gjort og påpeika samfunnsnytte og politiske vedtak, på fylkesplan og kommunalt, som støttar oppunder prosjektet. Kostnad, prioritet og tidslinje for naudsynt mudring er framleis uklart og dermed også tidslinja for etableringa av ekspressbåtstoppet i Hardbakkeområdet.

Vurdering:

Sjølv om tidslinja for mudring indre Steinsund og dermed ekspressbåt til Hardbakke er uklar er det like fullt viktig å få avklart eit framtidig ekspressbåtstopp før ein startar arbeidet med ein reguleringsplan for hamna på Hardbakke. Dette vil vere ein premissleverandør for kaianlegg, omfang av offentleg kommunikasjon, parkering, terminalbygg, småbåtplassar, gjestehamn osv.

Kommunedirektøren ynskjer å få nærare utgreidd 3 av dei 4 alternativa som vart vurdert oktober 2022. Teigeneset ser ein ikkje grunnlag for å gå vidare med sidan det vert særst dyrt å opparbeide tilkomst, kaianlegg og nødvendige fasilitetar. Det er svært bratt i området og det vil krevje store inngrep i sjø og/ eller på land avhengig av valt løysing..

Følgjande punkt må utgreiast på kvar lokasjon :

- Økonomi
 - Investeringsbehovet. Bruke eksisterande bygningsmasse og infrastruktur.
- Effektivitet
 - Reisetid for innbyggjarane og besøkande sett i lys av kor folk bur mm.
 - Korleis sikre smidige overgangar mellom ulike typar kollektivtransport.
- Tryggleik
 - tilhøva for båt, mannskap og reisande inkludert trafikktryggleik på land.
- Inngrep i natur/landskap.
 - Inngrep i urørt natur.
 - Korleis vert landskapet påverka av naudsynte tiltak
- Miljø og nærmiljø
 - Vannjetmotoren si påverking på botntilhøve og grunn under kaiar.
 - Omfanget av bilbruk.
 - Bumiljø/trivsel med tanke på støy, trafikk, bygging.
 - Leik/bading/padling.
- Tilleggseffektar
 - Styrka eksisterande funksjonar.

I bestillinga til konsulent bed ein om enkle skisser for plassering av snøgggbåtkai og naudsynte funksjonar som kaiplass for lokalbåtar, snuplass for buss, terminalbygg (venterom og toalett) og parkering. Ein ynskjer ei tilråding til val av lokasjon basert på punkta ovanfor (eventuelt mindre korrigeringar). Vidare ynskjer ein at rapport med tilråding og skisser vert presentert av konsulent i ope møte der folk kan koma med tilbakemeldingar.



Saksframlegg

Arkiv: K1-202, K2-Q02
ArkivsakID: 25/789
JournalpostID: 25/2971
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
052/25	Kommunestyre	02.10.2025
059/25	Formannskap	29.09.2025

Veglys Skoterokkvegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Kommunestyret løyver inntil 300.000 til etablering av 5 veglys langs den kommunale Skoterokkvegen. Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsprosjekt 2425 Trafikktryggingstiltak.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Trafikktryggleiksplan for Solund kommune 2025 - 2036

Kva saka gjeld:

Det vert jobba med etablering av veglys langs kommunal veg der det manglar. Vegar der skuleborn ferdast har høgst prioritet jfr trafikktryggleiksplanen.

Det er planlagt etablering av 5 veglys i Skoterokkvegen. Vestland Fylkeskommune avslo kommunen sin søknad om tilskot til prosjektet. Då kommunen sine avsette midlar til trafikktryggingstiltak er tenkt brukt som «matchingsmidlar» vert løyvinga lagt fram for Kommunestyret..

Saksutgreiing:

Det vart i desember 2024 planlagt med 10 veglys langs Skoterokkvegen. Det vart innhenta prisar frå HAFS elektro og entreprenør. Totalsum kr 550.000 + kostnad med eventuell grøfteskyting. Det utgjør nær 50 % av alle midlane Solund kommune har disponibel til trafikktrygging.

Kommunen søkte Vestland Fylkeskommune om 50 % tilskot av kostnadsoverslaget, Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak, men fekk avslag.



Situasjonsplan for 5 nye veglys langs Skoterokkvegen

Vurdering :

Sett i sammenheng med at resten av kommunevegen fram til fylkesvegen dels er lyssett, at det er lite trafikk på vegen og at det bur 2 skuleborn langs vegen fann ein kostnaden for høg. Etter kost/nytte-vurderinga gjekk kommunen i dialog med grunneigarane langs Skoterokkvegen for å finna ei løysing med færre veglys til ein lågare kostand. Under ei felles synfaring vart det semje om 5 veglys og at grunneigarane tar arbeidet med kabelgrøft på dugnad. Solund kommune har innhenta ny pris frå HAFS på veglys inkludert naudsynt materiell og montering, kr 260.000 + mva. Det vert sett av ein buffer på kr 40.000 til eventuelle til grøftesingel og elles uføresette kostnadar. Totalt kr 300.000. Kommunedirektøren tilrår at pengane vert henta frå investeringsprosjektet 2425 Trafikktryggleikstiltak til tross for at det ikkje vart løyvd eksterne midlar til prosjektet.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033, K3-&16
ArkivsakID: 24/412
JournalpostID: 25/2966
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
060/25	Formannskap	29.09.2025
053/25	Kommunestyre	02.10.2025

Fritak politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gjev representanten Signe Borøy fritak frå politiske verv i Solund kommune for perioden 1. juli 2025 - 30. november 2025.

Vedlegg i saka:

18.09.2025 Søknad om fritak frå politiske verv

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 7-9

Kva saka gjeld:

Fritak frå politiske verv

Saksutgreiing:

Representanten Signe Bjørøy søkte 2. september 2025 om fritak frå politiske verv fram til desember 2025 grunna permisjon med spedbarn.

Kommunelova § 7-9, 2. ledd opnar for at en folkevald kan få fritak frå vervet sitt viss den ikkje kan "ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne". Vidare skal

det leggest vekt på om "grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt". At grunnlaget ikkje skal være kjent på tidspunktet for samtykke er derimot ikkje noko absolutt vilkår. Forarbeida utdjupar lovteksten noko "Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe. Dette innebærer at det ikke skal være kurant å få fritak. Det må foreligge forhold som gjør at søkeren påføres en ikke vesentlig ulempe dersom fritak ikke innvilges."

Vurdering:

Slik Kommunedirektøren vurderer saka oppfyller representanten Signe Bjørøy krava i kommunelova. Det gjeld eit familehøve som ikkje var kjent når representanten takka ja til å stå på val. At foreldrerolla for eit spedbarn kan være krevjande å kombinere med andre oppgåver ser ein mellom anna i arbeidsmiljølova der arbeidstakarar har ein lovfesta rett til foreldrepermisjon. Kommunedirektøren tilrår difor at permisjonsøknaden vert innvilga.

Representanten hadde også permisjon frå politiske verv i perioden 1. juli 2024 - 1. juli 2025. Kommunedirektøren tilrår å tilbakedatere permisjonen til den førre slutta. Representanten har ikkje delteke i politiske møter etter 1. juli 2025, og ein tilbakedatering vil gje representanten som beheld opprykket til formannskapet rett på fast godtgjersle i heile perioden.

Emne: Permisjon

Til: Amund Fuglebakk Aglen <Amund.Fuglebakk.Aglen@solund.kommune.no>

Sendt: 02.09.2025 10:39:51

Fra: Signe bjrøøy <signebjoroy@live.no>

Hei! Eg ønske å søkje permisjon fram til desember 2025. Dette på grunn av at eg framleis er i permisjon med spedbarn og det blir vanskeleg å kombinere med møteverksemd.

Beste helsing Signe Bjrøøy



Saksframlegg

Arkiv: K1-033, K3-&15
ArkivsakID: 23/513
JournalpostID: 25/2973
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 19.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
064/25	Formannskap	29.09.2025
054/25	Kommunestyre	02.10.2025

Suppleringsval til kontrollutvalet 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel xxx som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 23-1

Kommunelova kap. 7

Kva saka gjeld:

Suppleringsval til kontrollutvalet

Saksutgreiing:

I sak 037/23 fatta solund kommunestyre fylgjande vedtak:

"Solund kommunestyre vel følgjande medleamar og varamedleamar til kontrollutvalet for perioden 2023 - 2027:

Representantar		Vararepresentantar	Parti
1. Bjarne Leiv Ravnøy 2. Anita Lien Einen	H	1. Even Bjørøy 2. Hanne Mjåtveit	H

1. Ingvill Storøy	SV	1. Sølvi Songstad Waage	SV
2. Manuela Gjåta	SP	1. Per Daniel Losnegård	SP
3. Hans Gåsvær	AP	1. Svein Tore Eide	AP

"

Representanten Even Bjørøy har meldt flytting frå kommunen og er difor ikkje lenger valbar til kontrollutvalet. Han må difor tre ut av vervet, jf. kommunelova § 7-9, 1. ledd.

Det følgjer av kommunelova § 7-10, 3. ledd at:

"Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité, fylkestingskomité eller direkte valgt kommunedelsutvalg trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn."

og vidare i 6. ledd:

"Ved nyvalg etter tredje ledd og suppleringsvalg etter femte ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen skal deretter informere kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som skal velge den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter tredje ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen."

Kommunelova § 23-1 regulerer også valbarheit til kontrollutvalet. Av den bestemmelsen fremgår det at fylgjande er utelukka frå val:

- ordførar, varaordførar
- medlemar og varamedlemar av formannskapet
- tilsette i Solund kommune
- personar i leiande stillingar, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteressar i

personar i leiande stillingar, eller som er medlem eller varamedlem av styret, i eit interkommunalt politisk råd eller kommunalt oppgåvefelleskap.

Vurdering:

Det skal veljast ny 1. vara for Høgre til kontrollutvalet. Vedkommande bør av omsyn til kjønnsbalanse være mann. Det er Høgre-gruppa som skal velje kandidat, og berre viss kommunestyret meiner dei lovbestemta vikåra ikkje er oppfylt har det høve til å avvise kandidaten.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033, K3-&70, K3-&75
ArkivsakID: 23/503
JournalpostID: 25/2968
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 18.09.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
061/25	Formannskap	29.09.2025
055/25	Kommunestyre	02.10.2025

Suppleringsval til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel xxx som 2. vara til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Solund kommunestyre vel xxx som vara for representanten Anne Marie Gåsvær til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova

Forskrift om medvirkningsordninger

K-sak 068/23 Fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Kva saka gjeld:

Suppleringsval til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Saksutgreiing:

Solund kommunestyre fatta fylgjande vedtak i K-sak 068/23:

"Solund kommunestyre vel følgjande til representantar og vararepresentantar Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2023-2027:

1. Hilmar Blomkvist
2. Sølvi Songstad Waage
3. Sigurd Johan Eide
4. Synnøve Solhaugen Engen
5. Anne Marie Gåsvær

Vara:

1. Anna Krakhellen
2. Arne Osland"

Arne Osland gjekk nyleg bort og det bør difor veljast nytt varmedlem til fellesrådet.

Representanten Anne Marie Gåsvær er medlem både i kommunestyret og fellesrådet og har vore "politikken" sin representant i fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, men har hatt samme vara som dei "ordinære" medlemmane. Rådet har difor etterspurt moglegheitene for at "politikken" sin representant har eigen varaliste bestående av andre politikarar. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er stengsler for ein slik ordning i kommunelova eller forskrift om medvirkningsordningar. Det fylgjer mellom anna av kommuneloven § 7-7 at ein ved avtaleval kan avtale "varamedlemmer for hvert parti eller hver gruppe". Om ein definerer den politiske representanten som ein gruppe og dei andre medlemmane som ei anna gruppe, bør dei då også kunne ha kvar sin varaliste.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at det vert gjort suppleringsval av varamedlemmer til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne og at kommunestyret tek innspelet frå fellesrådet om egne vara for representanten frå kommunestyret.